



ULSTEIN KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2013

RÅDMANNEN SI DRIFTSMELDING



Foto: Per Eide



ULSTEIN ER I VEKST, MED NYE UTFORDRINGAR OG POSITIVE ENDRINGAR FOR
INNBYGGARAR OG REGIONALT NÆRINGS LIV. ULSTEINSAMFUNNET SI FORANKRING
LIGG I VÅR KULTURELLE TRADISJON OG IDENTITET, TUFTA PÅ KJERNEVERDIANE
MANGFALD, RAUSHEIT, OMSORG OG NYSKAPING.



ULSTEIN - *der baug bryt bære*



ULSTEIN KOMMUNE

VERDIGRUNNLAG

Nyskaping
Omsorg
Rausheit
Mangfald



STYRINGSMÅL

Nøgde brukarar
Motiverte og kvalifiserte
medarbeidarar
Godt omdøme
God ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar
og motiverer innbyggjarar,
organisasjonar og næringsliv som
viser visjonar, vilje og pågangsmot
til beste for eiga utvikling,
medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

Arbeider etter verdigrunnlaget
Set brukaren i fokus
Representerer jobben og
kommunen og gjer jobben sin på
ein profesjonell måte
Følger lojalt opp vedtak og
styringssignal



VÅRE LEIARAR

Er utviklingsorienterte
Kommuniserer godt
Har endringsvilje
Er lojale
Har evne og vilje til leiing

Foto: Per Eide



Ulstein - ein god stad for
menneske i alle livsfaser

Innleiing	4
Ordførar	6
Overordna del økonomi og organisasjon	7
Økonomi	9
Investeringsrekneskapan	12
Balansen	14
Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	16
Folkevalde med politisk sekretariat	28
Sentraladministrasjon	30
Økonomi og organisasjon	32
IT-avdelinga	34
Kommunikasjonsavdelinga	36
Helse og omsorg	38
Omsorg – Sone 1	42
Omsorg – Sone 2	44
Omsorg – Sone 3	46
Omsorg – Sone 4	48
Legetenesta	50
Helsestasjonstenesta	52
Barnevern	54
NAV Ulstein	56
Oppvekst og kultur	58
Oppvekst	62
Kultur og idrett	64
Haddal skule	66
Hasund skule	68
Ulstein skule	70
Ulsteinvik barneskule	72
Ulstein ungdomsskule	74
PPT	76
Ulstein kompetansesenter	78
Sundgotmarka barnehage	80
Kulturskulen	82
Flyktning og innvandrar	84
Ulstein bibliotek	86
Sjøborg kino	88
Teknisk etat	90
Brann og feiing	94
Anlegg og drift	96
Plan- og bygningsavdelinga	98
Vatn og avløp	100
Veg og hamn	102

Innleiing

Det er eit privilegium å bu og arbeide i ein kommune der piler peikar oppover og der initiativ, arbeidslyst og trivsel pregar lokalsamfunnet. Vi kan notere oss nok eit godt år for Ulstein kommune, både som lokalsamfunn og som organisasjon.

Folketalet viser stabil vekst, arbeidsplassdekninga er stadig nærare 130%, arbeidsløysa er framleis lav, renta likeså. Så sjølv om det meste av verdiskapinga i vårt område er særleg utsett for konjunktursvikt, er det ikkje grunn til å engste seg på kort sikt.

REGIONALE TREKK

Sett i ein regional kontekst er det likevel ikkje bra at Ulstein kommune i 2013 åleine har vakse meir enn resten av søre Sunnmøre til saman. Vekstkraft er ein styrke først når heile regionar veks, og når kunnskap blir mobil, gir det folk fleire mulegheiter, og redusert lojalitet. Foketalet på søre Sunnmøre held seg altså stabilt, men er klart svakare enn Ålesundsregionen, som igjen er klart svakare enn storbyregionane. Potensialet i vekstkraft på Sunnmøre, som er veldig sterkt på grunn av den maritime kompetansesklynga, vert halden tilbake av små kommunar, svake byar, små høgskulemiljø, mange ferjer og solid kvinneunderskot. Arbeidsmarknadene må utvidast ved å satse på infrastruktur, for det er verdiskaping i næringslivet som er utgangspunktet for vekst både i privat konsum, handel, offentlege tenester, bustadar og kulturtilbod.

ATTRAKTIVITET

Attraktivitet og vekstkraft heng saman, og begge deler er eit regionalt anliggende. Men Ulstein har iallfall gjort sitt i eigen kommune, ved å satse målretta på konsentrasjon i sentrum, skape trivelege byrom, og ha tilstrekkeleg med bustad- og næringsareal tilgjengeleg. Vi strekker oss for å levere gode nok tenester til dei som bur her, og jobbar målretta med å ta betre imot dei mange som kjem frå andre land for å arbeide og bu. Dermed hjelper vi næringslivet til å kunne fokusere på det dei er gode på; høg innovasjonsevne i tøffe marknader.


RESULTATFOKUS

Kommunen har i 2013 gått systematisk igjennom sin forvaltningspraksis med sikte på å gje tydelegare retning på utviklingsarbeidet, mellom anna gjennom ei tettare samordning mellom overordna planverk og vårt styringsdokument for drifta, økonomiplanen. Tettare innbyggjardialog er eit uttalt mål, og ei stor innbyggjarundersøking vart gjennomført for første gong i 2013. Resultata er oppløftande, og vi ser



mellom anna at innbyggjarane som brukar kommunale tenester er klart meir nøgde med kommunen sine tenester enn dei som har respondert på inntrykket av kommunen. Vi noterer oss elles eit sterkt årsresultat, som skuldast både god økonomistyring, men også betre rammevilkår enn budsjettert. Våre tilsette har løfta i flokk, funne løysingar, hjulpet kvarandre og halde fokus på brukarane sine behov med basis i rammene vi har. Det har dei alle gjort godt, også i 2013!

FOLKETAL OG FRAMSKRIVING MED OG UTAN NETTOINNVANDRING (2000 - 2023)



INNBYGGJARAR SOM HAR BRUKT TENESTA	1+2	5+6	GJENNOMSNITT TILFREDSHEIT	INDEKS	GJENNOMSNITT NORGE
Hvis ja, kor fornøgd var du med servicetorget?	3,6 %	68,2 %	4,8	76	4,7
Hvis ja, kor fornøgd var du med dei internettbaserte tenestene?	6,3 %	35,0 %	4,1	61	4,1
Hvis ja, kor fornøgd var du med barnehagetenesta?	4,0 %	64,3 %	4,8	77	4,9
Hvis ja, kor fornøgd var du med grunnskulen?	4,3 %	53,4 %	4,5	70	4,5
Hvis ja, kor fornøgd var du med fritidstilbodet til ungdom?	6,7 %	52,8 %	4,5	70	4,4
Hvis ja, kor fornøgd var du med heimehjelpstenesta?	7,0 %	54,1 %	4,4	69	4,5
Hvis ja, kor fornøgd var du med heimesjukepleietenesta?	9,1 %	58,5 %	4,6	71	4,6
Hvis ja, kor fornøgd var du med den heildøgns omsorgstenesta/ sjukeheimstenesta?	8,1 %	51,6 %	4,4	68	4,3
Hvis ja, kor fornøgd var du med fastlegetenesta?	4,4 %	71,3 %	4,9	79	4,4
Hvis ja, kor fornøgd var du med legevakttenesta?	9,9 %	62,1 %	4,6	71	4,4
Hvis ja, kor fornøgd var du med bibliotek/bokbussen?	3,0 %	69,0 %	4,9	77	5,1
Alt i alt, kor fornøgd er du med tenestetilbodet i kommunen?	3,6 %	43,1 %	4,4	68	4,3
			4,6		4,4

INNBYGGJARAR SOM IKKJE HAR BRUKT TENESTA	1+2	5+6	GJENNOMSNITT TILFREDSHEIT	INDEKS	GJENNOMSNITT NORGE
Servicetorget	0,8 %	22,7 %	4,5	69	4,2
Dei internettbaserte tenestene	3,2 %	11,7 %	4,0	60	3,9
Barnehagetenesta	0,4 %	25,5 %	4,6	71	4,5
Grunnskulen	2,8 %	24,7 %	4,3	66	4,4
Fritidstilbodet til ungdom	6,9 %	16,6 %	3,9	58	3,7
Heimehjelpstenesta	2,4 %	12,8 %	4,1	62	4,0
Heimesjukepleietenesta	1,6 %	16,4 %	4,2	64	4,2
Heildøgns omsorgsteneste/sjukeheimstenesta	3,6 %	17,5 %	4,1	62	4,0
Fastlegetenesta	4,1 %	31,5 %	4,4	67	3,9
Legevakttenesta	2,6 %	31,2 %	4,5	69	4,2
Bibliotek/bokbussen	1,8 %	17,5 %	4,3	67	4,3
			4,3		4,1

Helsing frå ordføraren

Ulstein kommune – ein kommune med gode prognosar for framtida.

Året 2013 vil verte hugsa som det året der Ulstein kommune vidareførte ein ekspansiv politikk basert på framtids-tru og optimisme. Mange av dei større prosjekta som vart starta opp i 2012 vil verte avslutta i 2013, og vil gjere Ulsteinsamfunnet enda meir attraktivt både for eigne innbyggjarar, tilflyttarar og for næringslivet vårt. Kommunen sine satsingsområde er mellom anna forankra i ei vurdering av eit optimistisk næringsliv som sjølv har evne og vilje til å møte framtidige utfordringar, og som ønskjer å vidareutvikle sine verksemdar her i Ulstein.

Befolkningsutviklinga i kommunen heldt fram med meir enn 2% vekst i 2013. Kommunen passerte 8000 innbyggjarar i juni i fjor, og mange av våre nye innbyggjarar kjem flyttande frå utlandet, mange frå aust-Europa. Ei så vidt stor tilflytting frå framande land, med ulike språk og kulturar, er sjølv sagt ei utfordring både for næringslivsverksemdene sjølve, og for lokalsamfunn/vertskommune. Likevel må vi vere klar over at veksten både i næringsliv og lokalsamfunn heng nøye i hóp med tilflyttinga utanfrå. Difor er det viktig for alle partar at desse tilflyttarane vert tekne godt imot og ivaretekne, slik at dei faktisk vel å slå seg ned her i vårt lokalsamfunn saman med sine familiar. Dette er årsaka til at Ulstein kommune valde å gå saman med Herøy kommune og næringslivet i dei to kommunane i det såkalla «Bulyst-prosjektet», der felles utfordringar knytt til språk, kultur, bustad, fritid og offentlege tenestefunksjonar er sett på dagsorden.

Gjennom dette arbeidet, og med ei systematisk tilnærming til desse utfordringane, bør det vere muleg å gjere lokalsamfunna enda meir attraktive også for våre nye innbyggjarar.

Gjennom stortingsvalet i 2013 fekk landet ei ny borgarleg regjering med ei felles regjeringsplattform, også støtta av Krf og Venstre. Regjeringsplattforma gir grunnlag for optimisme for ein kommune som Ulstein, med sterk vekst og eit tungt næringsliv. Mellom anna vert det sagt at deler av selskapsskatten skal tilbakeførast til kommunar med eit sterkt næringsliv, samstundes som vekst-kommunar skal få behalde ein større del av eigne skatteinntekter. Dessutan har den nye regjeringa meir enn antyda at formueskatten gradvis skal fjernast. For Ulstein kommune, som har gjort store og nødvendige investeringar gjennom mange år, bør dette vere godt nytt. Eg føreset då at den same regjeringa ikkje set i verk andre tiltak som kan svekke grunnlaget i desse nye overføringane.

Føresetnaden for den sterke utviklinga vi har hatt her i Ulstein dei siste ti-åra er det gode samarbeidet som har utvikla seg mellom kommune og næringsliv gjennom mange år. I 2012 hadde kommunen si leiing systematiske møte med næringslivet i Ulstein, og det har vi tenkt å halde fram med også i 2014. I desse møta er det naturleg at partane utfordrar kvarandre på «kva som er det viktigaste» framover. Eg opplever det slik at kommunen sine representantar vert svært godt mottekne i møte med næringslivet, og at næringslivet set pris



på og faktisk også har god nytte av møta med kommunen. Dette skaper grunnlag for eit nært og godt tillitsforhold mellom partane, og gir vesentleg større grad av forutsigbarheit.

Nok ein gong vil eg nytte høvet til å takke rådmannen og hans stab for god innsats og godt arbeid for Ulstein kommune. Ei stor takk også til alle dei andre tilsette i kommunen, som gjennom sitt utryyttelege arbeid dagleg gir våre innbyggjarar tenester av god kvalitet, enten det gjeld barn og unge i skule og barnehage, pleigetrengande i omsorgssektoren, innbyggjarar som treng tekniske tenester, eller andre som treng hjelp eller støtte frå kommunen.

Jan Berset
Ordfører

OVERORDNA DEL ØKONOMI OG ORGANISASJON

Organisasjon

Ulstein kommune har i 2013 hatt 623 fast tilsette, fordelt på 442 heimlar. Fordeling av heimlar på dei ulike etatane

kjem fram i årsrapporten under kvar enkelt etat. 82 % av våre tilsette er kvinner, 18 % er menn.

Dei tilsette fordeler seg slik i alder og kjønn:

	UNDER 20 ÅR	20-29 ÅR	30-39 ÅR	40-49 ÅR	50-59 ÅR	60-69 ÅR	Over 70 ÅR	ANTAL TILSETTE
Kvinne	7	66	92	132	135	78	1	511
Mann	1	6	25	24	31	23	2	112
Totalt	8	72	117	156	166	101	3	623
Aldersfordeling i prosent	1,3 %	11,6 %	18,8 %	25,0 %	26,6 %	16,2 %	0,5 %	

Både sentralt og lokalt er det eit sterkt ynskje å redusere talet på deltidsstillingar. Både for å sikre kvalitet på tenestene, kompetanse i organisasjonen og for å

sikre at både kvinner og menn unngår ufrivillig deltid, har vi eit konstant fokus på dette. Tabellen under viser prosentvis fordeling på kvinner og menn som

arbeider under 50 %, mellom 50 – 80 % og 80 % eller meir. Tal i parentes er tal frå 2012:

	Under 50%	50-80%	Over 80%
Kvinner	17 % (16 %)	38 % (38 %)	45 % (46 %)
Menn	29 % (23 %)	13 % (17 %)	59 % (60 %)

Netto lønnskostnader for 2013 er om lag 290 mill kr (50 % av driftsutgiftene).

SJUKEFRÅVÆR


Gjennom IA-avtalen har Ulstein kommune eit mål om å halde sjukefråværet på under 7 %, eller eit arbeidsnærvær på 93 %. I 2013 var det

totale sjukefråværet i Ulstein kommune 8,48%. Dette er ei svak auke i høve til 2012. Det har vore jobba godt og målretta med å redusere sjukefråværet, med særskilt fokus på omsorgsetaten. Her har vi samarbeidd med Nav og bedriftshel-

setenesta med konkrete prosjekt. Dette har gitt resultat, og sjukefråværet i omsorgsetaten har gått ned 1% samanlikna med 2012. I oppvekst og kulturetaten, har sjukefråværet auka med 1,44% i same periode.

UTVIKLING SJUKEFRÅVÆR ULSTEIN KOMMUNE											
2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
8,48 %	8,06 %	8,90 %	8,30 %	7,70 %	7,90 %	7,30 %	6,40 %	7,40 %	8,40 %	9,40 %	8,60 %

SJUKEFRÅVÆR



AVVIK PÅ HMS OG VALD OG TRUSLAR:

I 2013 innførte vi elektronisk avvikrapportering. Dette gjer det enklare å følge opp og få oversikt over omfanget. Det er gjennomført opplæring og informasjon til leiarar og tillitsvalde.

Det er eit leiaransvar å gjennomføre opplæring og informasjon i eiga eining. Oversikt for 2013 er slik:

AVVIK/AVDELING	HMS	VALD OG TRUSLAR
STAB	1	-
HELSE OG OMSORG	33	141 (111 av desse er meldt på papirskjema)
TEKNISK	2	-
OPPVEKST	4	7
UEKF	9	-
Sum	49	148

BEDRIFTSHELSETENESTE

I regi av bedriftshelsetenesta er det gjennomført helseundersøking i omsorgsetaten og ved Ulstein ungdomsskule i tillegg til årlege undersøkingar ved teknisk etat og brannvern. Vi har også i år brukt bedriftshelsetenesta aktivt i samband med treningstiltak, ergonomi og til hjelp i personalmøter der tema har vore arbeidsmiljø, samarbeid og arbeidshelse.

VERNEOMBOD

Vi har 17 verneombod. Eitt av desse er i tillegg hovudverneombod. Vi hadde felles samling for alle verneomboda i Ulstein kommune i juni 2013. Tema var mellom anna oppfølging av medarbeidarundersøking, elektronisk avvikrapportering, kvalitetssystem og elles status i einingane.

PENSJON

Tal på tilsette som har teke ut heil- eller delvis pensjon i 2013 er følgjande: (tala frå 2012 i parentes)

TYPE PENSJON	KLP	SPK
Attførings-/uførepensjon	10 (12)	4 (2)
AFP	6 (8)	4 (5)
Alder	1 (5)	2 (2)
Sum	17 (25)	10 (9)

Økonomi

I vurdering av rekneskapsresultat må vi ta omsyn til organisering av eige- domsaktivitetane i eit eige kommunalt føretak. Skal vi samanlikne med andre kommunar må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rap-

portering til Kostra tek vi omsyn til konsernorganiseringa og rapporterer Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF som ei eining. Kostratala er difor mindre påverka av organisasjonsstrukturen. I årsmeldinga for 2013 legg

vi fram tal både for Ulstein kommune og for konsernet Ulstein kommune (kommunen og eigedomsselskapet), sjå eige kapittel. Ulstein Eigedomsselskap KF legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2013					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Oprinneleg budsjett 2013	Regulert budsjett 2013	Avvik 2013	Rekneskap 2012
DRIFTSINNTEKTER					
Brukarbetalingar	-16 592	-17 625	-17 775	-1 183	-15 919
Andre sals- og leigeinntekter	-40 804	-34 505	-38 678	2 126	-34 161
Overføringar med krav til motyting	-83 087	-53 917	-75 946	7 141	-68 661
Rammetilskot	-162 756	-171 245	-171 245	-8 489	-170 365
Andre statlege overføringar	-18 863	-15 349	-18 525	338	-15 364
Andre overføringar	-140	-100	-13	128	-599
Inntekts- og formuesskatt	-228 041	-210 593	-210 593	17 448	-197 465
Eigedomsskatt verk og bruk				0	0
Eigedomsskatt annan fast eigedom				0	0
Andre direkte og indirekte skattar	-27	-27	-27	0	-27
Sum driftsinntekter	-550 311	-503 361	-532 802	17 509	-502 562
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter	250 426	236 241	252 128	1 701	234 574
Sosiale utgifter	65 281	70 624	71 608	6 327	60 695
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	56 142	49 926	53 571	-2 570	55 988
Kjøp av tenester som erstattar kommunen sin tenesteproduksjon	68 522	64 551	67 682	-840	64 785
Overføringar	76 049	67 848	73 593	-2 456	75 418
Avskrivningar	11 670	3 300	11 638	-31	9 147
Fordelte utgifter	-9 250	-11 155	-10 096	-846	-12 218
Sum driftsutgifter	518 840	481 335	520 125	1 285	488 390
Brutto driftsresultat	-31 471	-22 027	-12 678	18 793	-14 172
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-5 710	-3 137	-3 137	2 573	-3 807
Gevinst finansielle instrument	-1 056	-1 500	-1 500	-444	-1 171
Mottekne avdrag på lån	-190	-70	-70	120	-84
Sum eksterne finansinntekter	-6 956	-4 707	-4 707	2 249	-5 062

EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostningar	10 214	10 743	8 624	-1 590	8 486
Avdrag på lån	8 293	7 099	8 399	106	8 615
Utlån	129	170	170	41	169
Sum eksterne finansutgifter	18 636	18 012	17 193	-1 443	17 270
Resultat eksterne finanstransaksjonar	11 681	13 305	12 486	805	12 208
Motpost avskrivningar	-11 670	-2 800	-11 669	0	-9 147
Netto driftsresultat	-31 460	-11 522	-11 861	19 598	-11 111

BRUK AV AVSETNINGAR					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-8 220	-	-8 220	0	0
Bruk av disposisjonsfond				0	-7 995
Bruk av bundne fond	-2 653	-1 990	-3 600	-948	-2 752
Bruk av likviditetsreserven				0	0
Sum bruk av avsetningar	-10 872	-1 990	-11 820	-948	-10 748

AVSETNINGAR					
Overført til investeringsrekneskapet	13 039	9 852	10 052	-2 987	7 212
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk				0	3 863
Avsett til disposisjonsfond	11 943	3 024	11 943	0	0
Avsett til bundne fond	2 761	637	1 686	-1 075	2 565
Avsett til likviditetsreserven					0
Sum avsetningar	27 743	13 512	23 681	-4 062	13 640
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-14 589	0	0	14 588	-8 220

Rekneskapen for 2013 viser eit positivt netto driftsresultat på vel 31,5 mill kr. Eit resultat som er 19,6 mill kr betre enn budsjettert, og som utgjer 5,7 % av driftsinntektene. Novemberskatten for Ulstein kommune var 17 mill kr høgare enn forventa. Etter inntektsutjamning sit kommunen att med vel 9 mill kr meir enn budsjetterte frie inntekter. I andre tertialrapport signaliserte vi at vi truleg hadde budsjettert og belasta etatane

med ein for høg pensjonssats. Dette viste seg å stemme, og tilbakeføringa på pensjon inkludert arbeidsgjevarutgift utgjer 6,2 mill kr. Dette kjem fram i det positive avviket på sosiale utgifter. Som budsjettert er driftsfondet styrka med 11,9 mill kr. I 2013 har vi eit rekneskapsmessig overskot på vel 14,6 mill kr, mot eit budsjett i balanse.

Samla sett har vi fått 17,7 mill kr meir

i inntekter enn budsjettert. 9 mill kr meir i frie inntekter og 7,1 mill kr meir i overføringar frå andre. Mykje av dette er momskompensasjon investering. Meirinntektene er ikkje nytta, men går fram som ein del av overskotet. Differansen frå 17,7 mill til 14,6 mill kjem av at delar (80 %) av momskompensasjon skal overførast til investeringsrekneskapen, sjå negativt avvik i høve budsjett på den posten.

Sjølv om det samla sett ikkje er store avvik på budsjetterte og faktiske driftsutgifter, ser vi at det er store avvik på underpostane. Det positive avviket på sosiale utgifter vert jamna ut som følge av stort negativt avvik på kjøp av varer og tenester og overføringar. Dei største negative avvika er:

KJØP AV VARER OG TENESTER :

- ▶ Sjøborg kino og Sjøborg kulturhus 1 mill kr
- ▶ Skuleskys 0,7 mill kr
- ▶ Vatn og avløp 0,8 mill kr
- ▶ Brukarstyrt personleg assistent 1 mill kr
- ▶ Tilskot private barnehagar 1,4 mill kr



Foto: Per Eide

SAMANSTILLING AV HOVUDTAL OVER TID						
HOVUDTAL, DRIFTSREKNESKAP (TAL I HEILE 1000)	2 013	2 012	2 011	2 010	2 009	2 008
Skatt	-228 041	-197 465	-187 623	-196 857	-193 340	-179 454
Rammetilskot	-162 756	-170 365	-152 329	-73 261	-65 653	-51 807
Andre driftsinntekter	-159 514	-134 732	-122 660	-162 593	-151 178	-164 872
Kalkulatoriske renter og avskrivning	-11 670	-9 147	-7 800	-8 344	-9 352	-8 700
Sum driftsinntekter	-550 311	-511 710	-470 413	-441	-410 171	-404 833
Driftsutgifter	518 840	488 390	465 013	439 048	412 213	379 625
Sum driftsutgifter	518 840	488 390	465 013	439 048	412 213	379 625
Brutto driftsresultat utan avskrivning	-43 141	-23 319	-5 400	439	2 042	-25 208
Netto renteutgifter	3 448	3 508	3 847	1 266	666	2 541
Netto avdrag	8 233	8 699	6 703	7 465	6 948	5 910
Netto driftsresultat	-31 460	-11 112	5 149	9	304	-16 756
Bruk av netto driftsresultat:						
Finansiering av utgifter i kapitalrekneskapet	13 039	7 212	1 581	976	4 416	2 659
Avsetningar	14 704	6 428	1 839	1 973	15 359	27 036
Bruk av avsetningar	-10 872	-10 747	-4 897	-9 482	-20 079	-16 724
Driftsresultat	-14 589	-8 219	3 672	-7	0	-3 785

Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2013 gjennomført investeringsprosjekt for 121,3 mill kr. Budsjettert aktivitet var 177,1 mill kr.

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Oprinneleg budsjett 2013	Regulert budsjett 2013	Avvik 2013	Rekneskap 2012
INNTEKTER					
Salg driftsmidler og fast eiendom	-24 042	-44 800	-83 500	-59 458	-9 162
Andre salgsinntekter				0	0
Overføringer med krav til motyting	-1 538	-	-2 100	-562	-1 895
Statlege overføringer	-1 555	-	-1 555	0	-225
Andre overføringer	-1 708	-	-	1 708	-1 869
Renteinntekter, utbytte og eieruttak					0
Sum inntekter	-28 844	-44 800	-87 155	-58 311	-13 150
UTGIFTER					
Lønnsutgifter					0
Sosiale utgifter					0
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon	104 439	102 651	167 110	62 671	108 012
Kjøp av tenester som erstattar kommunen sin tjensteproduksjon	595	-	-	-595	432
Overføringer	16 294	9 852	10 003	-6 290	11 946
Renteutgifter og omkostningar				0	0
Fordelte utgifter				0	0
Sum utgifter	121 327	112 503	177 113	55 786	120 391
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR					
Avdrag på lån	1 064	-	33 300	32 236	2 866
Utlån	8 360	12 000	21 243	12 883	4 648
Kjøp av aksjar og andelar	2 317	-	1 500	-817	757
Dekning av tidligere års udekkede meirforbruk				0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	19 044	5 648	5 648	-13 396	200
Avsett til bundne fond	3 373	-	-		387
Avsett til likviditetsreserven					0
Sum finansieringstransaksjonar	34 158	17 648	61 691	30 907	8 858
Finansieringsbehov	126 642	85 351	151 650	28 382	116 099

FINNANSIERINGSBEHOV					
Bruk av lån	-104 712	-75 499	-124 028	-19 316	-87 609
Salg av aksjar og andelar				0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk				0	0
Mottakne avdrag på utlån	-4 174	-	-	4 174	-1 134
Overført fra driftsrekneskapet	-13 039	-9 852	-10 215	2 824	-7 212
Bruk av disposisjonsfond	-3 700	-	-4 727		-8 500
Bruk av ubundne investeringsfond	-766	-	-11 104		-9 725
Bruk av bundne fond	-250	-	-1 575		-1 919
Bruk av likviditetsreserven					0
Sum finansiering	-126 641	-85 351	-151 650	-12 318	-116 099
Udekket / Udisponert	0	0	0	0	0



Nokre viktige prosjekt i 2013. Foto: Per Eide

DEI STØRSTE INVESTERINGSPROSJEKTA I 2013 ER:

- ▶ Ny veg Holsekervegen 60,5 mill kr
- ▶ Vatn og avløp 18,5 mill kr
- ▶ Vikemarka 2 10,4 mill kr
- ▶ Arena Ulstein 9,2 mill kr

Balansen

BALANSEREKNESKAP						
Tal i 1000 kroner	2013	2012	2011	2010	2009	2008
EIGENDELAR						
Faste eigedomar og anlegg	382 409 824	298 309 151	194 466 882	174 076 800	305 482 763	274 034 536
Utstyr, maskinar og transportmidlar	19 764 136	20 479 132	22 551 208	16 437 758	16 526 357	10 415 525
Utlån	34 658 888	28 365 990	24 767 123	19 270 437	17 457 812	15 920 721
Aksjar og andelar	52 695 086	50 485 447	49 455 346	43 793 091	43 049 780	42 490 634
Pensjonsmidlar	437 474 470	401 670 782	380 439 294	385 008 012	354 555 790	323 665 795
Sum anleggsmidlar	927 002 403	799 310 501	671 679 853	638 586 098	737 072 502	666 527 211
Kortsiktige fordringar	45 234 853	43 486 027	30 482 792	32 858 130	27 299 097	31 729 638
Premieavvik	28 744 151	27 890 287	16 889 915	16 134 153	14 018 029	13 760 117
Aksjar og andelar	8 924 529	8 825 251	4 176 845	49 359 454	46 679 050	43 067 297
Sertifikat						
Obligasjonar						
Kasse, bankinnskot	99 249 987	22 955 356	94 106 650	43 961 581	65 951 691	114 716 789
Sum omløpsmidlar	182 153 520	103 156 921	145 656 202	142 313 318	153 947 867	203 273 841
Sum eigedelar	1 109 155 923	902 467 422	817 336 055	780 899 416	891 020 369	869 801 052
EIGENKAPITAL OG GJELD						
Disposisjonsfond	-12 882 317	-4 639 121	-21 134 692	-24 922 259	-32 917 183	-30 655 013
Bundne driftsfond	-5 077 358	-5 218 886	-5 406 229	-8 451 196	-8 681 063	-12 756 786
Ubundne investeringsfond	-18 777 848	-500 000	-10 025 361	-13 466 349	-16 209 746	-5 100 833
Bundne investeringsfond	-3 821 652	-448 466	-1 979 713	-1 561 796	-61 181	-203 877
Endring i rekneskapsprinsipp investering						
Endring i rekneskapsprinsipp drift	4 294 407		4 294 407	4 294 407		
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-14 588 467	-8 219 652	3 862 739			
Rekneskapsmessig meirforbruk				190 433		-3 785 350
Udisponert i investeringsrekneskapet						
Udekkja investering						4 406 040
Likviditetsreserve		4 294 407			4 294 407	-346 653
Kapitalkonto	13 837 569	-7 614 075	10 636 262	-55 376 622	-59 087 776	-59 061 640
Sum eigenkapital	-37 015 666	-22 345 794	-19 752 587	-99 293 382	-112 662 542	-107 504 112
Pensjonsforpliktelsar mv.	-587 221 404	-534 312 777	-501 060 834	-429 635 120	-397 972 035	-363 804 930
Ihendehavarobligasjonslån						
Sertifikatlån	-101 800 000	-30 000 000	-125 387 600	-65 670 000	-29 900 000	-29 900 000
Andre lån	-293 750 781	-236 628 194	-108 069 296	-137 929 879	-291 049 323	-299 922 570
Sum langsiktig gjeld	-982 772 185	-800 940 971	-734 517 730	-633 234 999	-718 921 358	-693 627 500

BALANSEREKNESKAP						
Tal i 1000 kroner	2013	2012	2011	2010	2009	2008
EIGENKAPITAL OG GJELD						
Kassekredittlån						
Anna kortsiktig gjeld	-85 363 263	-76 020 589	-63 065 738	-48 371 035	-59 436 469	-68 669 440
Premieavvik	-4 004 810	-3 160 069				
Sum kortsiktig gjeld	-89 368 073	-79 180 658	-63 065 738	-48 371 035	-59 436 469	-68 669 440
Sum gjeld	-1 072 140 258	-880 121 628	-797 583 468	-681 606 034	-778 357 827	-762 296 940
Sum egenkapital og gjeld	-1 109 155 923	-902 467 422	-817 336 055	-780 899 416	-891 020 369	-869 801 052
Balansen sin nettosum	0	0	0	0	0	0

MEMORIAKONTI						
Unyttå lånemidlar	41 931 164	9 243 496	52 200 566	50 024 476	40 935 584	86 160 886
Andre memoriakonti	16 988 809	31 478 034	841 318	586 053	1 355 238	5 302 654
Motkonto for memoriakontiane	-58 919 973	-40 721 530	-53 041 884	-50 610 529	-42 290 822	-91 463 540
Sum memoriakonti	0	0	0	0	0	0

FOND

Ved inngangen til 2013 hadde Ulstein kommune vel 39 mill kr i drifts- og kapitalfond. Som det går fram av balansen ser vi at investeringsfondet i 2013 utgjør 18,8 mill kr mot 0,5 mill kr i 2012.

Mykje av dette er tomtesalsinntekter som skal tilbakebetalast som følge av likviditetslånet frå juni 2012.

Driftsfondet pr. 31.12 er 12,9 mill kr.

Fond knytt til Vatn og Avløp har dei siste åra hatt ein negativ saldo, noko som har medført ei auke i brukarbetalinga. Status pr 31.12. er som følger:

	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
Vatn	958 978	-174 396	117 158
Avløp	-2 591 549	-996 483	-287 427

Som vi ser har vatn no 1 mill kr ståande på fond, medan vi på avløp har eit negativt beløp på 2,6 mill kr.

PENSJONSMIDLAR

Framtidige pensjonsforpliktingar er på 587 mill kr, 53 mill kr meir enn i 2012. Grunnlagsrenta, lønnsoppgjør og faktisk avkastning til pensjonsleverandør er faktorar som spelar inn her. Grunnlagsrenta vert fastsett ut frå vurderingar av den sannsynlege, framtidige renteavkastninga av selskapet

sine fond. Finanstilsynet justerte renta ned frå 3 % til 2,5 % frå 2012 til 2013. Renta er frå 2014 justert ned ytterlegare til 2 %. Dette vil medføre ei premieøkning på 11 – 12 %.

Premieavviket er på 28,7 mill kr. Avviket er innbetalt til KLP, men ikkje belasta

rekneskapen ut frå gjeldande reglar. Frå og med 2011 er avskrivingsstida for premieavvik endra frå 15 til 10 år. Dette betyr at beløpet som kvart år vert kostnadsført i rekneskapen vert større.

Ulstein kommune og UEKF – konserntal

KOSTRATAL

Kostratala er henta ut frå SSB basert på rekneskap innsendt 15. februar. I ettertid er rekneskap revidert og tal kan


ha endra seg. Nye Kostratal er tilgjengeleg på SSB 15. juni. Små endringar kan difor kome i tala i juni. Kostratala er

konserntal, og viser eit samla kostnadsbilette frå Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF sine rekneskap.


NØKKELTAL ULSTEIN KOMMUNE OG UEKF						
	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	5,2	6,4	2,7	0,6	1,1	4,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	5,2	2,1	-0,6	-1,4	0,4	1,7
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter, konsern	2,1	6,4	5,9	6,6	4,6	6,1
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	2,4	2,1	5	6,1	8,3	8
Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar, konsern (inkl. UEKF)	64 194	64 940	61 915	58 452	56 949	55 944
Frie inntekter i kroner per innbyggjar, konsern	48 294	46 402	43 428	34 849	34 713	32 794

PROSENTVIS FORDELING AV NETTO DRIFTSUTGIFTER

2007 2008 2009 2010 2011
2012 2013



ANDEL ÅRSVERK I ULSTEIN KOMMUNE, FORDELT PER TENESTE



ANDEL ÅRSVERK I ULSTEIN KOMMUNE, FORDELT PR. TENESTE

	ULSTEIN	GJ.SNITT KGR. 11	HARAM	HAREID	HERØY	VOLDA
Komm.adm.	17 %	14 %	12 %	20 %	16 %	15 %
Barnehage	6 %	9 %	10 %	13 %	5 %	10 %
Grunnskule	36 %	24 %	26 %	28 %	25 %	26 %
Helse- og sosial	35 %	47 %	49 %	35 %	47 %	45 %
Teknisk	5 %	4 %	2 %	2 %	4 %	3 %
Kultur	3 %	2 %	2 %	2 %	3 %	2 %

Frå og med 2011 vart tilskotet til private barnehagar innlemma i rammetilskotet. Som følge av dette har vi stor vekst i netto driftsutgifter til barnehagar frå

og med dette året. I og med at barnehagar då får ein større andel av samla netto driftsutgifter, inneber det at den prosentvise andelen på dei andre Ko-

strafunksjonane vert redusert samtidig. Reelle samanlikningstal er dermed frå 2007 -2010, og frå 2011 -2013.

NETTO DRIFTSUTGIFTER PR. BRUKAR INNAN ULIKE TENESTEOMRÅDE, 2013

	ULSTEIN 2013	ULSTEIN 2012	GJ. SNITT M&R	HARAM	HAREID	HERØY	VOLDA
Adm. og styring	3 591	3 358	4 252	3 695	5 072	4 294	4177
Barnehage	120 224	123 705	119 604	109 998	102 621	121 304	120 338
Grunnskule	103 072	93 552	100 856	93 571	102 667	93 930	107 912
Barnevern	8 409	6 392	6 493	6 410	10 127	5 713	6 178
Sosialtenesta	1 867	1 835	2 287	1 464	1 481	2 389	1 429
Pleie og omsorg	94 497	97 271	113 460	98 724	94 431	92 199	109 497
Brann	677	641	821	486	691	895	777
Fysisk planlegging	267	283	513	259	581	619	478
Samferdsel	1 069	1020	950	1 032	693	1 262	1 016
Kyrkje	618	619	625	603	638	650	574
Kultur	1 565	1 158	1 677	1 644	1 377	1 940	1 293
Kommunehelse	1 666	1 641	2 201	2 778	1 628	2 600	1 967

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2013, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Oprinneleg budsjett 2013	Regulert budsjett 2013	Avvik 2013	Rekneskap 2012
DRIFTSINNTEKTER					
Brukarbetalingar	-16 592	-17 625	-17 775	-1 183	-17 634
Andre sals- og leigeinntekter	-47 618	-41 228	-45 501	2 117	-34 161
Overføringar med krav til motyting	-140 767	-98 490	-133 478	7 289	-117 969
Rammetilskot	-162 756	-171 245	-171 245	-8 489	-170 365
Andre statlege overføringar	-18 863	-15 349	-18 525	338	-15 364
Andre overføringar	-140	-100	-13	128	-599
Inntekts- og formuesskatt	-228 041	-210 593	-210 593	17 448	-197 465
Eigendomsskatt verk og bruk					
Eigendomsskatt annan fast eigendom					
Andre direkte og indirekte skattar	-27	-27	-27	-	-27
Sum driftsinntekter	-614 804	-554 657	-597 157	17 647	-553 585
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter	261 827	247 146	263 435	1 608	248 239
Sosiale utgifter	68 465	74 483	75 467	7 002	60 695
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	66 611	58 088	63 368	-3 243	65 154
Kjøp av tenester som erstattar kommunen sin tenesteproduksjon	68 862	64 974	68 105	-757	64 785
Overføringar	77 583	69 271	75 016	-2 567	82 259
Avskrivningar	24 389	3 300	24 374	-15	21 722
Fordelte utgifter	-9 611	-11 155	-10 556	-945	-12 218
Sum driftsutgifter	558 126	506 107	559 210	1 084	530 637
Brutto driftsresultat	-56 678	-48 551	-37 948	18 730	-22 948
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-12 448	-4 137	-9 837	2 611	-9 093
Gevinst finansielle instrument	-1 056	-1 500	-1 500	-444	-1 171
Mottekne avdrag på lån	-190	-70	-70	120	-84
Sum eksterne finansinntekter	-13 694	-5 707	-11 407	2 287	-10 348
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostningar	28 271	25 233	27 773	-498	25 467
Avdrag på lån	19 047	17 099	18 920	-127	8 615
Utlån	129	170	170	41	169
Sum eksterne finansutgifter	47 447	42 502	46 863	-584	34 251
Resultat eksterne finanstransaksjonar	33 753	36 795	35 456	1 703	23 902
Motpost avskrivningar	-24 389	-2 800	-24 405	16	-9 147
Netto driftsresultat	-47 314	-14 556	-26 897	20 450	-8 193

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2013, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSLESKAP KF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Oprinneleg budsjett 2013	Regulert budsjett 2013	Avvik 2013	Rekneskap 2012
BRUK AV AVSETNINGAR					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-8 220	-	-8 220		
Bruk av disposisjonsfond	-253		-253		-7 995
Bruk av bundne fond	-2 653	-1 990	-3 600	-947	-2 752
Bruk av likviditetsreserven					
Sum bruk av avsetningar	-11 126	-1 990	-12 073	-947	-10 748

AVSETNINGAR					
Overført til investeringsrekneskapet	25 288	9 852	22 309	-2 979	7 212
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	2 920		2 920	0	3 863
Avsett til disposisjonsfond	11 943	6 056	11 943	0	0
Avsett til bundne fond	2 761	637	1 686	-1 075	2 565
Avsett til likviditetsreserven					0
Sum avsetningar	42 912	16 544	38 858	-4 054	13 640
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-15 526	0	0	15 526	-5 301

Ulstein eigedomsselskap KF har også overskot i 2013. Dette gjer at samla overskot for konsernet Ulstein kommune vert 15,5 mill kr. Av tabellen ser

vi også at eigedomsselskapet i 2013 har betalt ned underskotet for 2012 på 2,9 mill kr. Netto driftsresultat er 47,3 mill kr, 8,5 % av samla driftsutgifter.

NØKKELTAL KONSERN: (TAL I 1000 KRONER)	2013	2012
Skatt	-228 041	-197 465
Driftsutgifter	558 126	530 638
Driftsinntekter utan skatt og rammetilskot	-224 007	-185 754
Brutto driftsresultat	-56 678	-22 366
Netto driftsresultat	-47 314	-7 630
Renter og avdrag	47 447	39 188
Investeringar	226 429	145 873
Lån	1 072 880	812 729
Låneopptak	193 204	87 609
Kasse,postgiro, bank	261 127	135 579
Kortsiktig gjeld	-97 504	-89 032
Langsiktig gjeld	-1 072 880	-812 729
Innbyggjarar	8 017	7 881
Egenkapital	-120 648	-92 657
Anleggsmidlar	1 299 852	915 275

NØKKELTAL KONSERN:	2013	2012
Skattedekningsgrad	40,86 %	37,21 %
Etatsinntektene si dekningsgrad	40,14 %	35,01 %
Brutto resultatgrad	9,22 %	4,04 %
Netto resultatgrad	7,70 %	1,38 %
Rente og avdragsbelastning	83,71 %	175,21 %
Lånefinansieringsgrad	85,33 %	60,06 %
Likviditetsgrad 1	2,68	1,52
Gjeldsgrad	9,70	9,73
Langsiktig gjeldsandel	82,5 %	88,8 %
Lånegjeld pr. innbyggjar	kr 134 000	kr 103 000

Skattedekningsgrad viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av skatteinntekter.

Etatsinntektene si dekningsgrad viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.

Brutto resultatgrad viser kor mykje brutto resultat utgjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat)

Netto resultatgrad viser kor mykje netto resultat utgjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat)

Rente og avdragsbelastning viser kor mykje renter og avdrag utgjer av brutto resultat

Lånefinansieringsgrad viser kor mykje som er tatt opp i lån til å finansiere det som er investert i året.

Likviditetsgrad 1 er forholdet mellom omløpsmidlar (kasse, bank) og kortsiktig gjeld og viser kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktingar framover. Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.

Gjeldsgrad er forholdet mellom eigenkapital og gjeld (kortsiktig og langsiktig) og er eit uttrykk for kva grad kommunen er rusta til å tåle tap før det går utover forpliktingar til lånegivar. Gjeldsgrad

på 1 betyr at kommunen har like mykje gjeld som eigenkapital. Til mindre gjeldsgrad til meir solid er kommunen.

Langsiktig gjeldsandel viser kor stor del av anleggsmidlar som er finansiert av langsiktig gjeld.

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSELSKAP UEKF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Oprinneleg budsjett 2013	Regulert budsjett 2013	Avvik 2013	Rekneskap 2012
INNETEKTER					
Sal driftsmidlar og fast eigendom	-25 917	-44 800	-83 500	-57 583	-9 162
Andre salsinntekter					
Overføringar med krav til motyting	-1 538	-	-2 100	-562	-1 895
Statlege overføringar	-3 152	-18 057	-47 302	-44 150	-225
Andre overføringar	-1 708	-	-	1 708	-1 869
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak					
Sum inntekter	-32 315	-62 857	-132 902	-100 587	-13 150

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Oprinneleg budsjett 2013	Regulert budsjett 2013	Avvik 2013	Rekneskap 2012
UTGIFTER					
Lønnsutgifter					
Sosiale utgifter					
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon	195 694	378 727	474 537	278 843	133 494
Kjøp av tenester som erstatter kommunen sin tenesteproduksjon	715	-	-	-715	432
Overføringer	31 606	34 450	42 606	11 000	11 946
Renteutgifter og omkostningar	614			-614	
Fordelte utgifter					
Sum utgifter	228 629	413 177	517 143	288 514	145 873

FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR					
Avdrag på lån	1 064	-	33 300	32 236	2 866
Utlån	8 360	12 000	21 243	12 883	4 648
Kjøp av aksjar og andelar	2 353	-	1 500	-853	757
Dekning av tidlegare års udekkede meirforbruk					
Avsett til ubundne investeringsfond	19 044	5 648	5 648	-13 396	200
Avsett til bundne fond	3 373	-	-		387
Avsett til likviditetsreserven					
Sum finansieringstransaksjonar	34 194	17 648	61 691	30 870	8 858
Finansieringsbehov	230 508	367 968	445 933	218 798	141 581

FINANSIERING					
Bruk av lån	-193 204	-333 518	-382 047	-188 843	-113 091
Sal av aksjar og andelar					
Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk					
Mottekne avdrag på utlån	-4 174	-	-	4 174	-1 134
Overført frå driftsrekneskapet	-25 288	-34 450	-42 744	-17 456	-7 212
Bruk av disposisjonsfond	-3 700	-	-4 727		-8 500
Bruk av ubundne investeringsfond	-3 889	-	-14 839		-9 725
Bruk av bundne fond	-250	-	-1 575		-1 919
Bruk av likviditetsreserven					
Sum finansiering	-230 505	-367 968	-445 933	-202 125	-141 581
Udekkede / Udisponerte	0	0	0	0	0

Når vi tek med investeringane i eigedomsselskapet, som utgjer vel 109 mill kr, har vi i 2013 229,5 mill kr i investeringar.

Dei største investeringane i eigedomsselskapet i 2013 er:

- ▶ Omsorgsbustadar Hølsekerdalen 44,7 mill kr
- ▶ Nye Ulsteinhallen 41,4 mill kr
- ▶ Nye Høddvoll stadion 5,2 mill kr

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSLESKAP KF			
	2013	2012	2011
EIGENDELAR			
Faste eigedomar og anlegg	980 972 891	806 440 029	689 589 026
Utstyr, maskinar og transportmidlar	20 067 678	20 740 002	22 916 318
Utlån	34 658 888	28 365 990	24 767 123
Aksjar og andelar	52 695 086	50 485 447	49 455 346
Pensjonsmidlar	437 474 470	401 670 782	380 439 294
Sum anleggsmidlar	1 525 869 013	1 307 702 249	1 167 167 107
Kortsiktige fordringar	53 328 618	48 510 637	32 228 917
Premieavvik	28 744 151	27 890 287	16 889 915
Aksjar og andelar	9 184 202	9 049 215	4 368 267
Sertifikat			
Obligasjonar			
Kasse, bankinnskot	261 127 359	135 578 763	89 305 539
Sum omløpsmidlar	352 384 330	221 028 902	142 792 638
Sum eigedelar	1 878 253 343	1 528 731 151	1 309 959 745
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Disposisjonsfond	-12 882 317	-4 892 013	-24 100 511
Bundne driftsfond	-5 077 358	-5 218 886	-5 406 229
Ubundne investeringsfond	-23 757 585	-5 865 094	-15 544 549
Bundne investeringsfond	-3 821 652	-448 466	-1 979 713
Endring i rekneskapsprinsipp investering			
Endring i rekneskapsprinsipp drift	4 294 407		4 294 407
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-15 525 899	-8 219 652	3 862 739
Rekneskapsmessig meirforbruk		182 167	2 712 927
Udisponert i investeringsrekneskapet			
Udekket investering			
Likviditetsreserve		4 294 407	
Kapitalkonto	-63 877 261	-72 489 524	-54 239 187
Sum eigenkapital	-120 647 665	-92 657 062	-90 400 116
Pensjonsforpliktelsar mv.	-587 221 404	-534 312 777	-501 060 834
Ihendehavarobligasjonslån			
Sertifikatlån	-378 852 400	-30 000 000	-125 387 600
Andre lån	-694 027 465	-782 729 148	-522 664 815
Sum langsiktig gjeld	-1 660 101 269	-1 347 041 925	-1 149 113 249
Kassekredittlån			
Anna kortsiktig gjeld	-93 499 598	-85 872 096	-70 446 380
Premieavvik	-4 004 810	-3 160 069	
Sum kortsiktig gjeld	-97 504 408	-89 032 165	-70 446 380
Sum gjeld	-1 757 605 677	-1 436 074 089	-1 219 559 629
Sum eigenkapital og gjeld	-1 878 253 343	-1 528 731 151	-1 309 959 745
Balansen sin nettosum	0	0	0

	2013	2012	2011
MEMORIAKONTI			
Unytta lånemidlar	211 457 676	9 243 496	52 200 566
Andre memoriakonti	16 988 809	31 478 034	841 318
Motkonto for memoriakontiene	-228 446 485	-40 721 530	-53 041 884
Sum memoriakonti	0	0	0


FINANSFORVALTNING

Ulstein kommune har i 2013 rapportert aktiva- og passivasida til kommunestyret kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. Samla rapport for 2013 vert lagt fram som ein del av årsrapporten. I 2013 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgjevarar inn mot

låneporteføljen og Sydvestor AS som forvaltarar av langsiktige midlar på aktivasida.


Pr. 31.12. var fordelinga mellom passiva og aktiva slik for Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF:

FINANSFORVALTNING 31.12.2013




Ulstein kommune har også i 2013 hatt utfordringar med likviditeten, men dette betra seg etter at vi i juni måned tok opp eit lån for å dekke kostnader til prosjekt der inntektsstraumen vil ta litt tid. Dette gjeld prosjekta Holsekervegen og Vikemarka.

MÅNADLEG LIKVIDITETSUTVIKLING ULSTEIN KOMMUNE



Ulstein eideomsselskap KF hadde pr. 01.01. unytta lånemidlar som styrka likviditeten. Låneopptaket i januar har styrka likviditeten ytterlegare:

MÅNADLEG LIKVIDITETSUTVIKLING ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF



Det at både kommunen og eideomsselskapet har hatt ledig likviditet har gitt oss gode renteinntekter i 2013:

	AVKASTNING KR	AVKASTNING %
Ulstein kommune	2 092 519	3,21 %
Ulstein Eideomsselskap KF	6 709 198	3,21 %

Porteføljen på langsiktige midlar har i 2013 auka med 1,8 mill kr til 38,8 mill kr:

FORVALTNING SYDVESTOR	PORTEFØLJE 01.01.2013		AVKASTNING 2013				PORTEFØLJE 31.12.2013	
	Kr	Prosent	Kr	Prosent	Benchmark	Avvik mot benchmark	Kr	Prosent
Aksjeforvaltning	11 549 000	29,4 %	1 174 000	9,86 %	6,71 %	3,15 %	12 554 000	32,4 %
Bankinnskot/rentefond	25 454 000	70,6 %	799 000	3,09 %	1,62 %	1,47 %	26 252 000	67,6 %
Samla portefølje	37 003 000		1 973 000				38 806 000	

I 2013 har kommunen og eigedomsselskapet teke opp nye lån på 125,4 mill kr og 141,7 mill kr. Samla lånegjeld pr. 31.12.2013 er 1,072 mrd kr:

FORDELING	SALDO	%-VIS AV TOTALEN
> 1 år	258 700 296	24,1 %
SWAP: Forfall 19.06.2017	42 000 000	3,9 %
SWAP: Forfall 19.06.2017	15 000 000	1,4 %
SWAP: Forfall 18.03.2015	20 000 000	1,9 %
SWAP: Forfall 18.03.2018	20 000 000	1,9 %
Sum rentebinding > 1 år	355 700 296	
Rentebinding med forfall mindre enn 1 år		
< 1 år	647 764 800	60,4 %
Sum rentebinding > 1 år	1 003 465 096	
Flytande rente		
P.t. vilkår	69 414 355	6,5 %
Sum total	1 072 879 451	100,0 %

Vi har valt å ta rentesikring på delar av porteføljen for å sikre ein viss føresetnad i budsjett og likviditetsstyring. Som det går fram av tabellen ser vi at store delar av

sikringane har forfall innanfor det neste året. Vekta gjennomsnittrente pr. 31.12. fordeler seg slik på låneporteføljane til kommunen og eigedomsselskapet:

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2013						
Vekta gjennomsnittrente UK/UEKF	P.t Kommunal-banken	Norges Bank (styringsrente)	3 mnd Nibor	6 mnd Nibor	3 års SWAP	5 års SWAP
2,79 % / 2,65 %	2,25 %	1,50 %	1,68 %	1,75 %	2,10 %	2,60 %

Vi ser at den vekta gjennomsnittrente er noko høgare enn dei korte rentene i marknaden. Dette viser at kommunen er villig til å betale ei noko høgare gjennomsnittrente for å sikre seg meir forutsigbarheit i rentekostnadane framover. Rentebindingane som er gjort er

i samsvar med kommunen sitt finansreglement.

Det å samanlikne vekta gjennomsnittrente mot korte renter gir ikkje eit rett bilde av resultatet av kommunen sin rentestrategi. Det vert meir rett å

samanlikne durasjonen (vekta løpetid) porteføljen har opp mot marknadsnivå på tilsvarande løpetider. Durasjon for dei to låneporteføljane pr. 31.12.:

ULSTEIN KOMMUNE

DURASJONSINTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	DURASJON	PROSENTVIS ANDEL AV PROTEFØLGEN
Under 1 år	242 093 385	0,18	61,04 %
1-2 år	122 645 959	1,18	30,93 %
2-3 år	0	0	0,00 %
3-5 år	31 843 873	3,21	8,03 %
5-10 år	0	0	0,00 %
Samlet for porteføljen	396 583 217	0,733	100 %

ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

DURASJONSINTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	DURASJON	PROSENTVIS ANDEL AV PROTEFØLGEN
Under 1 år	475 085 770	0,34	70,25 %
1-2 år	29 210 914	1,34	4,32 %
2-3 år	125 000 000	2,01	18,48 %
3-5 år	47 000 000	3,41	6,95 %
Samlet for porteføljen	676 296 684	0,905	100 %




Foto: Per Eide

Folkevalde med politisk sekretariat



ORDFØRAR JAN BERSET

Eininga og tenestene

Den politiske strukturen er bygd på hovudutvalsmodellen. I tillegg til lovfesta organ som Kommunestyre (25 repr.), Formannskap (7), Kontrollutval (5) og Fellesråd for menneske med nedsett funksjonsevne (8) har kommunen to hovudutval; Levekårsutvalet (9) og Teknisk utval (7), samt ei rekke nemnder.

Formannskapet og hovudutvala har avgjerdsmynde innanfor budsjettammer og i medhald av delegasjonsreglementet og har elles tilrådingsrett direkte til kommunestyret. Hovudutvala har også

tilrådingsrett til Formannskapet. Politisk sekretariat (1,7 st.h.) er støttefunksjon for dei folkevalde. Kontrollutvalet har tilrådingsrett direkte til Kommunestyret og er organisert med eige sekretariat VKUS saman med åtte andre kommunar.

Utsending av møteinnkalling/sakspapir og møtesekretærfunksjonen vert utført av sekretariatet. Møteinnkallingane og protokollane vert publisert på www.ulstein.kommune.no og link vert sendt til adresseliste for kvart enkelt utval.



VARAORDFØRAR KNUT ERIK ENGH

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Styrke innbyggjardialogen gjennom betre tilrettelegging for kontakt
- ▶ Ta i bruk ny teknologi for å styrke kommunikasjon mellom folkevalde og innbyggjarar
- ▶ Gode rutinar for styring av og kontroll av selskap der folkevalde er representert i styre

KURSING AV FOLKEVALDE

22.05. Hovudfokus på økonomi, spesielt tilhøvet mellom investering og drift. Fagsjef i KS-K Håvard Moe presenterte fersk Kostra-analyse av Ulstein kommune og kom med konkrete råd til administrasjon og folkevalde.

21.11. Informasjon om utviklingsprogrammet «Den gode skuleeigar», samt ressursbruken i skulen m.m. Rektorane la fram viktige sider og utfordringar ved drifta av einingane.

VENNSKAPSUTVEKSLING MED PARGAS

Kommunal leiing frå Pargas, to ordførarar og stadsdirektøren med følge, vitja Ulstein 6.-9. juni. På programmet var tema om oppvekst/kultur, ulike område i omsorgssektoren, utvekslingsprogram for 4 år framover, samt kunstutstilling Studio Hugo Opdal, konsert med Hellbillies, Storbandet og tur til Runde Miljøsentar.

NETTBRETT/LESEBRETT

Dei folkevalde tok i bruk nettbrett hausten 2012. Overgangen frå å få saksdokumenta på papir til lesebrett såg ut til å gå bra i starten, men ein ser etterkvart at fleire har gått over til å bruke eigne PCar eller skriv ut dokumenta sjølve. Utfordringane er storleiken på møtedokumenta og har dermed vore vanskeleg å laste ned på nettbretta.

STORTINGS- OG SAMETINGSVAL

Valet vart gjennomført i samsvar med lov og forskrift. Nytt for dette valet var at alle kommuner fritt kunne nytte det valadministrative datasystem EVA, som var forvalta av KRD.

Valprosessen med tidlegrøysting, førehandsrøysting, institusjonsrøysting, ambulerande røysting, valting og valoppgjær vart effektivt gjennomført.

TV-AKSJONEN 2013

Aksjonen var tildelt "Nasjonalforeningen for folkehelsen" og fann stad den 20. oktober.



RESULTATMÅL FOLKEVALDE

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Ombodsfunksjonen	Kortversjonar av saksframlegg	2/kstmøte		-
Innbyggjardialog	Kontaktinformasjon om alle folkevalde på web	2014		->
	Planlegge og gjennomføre folkemøte	2/år		2/år
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-0,1	0,2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Eigarskapskontroll	Årleg skriftleg tilbakemelding frå representantar i selskap med eigarinteresser	1/år	0	0
	Økonomikontroll av selskap kommunen har vesentlege eigarinteresser i	1/år	1/år	1/år
Aktivitet i folkevalde organ	Kommunestyret	8/år	10	8
	Formannskap	10/år	14	12
	Levekår	8/år	10	8
	Teknisk	10/år	12	12
Samarbeid	Planleggingsmøte mellom ordførar og utvalsleiarar	4/år	?	?
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Avdelinga er for lita til at undersøking kan leggest fram			



Sentraladministrasjon



RÅDMANN EINAR VIK ARSET

Eininga og tenestene

Sentraladministrasjon består av rådmann sine stabfunksjonar: Økonomi og organisasjon, IT og Kommunikasjon. Einingane er støttefunksjonar for kommunalsjefar

og leiarane i kommunen, og innehar kontrollfunksjon opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Ansvar for overordna kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er lagt til eininga.



ASSISTERANDE RÅDMANN VERNER LARSEN

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Strategisk fokus på kvalitetsutvikling og tenesteinnovasjon
- ▶ Utvikle og drifte felles system for internkontroll, risikohandtering og avviksrapportering
- ▶ Kompetanseheving på regelverk, rutinar og programvare innan våre fagområde
- ▶ Vere gode på målstyring og omdømmebygging

Arbeidet med brukarundersøkingar er i gong. Etter kvart som vi får erfaring med dette arbeidet skal talet på gjennomførte undersøkingar opp. Medarbeiderundersøking skal etter planen gjennomførast anna kvart år. Det er og etablert ei ny portaløysing. Den skal gi eit betre grensesnitt mot brukaren ved at der er betre søkefunksjonalitet. Fleire søknadsskjema vil bli lagt ut på nettsidene.

VOX – datopplæring på ulike nivå er gjennomført for om lag 20 tilsette frå alle etatar. I tillegg er det gjennomført kursing i programpakken Office for 30 tilsette på ulike nivå. Det er arbeid systematisk med opp-

følging på økonomirapportering. På driftssida har vi eit godt system. På investeringsida er vi i gong, men det står ein del att før budsjettgrunnlag og rapportering er godt nok.

Gjennomgang av sakshandsamingsreglementet er starta og opplæring i sakshandsamingsystemet er i gong. Det er etablert tverrsektorielle prosjektgrupper som ein del av dette arbeidet. Vi møter også eit høgt og aukande krav til internkontroll innfor IKT-området – spesielt synleg er dette akkurat no innafor helse og omsorg og elektronisk kommunikasjon mellom einingar innafor helsesektoren.

Sjukefråveret har auka ein del. Dette er enkeltsituasjonar med langtidsfråvær som ikkje er knytt til arbeidssituasjon.

AKTIVITET 2013


Av aktiviteten vil vi trekke fram likestillingsprosjektet i samarbeid med helsestasjonen, barnehagen og eksterne aktørar. Bulysprosjektet i samarbeid med Herøy. Interkommunalt innkjøpssamarbeid saman med ei andre seks kommunane og interkommunalt IKT-samarbeid. Vi planla og tilrettela for fire leiarsamlingar. I leiarsamlingane var det og lagt inn leiarutvikling med høve til eksamen i 2013. Utbyggingssprosjekt MPG Sjøgata, Sjøside uteområde, Arena Ulstein, og omsorgsbusta-

dar i Helsekerdalen og på Sjøside.

Innbyggjarundersøkinga vart gjennomført i 2013. Vidare er det auka fokus på internkontroll i saksbehandlingssystemet og gjennom etablering av rutinar, tilbagemeldingssystem og dokumentasjon.

Måten vi arbeider på i sentrumsutviklinga gir oss og ulike kontaktflater ut mot næringslivet. Det er ikkje gjennomført systematiske besøksrunder mot næringslivet saman med ordføraren slik vi gjorde i 2012, men det er planlagt ny runde i 2014. Ny portaløysing er på plass som eit interkommunalt samarbeid.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL SENTRALADMINISTRASJON

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøkingar	Tilrettelegge for gjennomføring av undersøkingar	15/år		2/år
Omdømme	Auke i aktivitet ut i frå intensjon i kommunikasjonsstrategien			
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	5,4	2,2
	Gjennomføring av planlagde investeringsprosjekt	1	1	
	Vurdere ressursbruk mot oppnådde resultat og føreslå tiltak	4/år, 1 pr etat		
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
ROS-Analyse (risiko og sårbarheit)	Sakshandsamingsrutinar	2014		pågår
	Arkivrutinar	2014		pågår
Informasjonsikkerheit	Ledelsegjennomgang av personvernhandbok	1/år		1/år
Kompetanseutvikling	Utarbeide kompetanseplan	1/år	0	0/år
Innovasjon	Føreslå og følge opp innovasjonsprosjekt innan kjerneoppgåver og administrasjon	3/år		3/år
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeiderundersøking, svarprosent	100 %	79 %	
	Medarbeidertilfredsheit	5	4,4	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	19/19	17/19
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	4,5	
	Sjukefråvær	2,0 %	6,6 %	

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Økonomi og organisasjon

Foto: Per Eide



LEIAR: KARI METTE SUNDGOT

Eininga og tenestene

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har fagansvaret for rekneskap, lønn, økonomistyring, skatt og personalarbeid. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølgjingsarbeid innanfor økonomistyring,

finansforvaltning, internkontrollar, oppfølging sjukefråvær, HMS med meir. I tillegg utøver vi økonomi- og personalforvaltning for Ulstein Eigedomsselskap KF og rekneskaps- og lønnsarbeidet for Ulstein Sokn.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Gjennom styrka fokus på ein god og synleg arbeidsgivarpolitikk, skal Ulstein kommune vere ein attraktiv arbeidsplass for motiverte medarbeidarar
- ▶ I samarbeid med leiarane i organisasjonen, skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering
- ▶ Sikre god internkontroll i eiga avdeling og i organisasjonen innanfor våre fagområde. Utvikle og drifte kommunen sitt system for internkontroll og avvikshandtering

GOD OG SYNLEG ARBEIDSGIVARPOLITIKK

For å sikre ein god og synleg arbeidsgivarpolitikk har vi dei siste to åra intensivert det formelle og uformelle samarbeidet med hovudtillitsvalde og verneombod i Ulstein kommune. Gjennom månadlege samhandlingsmøter vert både prinsipp og praktisering av arbeidsgivarpolitikken drøfta og finslippt. Årlege samlingar for verneomboda er også med på å sikre ein god tovegs-kommunikasjon. I samarbeid med tillitsvalde vert lønnspolitisk plan drøfta og revidert. Økonomi og organisasjonsavdelinga organiserer og har støttefunksjon for leiarutviklingsprosjekt, leiarsamlingar, årleg personalfest og påskjøningar til tilsette.

I samarbeid med kommunane på Søre Sunnmøre, vart det i 2013 gjennomført ny anbudsrunder for levering av bedriftshelseteneste til Ulstein kommune. Vi har hatt Stamina Helse som leverandør tidlegare, og dei vart valt også vidare. Vi har eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta, og jobbar aktivt gjennom fleire møter i året, for å sikre gode prioriteringar og god kvalitet i tenestene vi kjøper.

Alle einingsleiarane i Ulstein kommune rapporterer månadleg på økonomi og sjukefråvær. I samband med dette, har leiarane tilbod om støtte, råd og hjelp frå teamleiar økonomi og teamleiar personal. For å sikre styring med personalressurs og økonomi i einingane, er det etablert nytt system for kontroll av dette. Ny mal for økonomiplan som er vidareført i årsmelding skal også bidra til å sikre mål, ressurs og resultatstyring.

I 2013 vart Ulstein kommune sitt nye Kvalitets- og styringssystem teke i bruk og alle reglement og rutinar vert no publisert der. Lettare tilgang til reglement, skjema og rutinar har ført til auka fokus på, - og synleggjort behovet for revidering av eldre reglement og rutinar.

Nytt elektronisk avvikssystem er ein del av Kvalitetssystemet. Dette er med på å sikre kontroll og oppfølging av registrerte avvik. Rapportar frå avvik innan HMS, vert rapportert til AMU i kvart møte. Rapport med oversikt over alle avvik, vil verte rapportert per tertial. I eiga avdeling, sikrar vi internkontroll ved aktivt å etablere og følge opp kontrollrutinar, delegasjon og spisse kontroller-funksjonen internt.


AKTIVITET 2013

Økonomi- og organisasjonsavdelinga arbeider breitt både internt og eksternt, og har vore involvert i mange prosjekt gjennom året.

Fokus i 2013 har vore å få på plass gode løysingar for elektronisk kommunikasjon, som til dømes:

- ▶ elektronisk skattekort frå 01.01.2014
- ▶ større andel lønnslippar på e-post
- ▶ elektronisk filfakturering
- ▶ system for elektronisk avvikshandtering
- ▶ utfasing av manuelle skjema på skatteområdet
- ▶ bruk av Prepaid kort i staden for kontantutbetalingar

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL ØKONOMI OG ORGANISASJON

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
eNorge	Elektroniske søknadar på ledige stillingar	99 %	98 %	99%
	Elektronisk fakturering (inn/ut)	60 %		3%
	Fullelektronisk skjema bruk via AltInn for fagområdet skatt	100 %		
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0 %	0,1	0,2
	Redusere omfanget av utestående krav	10 %		?
Likviditet	Refusjonar, utsending krav, kontroll og oppfølging	12/år		?
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Personal	Fullelektronisk personalarkiv	2014		I arbeid
	Revisjon av permisjonsreglement	2014		I arbeid
Lønnspolitikk	Revidering lønnspolitisk plan	1/år	1/år	1/år
	Møter med hovudtillitsvalde	2/år	2/år	2/år
Rapportering	Rapportering til formannskap på økonomi og sjukefråvær	10/år	8/år	7/år
	Avviksregistrering og avvikshandtering	3/år		1/år
Målstyring	Gjennomføre medarbeidarundersøkinga	2. kvart år	Ja	Nei
	Følge opp resultat av medarbeidarundersøkinga	Årleg	Ja	Ja
Kompetanseheving	Opplæring/oppfølging for ansvarlege redaktørar Kvalitetssystemet	2/år		2/år
	Opplæring/oppfølging i bruk av Agresso økonomisystem	2/år		-
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	83 %	-
	Medarbeidertilfredsheit (karakter 1-6, 6 best)	5	4,4	-
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	10/10	11/12
	Stoltheit over eigen arbeidsplass (karakter 1-6, 6 best)	5	4,6	-
	Sjukefråvær	2,0 %	3,3 %	4,08

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



IT-avdelinga



LEIAR: GAUTE SKARSTEIN

Eininga og tenestene

IT-avdelinga er ei stabsavdeling under Rådmannen. Avdelinga har ansvar for drift, utvikling og vedlikehald av nettverk, serverpark og klientar. IT-funksjonen skal levere kostnadseffektive,

brukarvenlege og driftssikre system som gir tilsette arbeidsverktøy for effektive arbeidsrutinar, gode tenesteytingar overfor innbyggjarane i kommunen og styring/kontroll.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Leverer stabile og tilgjengelege IT-tenester med robust infrastruktur
- ▶ Vere pådrivar for bruk av ny teknologi, til dømes velferdsteknologi og virtualiseringsplattform (Citrix og VmWare)
- ▶ Vere med å utvikle og drifte felles interkommunalt driftssenter (SSIKT)

Stort fokus på virtualiseringsløysingar både på klient- og serverplattform. Vi ser at dette gir meir effektive og stabile løysingar enn tradisjonelle «tjukke» plattformer. Utskifting av nettverkskomponentar har også gitt resultat i ein meir robust infrastruktur. Det vil framleis vere stort fokus på dette i åra framover. Helpdesk for IT brukarstøtte er utvikla. Det er blant anna etablert eit felles kontaktpunkt for å kome i kontakt med IT-avdelinga. Målet er at all brukarstøtte skal gå via dette felles kontaktpunktet. Vi har helpdesk-system for å administrere henvendelsane. Det er etablert vaktordning / turnus der ein person på IT-avdeling har spesielt ansvar for henvendelsar i arbeidstida. Det er også ei vaktordning for kritiske hendingar utanom arbeidstida for dei døgnopne tenestene – i hovudsak gjeld dette omsorgsetaten.

Ulstein kommune har i 2013 bidrege med bemanningsmessige ressursar i utviklinga av interkommunalt driftssenter. IT-avdelinga jobbar med å flytte alle tenester inkludert serverpark til interkommunalt driftssenter så snart det er teknisk muleg.

AKTIVITET 2013

Redusert aktivitet i 2013 grunna redusert bemanning i periodar. Fokus har vore på dei aller mest nødvendige driftsrutinar og brukarstøtte.

Total renovering av nettverk på Ulsteinvik barneskule. Stort sett all nettverksskabling og all nettverkinfrastruktur i bygget er bytta ut. Etablert trådløst nettverk med god dekning og kapasitet.

Oppgradert nettverk på Ulstein Ungdomsskule, Rådhuset og USAS. Nettverka er no meir robust og skalert for høgare kapasitet. Rådhuset har fått full dekning med trådløst nettverk. Administreringverktøy for både kabla- og trådløst nettverk er oppgradert.

Haddal, Hasund og Ulstein skule er knytt til kommunalt nettverk via fiberaksess (leigd kapasitet). Kapasiteten er auka frå 7Mb/s (teoretisk) til 50Mb/s. Dette har gitt betre stabilitet og kapasitet i nettverka på desse skulane.

TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL IKT

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Sikkerheit	Testing av nødstraumsaggregat	2/år		4
	Kritisk driftsstans	0		1
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-0,1	0
	Gjennomføring planlagde investeringar	100 %		60%
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Kompetanseheving	Opplæring/møter med superbrukarar på skulane	4/år		2
Samhandling	Samarbeidsmøter med alle etatar	2/år/etat		1
Fagleg utvikling	Avvikle lokalt serverrom	2014	->	->
	Oppdatere IT-strategi	1/år		0
Service	Svartid intern brukarhjelp via hjelp@	Maks 24t		48t
	Responstid vakttelefon	Maks 2 t		2t
Auka internservice	Utarbeide og gjennomføre intern brukarundersøking (Det må vurderast om dette skal gjennomførast av «Stab» og også inkludere dei andre stabseiningane)	2014	->	->
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Avdelinga er for lita til eige resultat, sjå felles under sentraladministrasjon			

NETTO RESULTAT



Kommunikasjonsavdelinga



LEIAR: ASBJØRG GARSHOL

Eininga og tenestene

Kommunikasjonsavdelinga omfattar einingane Servicetorg, Postmottak, Sentralarkiv og Turistinformatjon. Avdelinga har også ei sentral rolle i

samband med beredskap/kriseleiing. Kommunikasjonsavdelinga har 4,5 stillingsheimlar fordelt på fem personar (to er deltidstilsette).

Servicetorget/sentralbordet har opne måndag - fredag frå kl 0800 – 1600.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Sikre god informasjon og tilgjengelegheit, enten det er via web, telefoni eller i direkte møte med publikum. Vårt overordna mål er at publikum skal oppleve Ulstein kommune som ei effektiv og serviceorientert verksemd
- ▶ Gjennomføre brukar- og innbyggjarundersøkingar med jamne mellomrom. Dette for at vi skal vere sikra nødvendige konstruktive korrigeringar undervegs
- ▶ Fokus på Internkontroll og personvern, herunder betre utnytting og sikker bruk av sakshandsamingssystemet ePhorte i heile kommuneorganisasjonen

AKTIVITET 2013

I 2013 vart det sett spesielt fokus på personvern, elektronisk meldingsutveksling og internkontroll. Utforming av nye strategiar vart gjort, og vi starta ny runde med involvering, opplæring og rettleiing av tilsette rundt om i organisasjonen. Personvern og internkontroll vil vere eit høgt prioritert område også i 2014.

Ny nettportal for Ulstein kommune vart lansert i desember. Den nye nettløysinga er eit samarbeidsprosjekt med nabokommunane, og vi ser allereie


fordelane av samarbeidet. Dette gjeld spesielt at vi har skaffa oss breiare kompetanse og back-up på programvara, men også at samarbeidskommunane no presenterer tenester og informerer publikum ut frå same mal.

Nytt telefonsystem var ei anna prioritert oppgåve. Det gamle sentralbordet var for lengst utgått på dato, og gjorde det vanskeleg å ta unna alle telefonhenvendelsar på ein effektiv og serviceorientert måte. Vi vart på det næraste klar for overgang til det nye telefonsystemet (installering i januar 2014), og håper at publikum på nyåret vil oppleve at vi er lettare tilgjengeleg når vi no får høve til å fordele telefonkøa på fleire ved servicetorget.

Vi ser også fram til å kunne yte betre service mellom anna fordi vi får betre kalenderintegrering og umiddelbart kan sjå om tilsette er ledige. Rutiner med melding via epost og SMS til dei som ikkje er tilgjengeleg for øyeblikket vart lagt inn slik at dei kan ringe tilbake.

I 2013 gjennomførte vi den første innbyggjarundersøkinga i Ulstein. I åra framover vil vi med jamne mellomrom gjennomføre både innbyggjarundersøkingar og andre brukarundersøkingar. Ved å få svar på slike undersøkingar til dømes annakvart år får vi ein bra indikator på om vi utviklar oss i rett retning, og ikkje minst får vi vite kvar vi treng å bli betre – og så gjere noko med det.

TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL KOMMUNIKASJONSAVDELINGA

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brakarundersøking	Gjennomføre innbyggjarundersøking	Kvart 2. år	Nei	Ja
Service	Forbrukarrådet sin kommuneundersøking på servicegrad (mål 0-100)	75		51,5
Informasjon	Unike "treff" på heimesidene (pr. dag) www.ulstein.kommune.no	700		?
	Nye publiseringar i snitt pr. virkedag på heimesidene	1		?
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,2	0,1
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Kvalitet og service	Kvalitet på nett (målt i stjerner, maks 6)	5*	3*	2*
	Ubesvarte anrop sentralbord	0	447	
	Maks ventetid før svar sentralbord (snitt pr. dag)	20 sek	32 sek	
	Etablere ny sentralbordløyising	2014		
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Avdelinga er for lita til eige resultat, sjå felles under sentraladministrasjon			

NETTO RESULTAT



Helse og omsorg



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Etaten og tenestene

Helse og omsorg omfattar fagområda barnevern, legetenesta, helsestasjon, Nav Ulstein, heimetenester, institusjon og dagsenter. Med verknad frå 2013 vart budsjettansvar for einingane i Helse og omsorg delegert til mellomleiarane, førebels med tett oppfølging frå kommunalsjefen og frå stab.

Ansvar og oppgåvene til kommunane har vorte endra gjennom tiltak som er sett i verk i kraft av Samhandlingsreforma. Vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane. Dette inneber at helse- og omsorgsetaten har vorte ein sentral aktør i overordna planarbeid. I tillegg har kommunane fått ansvar for å redusere andelen av unødvendige innleggingar i sjukehus og for raskt

mottak av ferdigbehandla pasientar. I Ulstein har vi satsa mykje på å styrke kompetanse og kapasitet når det gjeld å gi nødvendig behandling/ etterbehandling etter sjukehusinnlegging gjennom øyeblikkeleg hjelp – døgnopphald, og rask overføring av ferdigbehandla pasientar til sjukeheimen eller heimen for vidare behandling. Gjennom desse endringane har legetenesta si rolle vorte meir sentral og det har vore behov for styrking av ressursane der. Vi har i 2013 vore ajour når det gjeld medfinansiering og mottak av utskrivingsklare pasientar, noko som gjer at kommunen, i 2013 samla får til disposisjon om lag 2 mill kr. som er overført til kommunen som medfinansiering og støtte til ferdigbehandla pasientar. Ein vesentleg del av dette har vorte nytta til å

styrke legetilbodet på sjukeheimen og sjukepleigedekninga på Alvehaugen og Ulshaugen.

I sum inneber dette at presset er stort på sjukeheimen og i heimetenestene, både i form av auke i antal brukarar og ved at vi vert utfordra av nye oppgåver.

Behovet for nye omsorgsbustadar er stort, og utbygginga av omsorgsbustadar i Holsekerdalen og Sjøside er som kjent starta opp, med planlagt innflytting begge stader i 2015.

Etaten har stort fokus på kompetanseutvikling og på førebyggjande tiltak retta mot arbeidsmiljø/sjukefråvær.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Styrka brukarorientering særleg i arbeid med unge brukarar, rusproblem og psykiske helseproblem og ved demens
- ▶ Styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær
- ▶ Styrke leiarane sin kompetanse i leiing, forvaltning og helserett

FOLKEHELSE

Folkhelsearbeid er den samla innsatsen samfunnet gjer for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar trivsel og helse hjå innbyggjarane og førebygg psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Eit effektivt folkehelsearbeid skal synleggjere folkehelseperspektivet i all planlegging og skape grunnlag for samarbeid på tvers av sektorar, nivå, profesjonar og frivillige lag og organisasjonar. Ulstein kommune har sidan mars 2013 hatt tilsett folkehelsekoordinator i ½ stilling. Dette er førebels delvis finansierte gjennom øyremarka

tilskot. Folkehelsekoordinator skal samordne ulike tiltak for alle aldersgrupper i kommunen. Ho skal koordinere den førebyggjande innsatsen i kommunen og vere pådrivar for nye tiltak. Gjennom God Helse programmet vert det fokusert på seks satsingsområde: auka fysisk aktivitet, sunnare kosthald, ein ansvarleg rusmiddelkultur, redusert bruk av tobakk, betre psykisk helse og utjamning av sosiale helseforskjellar. I tillegg skal vi ha medansvar for planarbeid der vi får oversikt over folkehelsa i kommunen.

Frisklivssentralen starta opp hausten 2012 og omfattar også ½ stilling. Vi tilbyr her 12 vekers reseptperiodar som kan forlengast inntil eitt år.


AKTIVITET 2013

Det har vore høg aktivitet i etaten i heile 2013. Arbeidet har i stor grad vore prega av utfordringar som Samhandlingsreforma har medført, særleg styrking av kompetanse og rutinar når det gjeld mottak av utskrivingsklare pasientar. På Alvehaugen har den store utfordringa vore tiltak retta mot demente og deira pårørande. Elles har det i 2013 vore vik-

tig at vi har fått til oppstart av omsorgsbustadprosjekta både i Holsekerdalen og på Sjøside. Samstundes har vi sterkt fokus på styrking av mellomleiarane i etaten i samband med at dei har fått meir ansvar.

Det har også vore auka aktivitet innan psykiaritteamet, noko som har medført behov for klarare retningslinjer for tildeling av tenester. I tillegg har det også i år vore arbeid mykje med å styrke relasjonen og rolla til dei pårørande til dei mest pleigetregande brukarane vår. Dette har vore gjort i det dagleg arbeidet og gjennom pårørandekurs.



TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL HELSE OG OMSORG

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøkingar	Gjennomføre brukarundersøkingar i helse og omsorg	4-5/år	2	
Beredskap	Planlegge og gjennomføre samlingar/møte med omsorgsberedskapsgruppa	2-år	2	
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,1	-0,1
	Døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar	0	0	
	Auka andel av heiltidsstillingar	50 %	23 %	
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøkingar	Dagsenter:			
	- Svarprosent	100 %	82 %	
	- Brukartilfredsheit	5,6	5,6	
	Omsorgsbustadar:			
	- Svarprosent	100 %	98 %	
	- Brukartilfredsheit	5,6	5,4	
	Institusjon:			
	- Svarprosent	100 %	-	
	- Brukartilfredsheit	5,6		
	Helsestasjon			
	- Svarprosent	100 %	-	88 %
	- Brukartilfredsheit	5,6	-	5,2
	Psykiatri			
	- Svarprosent	100 %	-	
- Brukartilfredsheit	5,4			
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeiderundersøking, svarprosent	100 %	53 %	
	Medarbeidartilfredsheit	4,7	4,5	
	Medarbeidersamtalar gjennomført	100 %	51/150	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,7	4,7	
	Tilfredsheit med næraste leiar	4,7	4,5	
	Sjukefråvær	8,0 %	10,8 %	9,7 %



Helse og omsorg

ANDEL AV NETTO DRIFTSUTGIFTER, PLEIE OG OMSORG						
	ULSTEIN	GJ.SNITT KGR. 11	HARAM	HAREID	HERØY	VOLDA
Institusjon	30,5	43,9	51	50,2	58,6	38,9
Tenester til heimebuande	60,3	51,1	47,4	48,7	36,1	53,8
Aktivisering, støttetjenester	9,1	5	1,6	1,1	5,3	7,3



UTBETALING AV INTRODUKSJONSSTØNAD OG SOSIALHJELP, KR PR. INNBYGGAR






Foto: Peder Otto Dybvik

Omsorg – Sone 1



LEIAR: HEIDI STRAND

Eininga og tenestene

Heimesjukepleia/heimehjelpsordninga har totalt 13,65 årsverk. Tenesta har 24-timars vaktordning der heimesjukepleia på vekedagar har fem personar på dagvakt, to på kveld og ein person på natt. I helgane er det fire personar på dagvakt og to på seinvakt. Gjennomsnittleg har heimesjukepleia 50-60 oppdrag på dagvaktene, omlag 30 oppdrag på kveldsvaktene. Nattevakta arbeider i team med dei andre nattevaktene i kommunen. **Heimehjelpsordninga** har tre på vakt og om lag ti brukarar pr. dag, i alt om lag 100 brukarar som får tenester til praktisk bistand frå kommunen.

Tenesta for psykisk helse og rus har fire årsverk. Her har vi om lag 15-20

brukarar dagleg i tillegg til at vi har ansvar for Skollebakken aktivitetshus.

Prost Ankers gate har fem bebuarar og det er 8,39 årsverk knytt til denne bucinga. Her er det døgnbemanning med kvilande nattevakt.

Vikebakkvegen har tre brukarar og 4,53 årsverk. Bustaden har døgnbemanning og kvilande nattevakt.

Petterbakken 12 og 14 har to brukarar og 1,62 årsverk. Her er det ikkje nattevakt.

Leiar koordinerande eining. Leiaren har ansvar for å samordne og koordinere utskrivingar frå sjukehus, koordin-

ering i ansvarsgrupper, saksutgreiing og søknader i høve til tenestetilbod.

Ergoterapeut/hjelpemiddelformidling 1,5 årsverk, som har ansvar for hjelpemiddelformidling i kommunen samt ergoterapitenester etter behov frå innbyggjarane.

Gerica systemansvarlege, pr. i dag 1,1 årsverk Omsorgsløn og BPA vert administrert av sone 1. Det er tilsett fagkoordinatorar ved dei ulike avdelingane.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL


- ▶ Sikre kvalitet og likeverdige tenestetilbod i heimet enesta med fokus på brukarorientering og særleg i arbeid med unge brukarar, rusmisbrukarar, dei med psykiske helseproblem og ved demens
- ▶ God samhandling og skjerpa internkontroll
- ▶ Godt arbeidsmiljø og reduksjon av sjukefråvær
- ▶ Tett oppfølging/samtalar med dei som har stort fråvær, arbeide for trivsel på arbeidsplassen, personleg tilrettelegging av turnusar

AKTIVITET 2013

Heimetenesta har gitt tenester av god kvalitet og greidd å ta imot utskrivingssklare pasientar frå sjukehusa. Det har vore auke i tal på brukarar i heimesjukepleia frå 156 i 2012 til 172 i 2013 og det syner at det er mange pasientar som treng ferdigbehandling etter sjukehusopphald. Det har vore fokus på arbeidsmiljø og sjukefråværsarbeid og vi ser at sjukefråværet i etaten har gått ned i 2013. Tenesta for utviklingshemma – god drift og lågt sjukefråvær i 2013. Ingen ledige faste stillingar i avdelinga. Har hatt ein del avvik i høve til utfordrande åtførding i tenesta for menneske med utviklingshemming. Dette vert fokusområde i 2014 og det skal utarbeidast plan for vald og trugsar i 2014. Det var først i 2013 at budsjettet til omsorg vart fordelt ut på dei ulike sonene. Før det var budsjettet inndelt i institusjon og heimetenester. Historikk for dei tidlegare år ligg i tala til Helse og omsorg samla. Underskotet i 2013

er knytt til auka kostnad til brukarstyrt personleg assistent. Avviket vart meldt inn i tertialrapport og til budsjettarbeidet. Budsjettet er auka for 2014.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL SONE 1, OMSORG

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Samhandlingsreforma	Ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som treng heimesjukepleie	100 %	100 %	100%
Nye Helsekerdalen	Forsvarleg drift med redusert ressursbruk	2015		
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0		-0,3
	Informasjon om økonomi på personalmøter	3/år	-	3
	Arbeidsmøter i heimesjukepleia (fagkoordinatorar)	24/år	6	28
	Søke aktivt på prosjektmidlar knytt til kompetansestillingar	2/år	2	2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøking	Gjennomføre brukarundersøking psykisk helse	2014	->	->
Fagkompetanse	Stillingsheimlar fordelt slik på kompetanse:			
	- Sjukepleiarar	32 %	31 %	20 %
	- Fagarbeiderar/ufaglærte	55 %	56 %	61 %
	- Vernepleiarar/miljøterapeut	8 %	8 %	6 %
	- Ergoterapeut	6 %	6 %	3 %
	Andel tilsette med fagutdanning	70 %	72 %	68 %
Rutinar	Utarbeide tildelingskriteria for lovpålagde tenester, og legge dei ut på heimesidene	2014	->	->
	Alle rutinar skal inn i nytt styrings og kvalitetssystem	2014	->	->
Kompetanseheving	Alle nyttilsette skal ha opplæring på dokumentasjon og journalføring i Gerica	100 %	-	100%
	Alle tilsette skal ha opplæring og nytte Risk Manager til avvikshandtering	100 %	-	95
Sakshandsaming	Fokus på sakshandsaming - opplæring av nøkkelpersonell	2/år		2
	Minst muleg klagesaker	0		?
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	45 %	
	Medarbeidartilfredsheit	5	4,2	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	5/29	20/53
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	4,4	
	Sjukefråvær	8,0 %	12,2 %	12 %

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR



Omsorg - sone 2



LEIAR: GUNN HOFSET

Eininga og tenestene

Ulstein Sanse- og aktivitetssenter har 10,38 stillingar inkludert fagkoordinator som har ansvar for dagleg drift. Dagsenterpersonalet har ansvar for morgonstellet i bustadane i tillegg til aktivisering på dagsenteret for 15 psykisk utviklingshemma personar. Ni av desse har stort hjelpebehov og har vedtak om 1:1 bemanning.

Petterbakken 4 har 6,31 stillingar og er bustad for tre multifunksjonshemma personar som treng kontinuerleg hjelp og tilsyn. Der er kvilande nattevakt.

Petterbakken 18-24 har 4,32 stillingar. Der er fast bustad for to psykisk utviklingshemma personar og avlastningssleilighet for to barn. Tre av personane treng kontinuerleg hjelp og tilsyn. Det er våken nattevakt når der er barn på avlastning og kvilande nattevakt elles. Avdelingane Petterbakken 4 og 18-24 har ein felles fagkoordinator som arbeider turnus i bustad.

Ulshaugen har 13,83 stillingar inkludert to fagkoordinatorar som arbeider turnus og har ansvar for dagleg drift. Omsorgsbasen har 54 bueningar og 57 bebuarar i omsorgsbustadar/tilrettelagte bustadar. Sju av bustadane er definert som psykiatribustadar. Bebuarane får individuelt tilpassa tenester.

Bygdastova er open alle kvardagar for besøkande bygdefolk og bebuarar på området. Det er tilbod om frisør, fotpleie, trimrom og kafe. Tre dagar pr. veke er det dagsentertilbod.

Det har vore jobba mykje med planlegging av nye omsorgsbustadar på Sjøsidea og Holsekerdalen, saman med arkitektar og utbyggarar. På slutten av året vart medarbeidarar, tillitsvalde og verneombod innkopla for å starte meir detaljert arbeid.

Siste året er det brukt mykje tid på tilrettelegging av turnusar for å personleg tilpasse arbeid til tilsette som slit med helsa si. Det kan til tider vere krevjande å vurdere kva som er best i høve drifta, men målet har vore å ivareta tilsette og eit håp om å få ned sjukefråværet. I tillegg har eg jobba for å få til eit godt treningsrom ved Bygdastova som både bebuarar og tilsette kan nytte seg av. Vi har her eit godt samarbeid med BUK.

Medarbeidersamtalar vert nytta for å følge opp tilsette, men det tek si tid å gjennomføre samtalar med 67 personar. Dei som har høgt sjukefråvær får tettare oppfølging.


TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Innovasjonsprosjektet Holsekerdalen: Detaljplanlegging av drift, brukarmedverknad i høve flytting/omrokking av bebuarane og rett omsorgsnivå. Nye arbeidsplanar/turnusar, omdisponering av knappe personalressursar
- ▶ Lovere tenester av verdig kvalitet til bebuarar i omsorgsbustadar/tilrettelagde bustadar/psykiatribustadar
- ▶ Godt arbeidsmiljø og reduksjon av sjukefråvær: Tett oppfølging/samtalar med dei som har stort fråvær, arbeide for trivsel på arbeidsplassen, personleg tilrettelegging av turnusar

AKTIVITET 2013

Frå 01.12.13 vart 1,83 stilling nattevakt ved Ulshaugen overflytta til eit felles natteam, slik at det no er 12 stillingar ved avd. Ulshaugen. Ein av desse stillingane er knytta til arbeid ved Bygdastova. Ved dagsenteret har det vore stor aktivitet og på slutten av året ein auke til 15 brukarar. I tillegg er det mange bebuarar ved Ulshaugen som kjem til Bygdastova kvar torsdag for å arbeide med produkt som skal selgast på den årlege julemesssa. Torsdagane er det om lag 25-30 personar som er saman i arbeid og aktivitet. Bygdastova er også utleigelokale til mange selskap, lag og organisasjonar og det har vore arrangert 18 minnestunder 1 2013. Det var først i 2013 at budsjettet til omsorg vart fordelt ut på dei ulike sonene. Før det var budsjettet inndelt i institusjon og heimetenester. Historikk for dei tidlegare år ligg i tala til Helse og omsorg samla.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL SONE 2, OMSORG

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Samhandling for auka	Frivilligsentral	4/år	0	
frivillig innsats	Diakoni	4/år	0	
	Saniteten	1/år	2	
	Pårørande	4/år	1	
Nye Helsekerdalen	Forsvarleg drift med redusert ressursbruk	2015		
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0 %		0,1
	Involvere og ansvarleggjere tilsette:			
	Møter med fagkoordinatorar	12/år	6	6
	Personalmøter	3/år	4	4
	Frivillig/familiær arbeidsinnsats	3-4/år	1	2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagkompetanse	Stillingsheimlar fordelt slik på kompetanse:			
	- Sjukepleiarar	11 %	8 %	9 %
	- Fagarbeiderar/ufaglærte	70 %	73 %	75 %
	- Vernepleiarar	8 %	8 %	9 %
	- Miljøterapeut	12 %	12 %	7 %
	Andel tilsette med fagutdanning	70 %	64 %	61 %
Brukarundersøkingar (karakter 1-6, 6 best)	Brukarane skal vite kven av personalet som er kontaktperson	4	1,6	-
	Brukarmedverknad	5	5,6	-
Kompetanseheving	Alle nyttilsette skal ha opplæring på dokumentasjon og journalføring i Gerica	100 %		
	Alle tilsette skal ha opplæring og nytte Risk Manager til avvikshandtering	100 %		
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	54 %	
	Medarbeidertilfredsheit	5	4,8	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	11/44	55 %
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	4,9	
	Sjukefråvær	8,0 %	10,0 %	11,7 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Omsorg - sone 3



LEIAR: GUNN SÆTRE

Eininga og tenestene

HI-fløya er to bufelleskap med omsorgsbustadar som ligg på Alvehaugen med til saman 21 omsorgsbustadar. Der bur i dag 23 pasientar, og dei som bur i omsorgsbustad på HI-fløya er pasientar som har høgt omsorgsbehov, her av to pasientar som har 1:1 bemanning på dag og kveld. Avdelinga har 16,85 stillingar fordelt på dag og kveld.

G-fløya er korttidsavdelinga på sjukeheimen. Der er 18 plassar, der eit rom er avsett til øyeblikkeleg-hjelps opphald. Dei fleste av plassane er brukt til langtidspasientar som ventar på plass på langtidsavdeling eller omsorgsbustad. Korttids plassane vert nytta til pasientar som er utskrivne frå sjukehuset, til heimebuande som treng

korttidsopphald som avlastning for pårørende eller rehabiliteringsopphald, eller til omsorg ved livets slutt. Avdelinga har 14,68 stillingar fordelt på dag, kveld og natt.

Dagsenter er fordelt på Dagsenter i institusjon på Alvehaugen og Dagsenter for eldre på Ulshaug. Dagtilbodet på Alvehaugen er ope fem dagar i veka og gir tilbod til 27 brukarar. Dagtilbodet på Ulshaug er ope tre dagar pr. veka og gir tilbod til 16 brukarar. Dagsenteravdelinga har 2,33 stillingar for aktivtør. På Ulshaug arbeider vi i tett samarbeid med personalressursen på Bygdastova.

Ambulerande serviceteneste har 3,3 stillingar. 0,5 stilling vert brukt til formidling og reperasjonar av hjelpemiddel.

Dei resterande stillingane vert nytta til å køyre brukarar til dagtilbod på Ulshaug, Alvehaugen og USAS, middagsbringning til bustadar og heimebuande og til anna sjåfør og servicearbeid for omsorgstaten.

Fysioterapiteneste: 0,5 stilling som kommunal fysioterapeut.

Fagkoordinatorar: Sone 3 har fem fagkoordinatorstillingar, ein på Dagplass, to på avd. G og to på HI-fløya. Fagkoordinatorane har ansvar for dagleg drift og fagleg ansvar i samarbeid med soneleiar.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Avd. G (korttidsavd.) har eit særskilt ansvar for gjennomføring av samhandlingsreforma gjennom å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset, drift av øyeblikkeleg hjelp plassen samt å yte korttidsopphald for heimebuande som treng det
- ▶ Alle avdelingar og tenesteytarar skal ha fokus på å levere tenester som er fagleg forsvarlege og verdige for pasient/brukar
- ▶ Godt arbeidsmiljø og reduksjon av sjukefråvær. Tett oppfølging/samtalar med dei som har stort fråvær, arbeide for trivsel på arbeidsplassen, personleg tilrettelegging av turnusar

AKTIVITET 2013

G-fløya: Stort press på plassane heile året, periodar med fleire pasientar i overbelegg. 28 pasientar på øyeblikkeleg-hjelps opphald i løpet av året, og vi ser at legane nyttar tilbodet i aukande grad. Vi har teke imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset på dagen det vart søkt frå. Vi har også gitt rehabiliteringsopphald/avlastning til alle heimebuande det har vorte søkt for, og der det har vore fagleg grunnlag (kan vere ventetid).


HI-fløya: Omsorgsbustadar for dei med store hjelpebehov, full drift heile året, periodar med stor pleietyngde.

Dagplass: stor aktivitet både på Ulshaug og Alvehaugen, auka frå 96 til 106 i løpet av året (totaltall pr veka).

Vi gjennomførte brukarundersøking i 2013 med svært gode tilbakemeldingar.

Det var først i 2013 at budsjettet til omsorg vart fordelt ut på dei ulike sonene. Før det var budsjettet inndelt i institusjon og heimetenester. Historikk for dei tidlegare år ligg i tala til Helse og omsorg samla.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL SONE 3, OMSORG

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Samhandlingsreforma	Dagplasstilbod til demente	2014	->	->
	Rehabilitering, kortidsplassar tilgjengeleg	8 rom		3-4
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0 %		1,0
	Involvere og ansvarleggjere tilsette:	4/år		4
	Møter med fagkoordinatorar	4/år		4
	Personalmøter	4/år		5
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagkompetanse	Stillingsheimlar fordelt slik på kompetanse:			
	- Sjukepleiarar	30 %	19 %	20 %
	- Fagarbeiderar/ufaglærte	59 %	70 %	67 %
	- Vernepleiarar	3 %	3 %	4 %
	- Ambulerande serviceteneste	8 %	8 %	9 %
	Andel tilsette med fagutdanning	90 %	87 %	87 %
Brukarundersøking (karakter 1-6, der 6 er best)	Trivsel	5,8		5,8
	Brukarmedverknad	5,3		5,3
	Informasjon	5,4		5,4
	Respektfull behandling	5,8		5,8
Rutinar	Utarbeide tildelingskriteriar for lovpålagde tenester, og legge dei ut på heimesidene	2014	->	->
Sakshandsaming	Sakshandsamingstid	2 veker		
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeiderundersøking, svarprosent	100 %	61 %	
	Medarbeidartilfredsheit	5	4,4	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	6/38	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	4,7	
	Sjukefråvær	8,0 %	9,2 %	8,0 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Omsorg - sone 4



LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

Eininga og tenestene

Avdeling E: Har vore definert som «tyngre demensavdeling» sidan opninga av ny sjukeheim. Har åtte plassar for menneske med demens som treng skjerming. Har til ei kvar tid 1-2 pasientar med utagerande adferd. 6,15 stillingsheimlar.

Avdeling F: 16 plassar. Har vore ei åttar-gruppe for menneske med «dettare demenssjukdom» og ei åttar-gruppe for «somatisk sjukdom», langtidsavdeling. I løpet av siste åra har vi hatt auka behov for plassar til menneske med demens, og avd F er no omdefinert til ei avdeling med 16 plassar for menneske med ulik grad av demens. Avdelinga har også brukarar som «vandrar» og fleire med utagerande adferd. 12,57 stillingsheimlar.

For å få plass på ei demensavdeling er det krav om at pasienten skal ha ei

demensdiagnose. Pasientgruppa er i stor grad ikkje sjølv i stand til å ivareta eiga verdigheit.

Kjøkkenet: Leverer mat til avdelingane, middag til heimebuande som har vedtak på middagsombringning, og driv kantina på Alvehaugen. Dei leverer også mat til kurs, møter etc. 4,28 stillingsheimlar

Vaskeri: Vaskar kle til alle pasientar på sjukeheimen og til dei som har vedtak på vaskeriteneste både frå omsorgsbustad og heimebuande. Vaskar alt av sengkle, handdukar etc. som vert brukt i det daglege på avdelingane, samt alt personaltøy. 1,1 stillingsheimlar.

Vikarbank: Vart starta opp for å kunne gi fast tilsette høgare stillingar, og for å ha tilgjengelege vikarar. Dei tilsette her må vere villige til å flytte på seg, og vert nytta på ulike avdelingar ved vakansar,

sjukdom, ferie, avspasering. Stundom vert dei tilsette i vikarbanken tatt ut av denne og sett inn i vikariat. Antal stillingsheimlar vil difor variere. Har i dag 5,45 stillingsheimlar.

Fagkoordinatorar:

Avd E har ein fagkoordinator, med ein kontordag i veka, har legevisitt på åtte pasientar saman med lege. Avd F har ein fagkoordinator, med ein kontordag i veka, har legevisitt på 16 pasientar saman med lege. Kjøkkenet har ein fagkoordinator.

Natteamet: Nattevaktene i heime-tenestene og på Alvehaugen gjekk i desember 2013 inn i eit eige natteam. Teamet har ansvar for alle heimebuande, omsorgsboligar og Alvehaugen – bu og rehabiliteringssenter. 9,5 stillingsheimlar.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Velferdsteknologi. Ulstein kommune er med i utprøving av GPS for menneske med kognitiv svikt/demenssjukdom. Målet er å prøve ut om dette er noko kommunane skal tilby som eit hjelpemiddel i framtida, eller om kommunane skal vere rettleiarar for dei som ønskjer å skaffe seg dette sjølv.
- ▶ Fagleg forsvarlege og verdige tenester for pasientar med demens
- ▶ Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær. Tett oppfølging/samtalar med dei som har stort fråvær, arbeide for trivsel på arbeidsplassen, personleg tilrettelegging av turnusar

AKTIVITET 2013

I 2013 har vi ved demensavdelingane hatt mange tunge og ressurskrevjande oppgåver i høve bebuarar med langtkomen demenssjukdom. Vi ser at vi i framtida vil stå overfor fleire og tyngre utfordringar i høve dette.


Kjøkkenet har hatt stor aktivitet i 2013.

Ved vaskeriet ser vi ei auke i vask av privattøy.

Natteamet vart starta opp på tampen av 2013, og skal arbeide som eit team inn mot behova som er på natt.

Det var først i 2013 at budsjettet til omsorg vart fordelt ut på dei ulike sonene. Før det var budsjettet inndelt i institusjon og heimetenester. Historikk for dei tidlegare år ligg i tala til Helse og omsorg samla.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL SONE 4, OMSORG

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Auka kunnskap	Pårørandeskule om demens	2.kvart år		X
	Samarbeidsmøter med demensforeininga	4/år		3
	Samtalar med pårørande	12/år		6
	Informasjon i media om demens og velferdsteknologi	2/år		2
Samhandlingsreforma	Ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus	100 %		100
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0 %		0,9
	Involvere og ansvarleggjere tilsette:			
	Møter med fagkoordinatorar	12/år		4
	Personalmøter	6/år		6
Ressurs/bemanning	Samarbeid på tvers mellom turnusar	Dagleg		X
	Systematisk gjennomgang av vedtak med fagkoordinator på kjøkken og Vaskeri	2/år		0
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagkompetanse	Stillingsheimlar fordelt slik på kompetanse:			
	- Sjukepleiarar	32 %		28 %
	- Fagarbeiderar	68 %		72 %
	Oppmode ufaglærte om å ta utdanning/fagbrev	2/år		1
	Fleire sjukepleiarar (frå 2012)	1,6 st		0,9 st
Brukarundersøking (karakter 1-6, der 6 er best)	Trivsel	5	5,6	-
	Brukarmedverknad	5	5,6	-
	Informasjon	5	5,1	-
	Respektfull behandling	5	5,7	-
Kompetanseheving	Alle nytilsette skall ha opplæring på dokumentasjon og journalføring i Geric	100 %		70
	Alle tilsette skal ha opplæring og nytte Risk Manager til avvikshandtering	100 %		-
Fagutvikling	Innføring av AIVO, dataprogram for pålagt merking av matvarer	2014		->
	Fokus på realistiske målsettingar for å ivareta fagleg forsvarlege og verdige tenester	6/år		2
	Etablere demensteam	2015		
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidar- undersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	36 %	
	Medarbeidartilfredsheit (karakter 1-6, 6 best)	5	4,1	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	12/17	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass (karakter 1-6, 6 best)	5	4,2	
	Sjukefråvær	8,0 %	11,8 %	10,1 %

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR





LEIAR: INGER LISE KALDHOL

Eininga og tenestene

Tenesta er organisert under helse- og omsorgsetaten og omfattar kommuneoverlege og stedfortredar for kommuneoverlegen/smittevernlegen. Arbeidsoppgåvene er samfunnsretta med førebyggjande arbeid som til dømes

miljøretta helsevern og smittevern. Kommuneoverlegen skal vere medisinsk fagleg rådgjevar for kommunen og arbeide på tvers av etatane/områda. I driftsutgiftene ligg også utgiftene til fastlegeordninga og dei private fysioter-

apeutane. Kommunen har i dag 8 fastlegar på 7 kontor. Kapasiteten på Ulstein legesenter er sprengt og det er behov for ei utviding av ordninga. Kommunen har 5,5 driftsavgiftar med fysioterapeutar fordelt på 6 fysioterapeutar, fire ved Ulstein fysikalske og to på Alvehaugen.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Ein fagleg god fastlegeteneste for innbyggjarane: Tilgang til fastlege for alle og godt tverrfagleg samarbeid med resten av helse og omsorgstenesta
- ▶ God kvalitet og kort ventetid i fysioterapiordninga
- ▶ Få på plass dei lovpålagte planane og oppgåvene innan samfunnsmedisin (smittevernplan, beredskapsplan for helse, miljøretta helsevern og folkehelseoversikt)

I 2013 blei det klart at ein måtte arbeide for å utvide kapasiteten i fastlegeordninga. Det blei sett på to ulike løysingar, nytt legekantor eller utviding av eksisterande. Ein kom fram til at utviding av eksisterande legekantor gav beste løysinga og det blei hausten 2013 framforhandla ein avtale mellom kommunen og Ulstein legesenter AS om utviding av legesenteret. Kommunen oppretta samtidig to nye fastlegeheimlar. Fastlegane i Ulstein deltek i samarbeidsmøter med kommunalsjef for Helse og omsorg og kommuneoverlege jamleg. I desse møta blir også andre frå helse og omsorgsetaten invitert med ved behov. I tillegg har fastlegane faste samarbeidsmøter med fysioterapeutane og helsestasjonen. For god kvalitet i fysioterapiordninga har ein samarbeidsmøter med fysiotera-

apeutane to gonger pr år der utvikling av tenesta og ventetider er tema. Når det gjeld lovpålagt planarbeid blei det i 2013 starta opp arbeidet med å lage ei folkehelseoversikt.


AKTIVITET 2013

Den største daglege aktiviteten i dette driftsområdet blir utført av fastlegane og fysioterapeutane som er knytt til kommunen igjennom avtaler. I den daglege drifta for dei kommunale stillingane er medisinskfagleg rådgjeving og deltaking i samarbeidsmøter kommunalt og interkommunalt største arbeidsområda.

Arbeidsoppgåver av meir prosjektkarakter har i 2013 vore:

- ▶ Innføringa av elektroniske meldingar i helse og omsorg.
- ▶ Dugnadsarbeid med rusførebygging og rehabilitering
- ▶ Arbeid med asyl- og flyktningoversikter
- ▶ Levekårsplanen
- ▶ Reforhandlingar av avtaler: nattlegevakta, legevaktssentralen og nødnett, legekantor, veterinærvaktenesta på anbod

TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL LEGETENESTA

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Auka kunnskap	Oppdatere informasjon om miljøretta helsevern på heimesidene til kommunen	2014	->	->
	Gjennomføre tilsyn på miljøretta helsevern	4/år	1/år	2
Folkehelse	Auke andelen som tek influensavaksine	15 %	10 %	8%
	Lage folkehelseoversikt og gjere denne tilgjengeleg via heimesidene til kommunen	Sommar 2014	->	->
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0 %	-0,1	0,5
Førebyggjande arbeid	Samarbeidsmøte med folkehelsekoordinator og frisklivssentral	12/år		12
	Delta på rektormøte	1/år		0
	Delta på barnehagestyrarmøte	1/år		0
	Delta på møte med teknisk etat	1/år		0
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fastlegeordninga	Auke kapasitet i ordninga og ha ledig plass på fastlegelistene	Min. 2 opne lister	0-1	0-1
Styrka samarbeid	Møter med fastlegane	8/år	8/år	8
	Samarbeidsutval (fastlegar-kommune)	2/år	0/år	1
	Møter med fysioterapeutane	2/år	2/år	2
	Møte mellom legar og fysioterapeutar	1/år	1/år	1
Miljøretta helsevern	Rutinar for gjennomføring av tilsyn etter miljøretta helsevern	2014	->	->
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Avdelinga er for lita til eige resultat, sjå felles under Helse og omsorg			

NETTO RESULTAT



Helsestasjonstenesta



LEIAR: KRISTIN MELI

Eininga og tenestene

Helsestasjonen er organisert under helse- og omsorgsetaten og har pr. i dag 5,1 helsesøsterstilling, av dette er 1,4 st. øymerka til:

0,6 asylhelsesøster

0,4 flyktninghelsesøster

0,2 til forsterka helsestasjon; rustesting og tverrfaglig/tverretatleg oppfølging av gravide rusmisbrukarar/rusmisbrukande småbarnsforeldre

0,2 til Helsestasjon for ungdom, Det er da igjen 3,7 stilling til 100 fødsler pr. år, arbeid med smittevern og oppfølging av 700 barneskuleelevar/400 ungdomsskuleelevar/800 elevar i vidaregåande skule.

I 2013 har 47 % nyfødte barn i Ulstein kommune foreldre der ein eller begge ikkje er etnisk norsk. Dette gir helsestas-

jonen (og andre etatar i Ulstein kommune) fleire utfordringar, spesielt med omsyn til språk/kommunikasjon.

Ulstein kommune er vertskommune for den interkommunale jordmortenesta i Sande, Herøy, Hareid og Ulstein. Ulstein kommune har 0,6 stilling som kommunejordmor.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ 100 % oppslutning om helsestasjonen av aktuelle brukargrupper
- ▶ Likeverdig helsestasjons-/skulehelsetilbod til alle barn i kommunen
- ▶ Ha fokus på spesielt utsette grupper

Vi tilstrebar å gi vordande foreldre god skriftlig og munnleg informasjon om kommunen sine tenester ved helsestasjonen. Vi veit at alle barn vi har oversikt over i kommunen får oppfølging her. Har starta eit samarbeid (utarbeide skriftleg materiell) med mellom anna barnehagane for tidligast muleg få oversikt over nyttilflytta, spesielt frå andre land. I 2013 vart Ulstein kommune/helsestasjonen med på Likestillingsprosjektet (frå Kommuneprogrammet likestilte kommunar 2012-2014).

Helsestasjonen satt fokus på sitt tilbod til etnisk norske kontra brukarar med innvandringsbakgrunn uansett opprinnelsesland. Tala vi fikk fram vart vidareformidla til resten av kommunen og vart bakgrunnen til stort fokus på kommunen sine fleirkulturelle befolkn-

ing. Hausten 2013 vart det gjennomført brukarundersøing blant foreldre til barn under 6 år på helsestasjonen. Totalcoren for heile undersøkingn var 5,2 av 6.0. Vi har allereie sett i gang å arbeide med det vi ser vi kan forbedre oss i; «Tilgjengelighet» både med nettside og parkering for besøkande.


AKTIVITET 2013

Vart i 2013 godkjent som Ammekyndig helsestasjon frå Nasjonal kompetansetene for amming. Fylkesmannan gjennomførte i oktober tilsyn med Ulstein helsestasjon sine helsestasjonstenester til barn 0-6 år. Det vart avdekt to avvik under tilsynet. Skulehelseteneste utgjør om lag halvparten av vår teneste. Helsesøstrer/helsestasjonsleger har mykje oppfølging av elevar som slit. Det er også på skulane vi har høve for å møte heile befolkninga. I alt vårt arbeid har vi fokus på tidleg intervensjon. Vi samarbeider med aktuelle partar i kommunen for om muleg å førebygge vidare utvikling av problemet. Dette medfører også at vi har fokus på å finne risikofamiliane i kommunen. Ulstein kommune er ein internasjonal kommune, og vi ser at dei som ikkje forstår norsk, jamt over forbrukar meir av vår tid på samliknbare konsultasjonar med norske brukarar. Dette medfører også eit stort

forbruk av tolketenester.

I 2013 fikk Ulstein helsestasjon til saman 600 000 kr frå Helsedirektoratet til to ulike prosjekt. «Folkehelseprosjekt for barn og unge og deira familiar» og «Tilbod om samtalegrupper for småbarnsforeldre og ungdom med asyl eller flyktningstatus». 2013 var et utfordrande år i høve vårt nyinnkjøpte datasystem HSPRO. Helsestasjonen begynte i 2013 å motta elektroniske meldingar

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL HELSESTASJONSTENESTA

ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,3	-0,1
	Informasjon om økonomi på personalmøter	3/År		3/år
	Prosjektmidlar til Skulehelseteneste	2014		
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarar	Optimal oppslutning om helsestasjonen:			
	- Heimebesøk til nyfødte	100 %		90 %
	- 6 vekers kontroll	100 %		100 %
	- 2 års kontroll	100 %		100 %
	- Førskuleundersøking	100 %		100 %
	Brukarundersøking (karakter 1-6, 6 best):			
	Brukarmedverknad	5,5	-	5,0
	Informasjon og veiledning	5,5	-	5,1
	Kompetanse	5,8	-	5,5
	Tilgjengelighet	5,5	-	5,2
	Betre informasjon om helsestasjon på heimesider og gjennom brosjyrar	2014	->	->
	Kompetanseheving	Opplæring og implementering av Kvalitetssystem og fokus på avvikshandtering	2014	->
Vidareutdanning i "Fleirkulturell helse"		2 stk/2014	->	->
Førebygging	Vaksinasjonsdekning	100 %		95 %
Prosjektarbeid	Utvikle et godt tilbud til overvektige barn/ungdom	2014	->	->
	Utvikle gode prosedyrar/samhandlingsverktøy ifht ungdom med rusproblem	2014	->	->
Likestilling	Nytte tal-/bakgrunnsmateriell frå likestillingsprosjekt i vidareutvikling av helsestasjonstilbod	2014	->	->
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	73 %	-
	Medarbeidartilfredsheit	5,5	4,9	-
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	6/8	9/9
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5,5	5,1	
	Sjukefråvær	1,0 %	1,7 %	3,8 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Barnevern

Foto: Per Eide



LEIAR: ANN REIDUN VIK

Eininga og tenestene

Barnevernstenesta har 6,5 stilling, og er organisert under helse og omsorgsetaten. Frå 01.01.2014 skal Barnevernstenesta i Ulstein verte ein del av ei interkommunal barnevernsteneste i lag

med Ørsta, Volda og Hareid, med Volda som vertskommune. Vi kan likevel ikkje rekne med å verte samlokaliserte før tidlegast seinhaustes 2014 då vi ikkje har høvelege lokale tilgjengeleg før då.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Barnevernstenesta skal sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan vere skadeleg for helse og utvikling får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid
- ▶ Barnevernstenesta skal også medverke til å skape gode og trygge oppvekstvilkår for alle barn og unge i kommunen
- ▶ Kompetanseutvikling i tenesta/ godt arbeidsmiljø har prioritet.

Fristoverskridingar: Det var ei melding av 38 som ikkje var gjennomgått innan ei veke i 2013. Når det gjeld undersøkingar har vi ikkje nådd måla om å halde dei lovpålagde fristane. Siste halvår hadde vi 65% fristoverskridingar. Kompliserte saker/stort arbeidspress og sjukmeldingar i kontoret har vore medvirkande til fristoverskridingane.

Tilsynsførar: Fire av åtte fosterbarn har ikkje tilsynsførar pr. 31.12.13. Ein opplever diverre at tilsynsførarar sluttar og det kan vere vanskeleg å rekruttere nye.

Oppfølgingsbesøk: fem av 19 barn har ikkje fått oppfylt krav om minimum fire oppfølgingsbesøk i året.

Tiltaksplanar: Målet om at alle barn med hjelpetiltak skal ha tiltaksplanar er ikkje nådd. Berre 26 av 65 barn hadde tiltaksplan.

Omsorgsplanar: Alle barn som er under omsorg har omsorgsplanar.

Avvikshandtering: Vi har ikkje teke i bruk Risk Manager då vi frå 01.01.14 skulle bli interkommunal barnevernsteneste og ta i bruk Volda kommune sitt intern kontrollsystem.


Orientering av samarbeidspartar: Vi har ikkje orientert samarbeidspartane om barnevernet siste året. Dette er tidkrevjande arbeid som vi ikkje har kunna prioritere. Vi har likevel hatt kontakt med samarbeidspartane gjennom samarbeidsmøter og ansvarsgruppemøter.

AKTIVITET 2013

Pr. 31.12.13 hadde 83 barn tiltak frå barnevernstenesta. 65 barn har hjelpetiltak, det vil seie tiltak retta inn mot heimen. 23 barn er plassert i fosterheim/institusjon, herav 18 barn etter § 4.12 og fem barn etter § 4.4,5 ledd der foreldra samtykka til plassering. Pr. 31.12 hadde vi seks barn plassert på institusjon og 17 barn i fosterheim. Siste halve året har vi fått ei ny plassering i institusjon. I løpet av året vart det gjort vedtak om akutt-plassering av fem barn, der fire vart tilbakeført til foreldra. I tillegg er 10 barn på ettervern, derav fem i fosterheim.

Netto driftsutgifter for barnevernstenesta viser eit negativt avvik på 800.000 kr. i høve det som er budsjettert. Forventa refusjon på 1,6 mill for 2013 er bokført i rekneskapen. Dei største kostnadene har i stor grad vore i samband med plassering i fosterheim og ungdom i institusjon. Vi har også kjøpt tenester frå ulike private aktørar som tilbyr tiltak både innanfor og utanfor heimen. Barnevernstenesta i Ulstein har kjøpt tenester frå private i fleire saker, særleg etter at VIT blei nedlagt.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL BARNEVERN

ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-1,5	-0,7
	Fokus på økonomi ved fagleg vurderingar	Dagleg		Dagleg
	Informasjonsmøte om økonomi på personalmøter	12/år		2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fristoverskriding	Alle meldingar skal gjennomførast innan ei veke	100 %		99%
	Alle undersøkingar skal vere verdig undersøkt innan 3 mnd (6 mnd i særleg høve)	100 %		36%
Fosterheim	Tilsynsførar i alle fosterheimar der vi har tilsynsansvar	100 %		50%
	Oppfølgjingsbesøk i alle fosterheimar der vi har oppfølgjingsansvar	4/år		14
Planar	Alle barn med hjelpetiltak skal ha tiltaksplan ved rapportering	30.06.2014		26
	Alle barn under omsorg skal ha omsorgsplan ved rapportering	30.06.2014		18
Kompetanseheving	Vidareutdanning Marte meo	3stk/2014		3stk
	Opplæring og ta i bruk (avvikshandtering, internkontroll)Kvalitetssystemet Risk Manager	2014		0
	Besøke og orientere samarbeidspartane om barnevern:			
	- Skular	1/år		0
	- Barnehagar	1/år		0
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	75 %	0
	Medarbeidartilfredsheit	4,5	3,8	0
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	6/6	0
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,5	3,3	0
	Sjukefråvær	2,5 %	3,5 %	16,3 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT





LEIAR: ANNE KARIN URKE OSNES

Eininga og tenestene

NAV Ulstein rapporterer på to område til kommunen: Sosialteneste og økonomisk sosialhjelp. Sosialteneste er hovudsakleg lønn og driftsutgifter til kommunalt tilsette i NAV, men omfattar også lønn til støttekontaktar og avlastningsheimar. Under dette ansvarssområdet er også bidrag til Sunnmøre Krisesenter og ulike tiltak for funksjonshemma. Økonomisk sosialhjelp er bidrag og lån til vanskelegstilte. Under

ansvarsområdet er også Kvalifiseringssprogrammet som er eit lavterskeltilbod for personar med nedsett arbeids- og inntektsevne.

Dei kommunale tenestene som minimum inngår i NAV-kontoret er: Opplysning, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, individuell plan og Kvalifiseringsprogrammet – jfr.

Lov om sosiale tenester i NAV.

I tillegg til den såkalla «minimumsløysinga» har NAV Ulstein tenester innan rusfeltet, støttekontaktar, besøks- og avlastningsheimar samt bustonadsordninga i Husbanken. Desse tilleggstenestene er planlagt utfasa til omsorgstenestene innan 2014. Dette vil naturleg nok også innebære avgang personalressursar frå NAV til omsorgstenestene.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Å gje alle mulegheit til å kome i arbeid
- ▶ Å gje alle barn og unge mulegheit til å delta og utvikle seg
- ▶ Å betre levekåra for vanskelegstilte

Av våre styringsdokument frå både statleg og kommunal line, går det fram at vårt hovedmål er å få dei som står utanfor arbeidslivet i jobb. Dette gjeld både på kort og lang sikt. Yrkesdeltaking gjev den einskilde økonomisk sjølvstende og handlingsrom, og arbeidslivet er den viktigaste arenaen for sosial inkludering. Arbeidsmarknadssituasjonen var svært god i Ulstein kommune også i 2013 i tillegg til at sjukefråveret er lavt. Dette er gode indikatorar på at dei aller fleste innbyggjarane i kommunen har gode levekår. I eit velfungerande samfunn som Ulstein kommune, vil imidlertid skiljet mellom dei som lukkast og dei som fell utanfor vere stort.


NAV si oppgåve er først og fremst å inkludere alle, og vi jobbar systematisk for å kartlegge brukarane sine utfordringar gjennom felles arbeidsmetodikk: Arbeidsevnevurdering. Mange står langt frå arbeidslivet, og det er mange faktorar som må på plass for å nå målet. For at brukarane skal fungere i eit arbeidslivet, er det viktig at vi jobbar med faktorene

som hindrar yrkesdeltaking. Vi ser at vi lukkast å få mange ut i arbeid ved langsiktig og tett oppfølging. For at vi skal nå måla våre, må vi ha eit tett samarbeid med det lokale næringslivet i tillegg til det øvrige kommunale hjelpeapparatet og andrelinetenesta. Resultata for 2013 på dei målbare indikatorane viser at NAV Ulstein har god utvikling på tenestene.

AKTIVITET 2013

Rekneskapen for 2013 er om lag som året før. Sidan NAV har fått ekstratilddeling i løpet av året, er det negative avviket ikkje så stort som i 2012. Det er likevel ein stor auke i utgifter til økonomisk sosialhjelp. Store refusjonar frå Folketrygda har imidlertid balansert rekneskapen. For inneverande år har NAV stilt garanti for depositum husleige for vanskelegstilte, og er usikre på kva konsekvensar dette vil få for budsjettet vårt framover. Vi registrerer at det er fleire som har problem med personleg økonomi pga høge utgifter og vanskar med personleg økonomistyring.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL NAV ULSTEIN

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Arbeid først	Høg yrkesdeltaking – prosent arbeidsløyse	2,5 %	1,7 %	1,8%
	Lavt sjukefråvær	5 %	4,4%	4,2%
	Styrke arbeidsmarknadskompetansen			
Pålitlig forvaltning	Rett stønad til rett tid, sakshandsamingstid	3 v	3 v	3v
Aktive brukarar	Auke bruk av nettbaserte tenester	80 %	64 %	77%
Løysingsdyktig organisasjon	Alle medarbeidarar i NAV skal ha god kunnskap om tenestene uavhengig om desse er statlege eller kommunale	100 %		70%
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-0,5	-0,2
	Saksbehandlingsmøter kvar måndag	48/år	48/år	48/år
	Oppfølging refusjonskrav	12/år	12/år	12/år
	Reforhandling driftsavtale NAV	2014		
	Prøve å redusere husleigereale	2014		
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fleire i arbeid	Andel dialogmøte 2 innan 6 månadar	80 %	88 %	78%
	Andel arbeidssøkjjarar med overgang til arbeid	65 %	63 %	54%
	Andel personar med nedsett arbeidsevne med overgang til arbeid	45 %	51 %	56%
	Gjennomsnittleg varigheit avslutta sjukefråverstillfelle	35 dg	-	40
	Andel arbeidssøkjjarar med oppfølging siste 3 mnd	80 %	73 %	75%
	Andel personar med nedsett arbeidsevne med oppfølging dei siste 6 mnd	80 %	82 %	78%
Samspel med verksemder	Andel stillingar meldt til NAV med tilvising	90 %	95 %	94%
	Andel verksemder som har fått arbeidsmarknadsbistand frå NAV totalt (marknadsandel)	20 %	-	9%
Service	Andel «kontakt brukar» innan 48 timar	85 %	81 %	82%
Betre levekår for vanskelegstilte	Alle i målgruppa skal få tilbod om arbeid, arbeidsretta tiltak eller Kvalifiseringsprogrammet	100 %		
	Alle i målgruppa skal få tilbod om arbeid, arbeidsretta tiltak eller Kvalifiseringsprogrammet	100 %		
	Samarbeidsmøter med UEKF	12/år	12/år	12/år
	Sakshandsamingstid økonomisk stønad	3 veker	3 v	3 v
	Tiltaksmøte med omsorgstenestene	1/veke	1/v	1/v
	Deltaking torsdagsmøter	2/mnd	2/m	2/m
	Leiarmøte Helse og omsorg	6/år	4/år	4/år
	Møter med barnevern	12/år	10/år	6/år
ORGANISASJON		MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	63 %	
	Medarbeidartilfredsheit	4,5	4,3	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	5/5	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,5	4,2	
	Sjukefråvær	1,0 %	1,2 %	

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Oppvekst og kultur



KOMMUNALSJEF LEIF RINGSTAD

Etaten og tenestene

I Ulstein har vi sju private barnehagar (Almejordet, Sætra, Råsa, Høddvoll, Støy-lane, Tryggheim og Blåtinden), ein open barnehage (Byggekløssen) og ein kommunal barnehage (Sundgotmarka med ei midlertidig avdeling i Varleite).

Ulstein har pr. definisjon full barnehagedekning. Ein ny privat barnehage er under etablering i Vikemarka og utbetring ved Sundgotmarka barnehage vert lagt fram i budsjettarbeidet. Tiltaka vil vere med å sikre full barnehagedekning også dei næraste åra.

På skule/opplæringsområdet har kommunen fem grunnskular (Haddal,

Hasund, Ulsteinvik, Ulstein skule, og Ulstein ungdomsskule), Ulstein kulturskule, Ulstein kompetansesenter samt vertskommuneansvar for PP-tenesta i Ulstein og Hareid.

Eit interessant prosjekt som kommunen er med i er Den gode skuleeigar, i regi av KS. Målet med prosjektet er å sette fokus på skuleeigarrolla og knytte politisk nivå tettare på drifta av grunnskulen.

Oppvekst- og kulturetaten har også ansvar for flyktningmottak og introduksjonsprogrammet for flyktningar. Kommunane har for tida eit visst trykk frå sentralt hald til å ta imot fleire flyktningar. Ulstein auka talet

på flyktningar til 20 for fire åre sidan, og i vedtaket frå 2012 vart det i tillegg opna for å ta imot familieforeining. For 2013 vil det utgjere eit samla flyktningmottak på 26 personar.

På kulturområdet finn vi Ulstein bibliotek, Sjøborg kino og kulturhus, Ungdomsklubben Bell, Frivilligsentralen og drift av idrettsanlegg. Kultur og idrett har verkeleg sett Ulstein på kartet dei siste åra. Vi snakkar då både om idrettslege prestasjonar i fleire idrettsgreiner, eit breitt og kvalitativt kulturtilbod i Sjøborg kino og kulturhus, og ikkje minst kommunen si utbygging av fasilitetar for vidare utvikling innan kultur, idrett og fritid.

AKTIVITET 2013

Eit aktivt driftsår som har vore prega av både optimisme, og utfordringar i rikt monn. Veksten i elevtal og barnetal har flata ut, noko som gjer presset mot dei fysiske rammene mindre og vi også i år kan vise til full barnehagedekning i kommunen. Dei private barnehagane melder om noko betre økonomi, men der er og dei som framleis slit økonomisk. Samstundes har kommunen eit «meirforbruk» til dei private barnehagane på vel 2 mill kr. Dette kan sjølvsagt bli utfordrande både for kommunen og enkelte barnehagar, og det viser seg at berre mindre endringar i barneegruppene kan gi store økonomiske utslag for begge partar. Tett oppfølging av barnehageområdet har difor hatt høg prioritet.

Elevar og tilsette gjev tilbakemelding om at dei trivst i Ulsteinskulen, - eit viktig fundament for læring og utvikling. Når det er sagt, skal vi ikkje legge skjul på at resultat i ulsteinskulen kunne og kanskje burde ha vore noko betre. Dei økonomiske rammene og ressursane er tronge, og enkelte

vil nok hevde at auka rammer også kunne bidrege til betre læringsresultat. Det vi ser frå både forskning og lokalt arbeid, er at eit godt og forpliktande samarbeid mellom heim og skule, er ein viktig faktor med tanke på betra læringsresultat i skulen. Utvikling av dette samarbeidet er også eit element i prosjektet Den gode skuleeigar. Dette prosjektet er eit godt grunnlag for politisk eigarskap og innsikt i skulen. Vi er per årsskifte halvvegs i KS-prosjektet, som venteleg vil gjere politisk nivå til ein meir kompetent og aktiv medspelar i skuleutviklinga i kommunen. Så langt i prosjektet har ein gjennomført temamøter i kommunestyre, ein har innført politisk representasjon i skuleleiarmøta, kvalitetsplan for grunnskulen er under utarbeiding, mål om auka engasjement i samarbeidsutvala og rullering av årshjul for arbeidet i skulen og møtepunkta mellom politikk og administrativ/ fagleg nivå.

Kulturområdet har lagt bak seg nok eit aktivt år, med stort fokus både på gjennomføring av arrangement og


tilrettelegging for aktivitet og utvikling av nye anlegg.

Det økonomiske resultatet for 2013, må med utgangspunkt i tronge rammer og nye krevjande oppgåver, seiast å vere svært godt. Meir uroleg er det grunn til å vere med eit veksande sjukefråvær. For dei einingane som slit med eit høgt sjukefråvær, må fokus og tiltak knytt til auka nærvær prioriterast høgt.




Foto: Per Eide


SJUKEFRÅVÆR



TILSETTE OG ÅRSVERK




NETTO RESULTAT




Oppvekst og kultur


NETTO DRIFTSUTGIFTER BARNEHAGE, PER INNBYGGJARAR 1-5 ÅR



NETTO DRIFTSUTGIFTER GRUNNSKULESEKTOR, PER INNBYGGJAR



SNITTBESØK PER KINOFRAMSYNING





Kaizers Orchestra trekte fulle hus på Sjøborg. Foto: Ulstein kommune



Kinoen og kulturhuset vart godt besøkt i 2013. Foto: Ulstein kommune



Etaten og tenestene

Administrasjon:	
OPK – leiar:	50 %
Pedagogisk konsulent:	200 %
Barnehagekonsulent:	80 %

I tillegg har vi 60 % prosjektstilling knytt til bygging/prosjektering av Ulsteinhallen/Høddvoll/Arena Ulstein (reduisert til 20 % frå 01.08.2014)

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Skulefagleg ansvarleg i Ulstein vil fremje det kunnskapsbaserte engasjementet for grunnskulen. I arbeidet med å utvikle kvaliteten i skulane er skuleeigar ansvarleg for strukturkvaliteten, dei ytre føresetnadene i form av organisering av verksemda og dei ressursane som er til rådvelde
- ▶ I samarbeid med heimane arbeider skulane kontinuerleg for gode skulemiljø som fremjar trivsel, meistring og mangfald, for gode faglege resultat og gir elevane høve til sosial og kulturell utvikling
- ▶ Sikre barnehageplass til alle barn med rett til plass i kommunen. Sikre tilsyn med eksisterande barnehagar. Auke kompetanse for tilsette i alle barnehagar

AKTIVITET 2013


Oppvekstkontoret har dette året vore prega av varierende bemanning/personalsituasjon. Trass i desse utfordringane har ein klart å støtte skulane i deira arbeid og vere pådrivar i KS-prosjektet Den gode skuleeigar.

Ein har også gitt dei private barnehagane etter måten god oppfølging, gjennom ei utfordrande økonomisk periode. Det var også i 2013 full barnehagedekning i kommunen.

Skulane i Ulstein hadde i 2013 resultat frå dei nasjonale prøvene om lag som på landsgjennomsnittet. Kartleggingar viser også at elevane trivst godt i Ulsteinskulen og tala i høve mobbing viser ei god utvikling.

Oppvekst og kulturetaten som heilheit kunne vise til eit driftsresultat på om lag 0,6 mill kr. For oppvekst fellestenester ligg det eit avvik på -0,4 mill kr, som skuldast eit innsparingstiltak om lag 1,5 mill kr som ikkje er fordelt på einingane.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL OPPVEKST

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
	Godt heim-skulesamarbeid gjennom aktiv drift av skulane sine rådsorgan			Ja
	Samarbeid med bedrifter og næringsliv i kommunen			?
	Tverrfagleg samarbeid i kommunen			Ja/ Nei
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,3	1,2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagleg resultat	Nasjonale prøver i lesing og rekning 5. steg	2,0/2,0	1,9/1,8	2,0/1,9
	Nasjonale prøver i lesing og rekning 8. steg	3,1/3,1	2,9/3,0	3,1/3,2
	Nasjonale prøver i lesing og rekning 9. steg	3,5/3,4	3,5/3,8	3,2/3,3
	Grunnskulepoeng	40,3	40,2	38,0
Klasseleiing	Elevar blir aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	85,0 %	85,5 %	Sjå avdelingar
	Elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	85,0 %	81,9 %	Sjå avdelingar
Skulemiljø	Elevar trivst svært godt eller godt	100 %	92,1 %	Sjå avdelingar
	Elevar blir aldri eller sjeldan mobba	100 %	92,2 %	Sjå avdelingar
Barnehage	Dispensasjonar ped.personale	0	2	2
	Full barnehagedekning	100 %	100 %	100%
	Tilsyn i barnehagar	4	2	Ja
	Gjennomføre brukarundersøking i alle barnehagane i kommunen	8/8	0	Nei
ORGANISASJON		MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Resultat vert lagt fram under kvar skule, barnehage.			

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Kultur og idrett



KOMMUNALSJEF LEIF RINGSTAD

Etaten og tenestene

Kulturkontoret si hovudoppgåve er generelt kulturarbeid og tilrettelegging for det lokale kulturlivet, med vekt på barne- og ungdomsaktivitet. Oppgåvene er mellom anna handsaming av søknader om kulturmidlar, spelemidlar, utleige av hallar og andre bygningar, tildeling av treningstider, kulturtilbod i skulen (kulturturnista), konsertar og teaterarrangement, ungdomsarrangement, kulturminnevern, stimulere frivillig arbeid (Frivilligsentralen) m.m.

Øvingslokale for band, Bell ungdomsklubb og Ungdomsrådet er viktige ungdomstiltak som er administrativt lagt til Oppvekst- og kulturkontoret. Ei anna viktig oppgåve er å leggje til rette for idrett og fysisk aktivitet, der kommunedelplan for Idrett og friluftsliv (KIF-planen) er eit viktig verktøy. Planen inneheld handlingsprogram med prioriterte tiltak innan idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Det vert stilt krav om prioritet i KIF-planen for å få tilskot frå spelemidlane.

Kulturkontoret driftar også Sjøborg kulturhus og kino som er ein viktig del av kulturtilbodet i Ulstein. Sjøborg kulturhus skal vere eit kulturhus for alle, med eit godt og variert tilbod for alle aldersgrupper, med både lokale, nasjonale og internasjonale artistar. Kulturhuset skal vere ein viktig arena for det lokale kulturliv.

Kommunalsjef	50 %
Kulturkonsulent	150 %
Leiar Frivilligsentral	100 %
Ungdomsleiar	80 %

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Kulturkontoret skal legge til rette for og samarbeide med kulturlivet i kommunen. Kulturkontoret skal legge til rette for gode anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv, samt sikre gode rammebetingelsar for barne- og ungdomsidretten/-aktiviteten
- ▶ Sjøborg kulturhus skal vere eit kulturtilbod for alle, med eit godt og variert tilbod for alle aldersgrupper, med både lokale, nasjonale og internasjonale artistar
- ▶ Ulstein kommune skal ha fokus på ungdomsarbeidet gjennom eit aktivt Ungdomsråd, sjå til at ungdommen vert hørt i saker som vedkjem ungdommen i kommunen og Bell ungdomsklubb som ein møtestad for ungdom, på ungdommen sine premisser

AKTIVITET 2013

Kulturkontoret kan sjå tilbake på eit aktivt år, med både byggeaktivitet og -planlegging (Nye Ulsteinhallen, Høddvoll stadion og Arena Ulstein),

gode besøkstal på Ungdomsklubben og Sjøborg kulturhus.


Grunna riving av gamle Ulsteinhallen er det stort press på treningstid i dei andre kommunale hallane. Aktiviteten blant lag og organisasjonar i kommunen er stor.

Ungdomsrådet har jobba med saker gjennom heile året, og ei av sakene som


opptek dei er forholda i symjehallen.

Bell Ungdomsklubb har hatt gode besøkstal i haust. Ungdomsarbeidaren har skreve eiga årsmelding som grundig gjengir arbeidet hennar. Det same har Frivilligsentralen gjort, då dette er eit krav frå departementet.


NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR



TILSETTE OG ÅRSVERK





RESULTATMÅL KULTUR OG IDRETT

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brakarundersøking	Kultur, svarprosent	70 %		Ikkje gj.ført
Lag og organisasjonar	Ope møte med lag og organisasjonar	1/år		0
Omdømmebygging	Omtale i lokalavis	12/år		
	Omtale på nettside (Ulstein kommune og Sjøborg kulturhus)	12/år		63
	Omtale på sosiale plattformer, med hovudfokus Facebook	50/år		91
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,8	0,5
	Konsert og arrangement i økonomisk balanse	0	0,4	0,5
	Bufferfond for kultur	1 mill.	0	
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Sjøborg	Utleige til lokale kulturarrangement	5-6/år	0,7	10
	Større konsertar i eigen regi	3-4/år	6	6
	Utleige til kommersielle aktørar	5-6/år	8	9
	Club Sjøborg	4-6/år	1	6
	Besøktal pr. år	12 000	10 943	11063
Idrett	Gode anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet	Handlings prog. KIF-plan		Ja + pågår
	Treningstider organisert idrett	100 % dekning for b/u		100% + Hareid
	Godkjende spelemiddelsøknadar	100 %		
Lag og organisasjonar	Kulturmidlar til barn og unge	Tildeling til alle aktive		Ja
Frivilligsentralen	Pressedekning/synlegheit			God
	Internasjonal kvinnekafe	40/år		40
	Mat og Prat (internasjonalt fokus/integrering)	10/år		Oppstart des 2013
Bell Ungdomsklubb	Gode besøktal	100/veke	Oppstart 2013	110/veke
	Arrangement (turar, konsertar, prosjekt, kurs m.m.)	10/år		12/år
MOT	Nye MOT-informatørar	1-2 fleire		1
	Utvikle Lokalsamfunn med MOT	Nye aktørar		-
Ungdomsrådet	Saker til handsaming	30/år		ca 20
	Pressedekning/synlegheit	3 omtalar/år		4
Barn og ungdom	UKM	Årleg	Ja	Ja
	UKM: Antal deltakarar	100/år	67	59
	Ungdomsarrangement for og med ungdom	3/år	3	2
Smak av Ulstein	Sjøborg-arrangement	3-4/år	4	6
	Samarbeid med næringsliv/butikkgruppa	Fast		Ja

Haddal skule



LEIAR: KJELL RUNDE

Eininga og tenestene

Haddal skule omfattar skulekrinsane Eiksund, Haddal og Garnes. Skuleåret 2013/2014 har skulen 66 elevar. Elevtalet på Haddal skule ser ut til å halde seg noko lunde stabilt rundt 70 eit par år

framover, for så å falle litt. Elevala er usikre då det kan verte tilflytting, nytt bustadfelt er snart klart. Skulen jobbar for at alle skal få eit godt og inkluderande læringsmiljø der elevane får

utvikle sine evner på best muleg måte, slik at dei skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Klasseleiing: Skape god klasseleiing for å sikre at elevane har eit godt og trygt skulemiljø. Arbeide for at lærarane får auka kompetanse på dette feltet, og at elevane opplever dei vaksne på skulen som gode støttespelarar i sitt læringsarbeid
- ▶ Positivt skulemiljø: Skulen har utarbeidd plan for positivt skulemiljø. Planen inneheld mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skulemiljø. Planen inneheld også ein handlingsplan mot mobbing
- ▶ Faglege resultat: Heve resultat i snitt på nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk. Ingen elev under kritisk grens i lesing, alle trinn


Haddal skule har hatt fokus på klasseleiing. Klassane har sjølve laga enkle reglar som dei skal halde, samt eit eige sett med reglar som gjeld heile skulen. Lærarane har forutsigbar struktur, der det i byrjinga av dagen vert sett opp plan for dagen slik at elevane veit kva dei skal ha, kva dei skal gjere, og at timane (og læraren) har gode rutinar. Å skape gode og positive relasjonar mellom lærar og elev er viktig, samt å formidle at læraren har forventningar til elevane om kva dei kan lære.

Dette året har vi hatt mykje arbeid med skulemiljøet, og vi ser klare resultat. Alle klassane brukar «Det er ditt val». Vi har også brukt ein av spesialpedagogane som har master i jentemobbing til å gå inn i klassesteget der utfordringane har vore størst. Vi har snakka med alle jentene – dei har svara på 25-30 spørsmål, kom fram ein del «grums» Tok det opp i klassa, og på klasseforeldremøte – positive tilbakemeldingar. Dette arbeidet må halde fram då vi ser at det trengst. Faglege resultat på nasjonale prøver kan Haddal skule ikkje seie seg nøgd med. Likevel- vi ser klart grunnen til resultatet, då elevane har gått saman med andre trinn i fire år med store utfordringar og store behov. Først no på 5. trinn er dei åleine, og resultat kjem etter kvart. For alle trinn brukar vi no Vokal – og for dei som ligg under kritisk grense, vert det sett inn tiltak, t.d. intensive lesekurs.

AKTIVITET 2013

Haddal skule har godt kvalifiserte lærarar på alle trinn. Skulen har hatt utfordringar med einskildelavar som treng store ressursar, som skapar utfordringar. Det er viktig å ha gode spesialpedagogar i dette arbeidet – og det har skulen. Har sett i gang prøveprosjekt i ei klasse med gymnastikk første timen for at elevane skal vere opplagde til undervisning etterpå – både lærar, elevar og foreldre ser positive resultat. Har og hatt trivsel og miljøtiltak i einskilde klasser (klassefestar) samt felles miljøtiltak/aktivitetar for heile skulen, t.d. karneval, skidag, skøytedag, fjellturar og vennskapsfest.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL HADDAL SKULE

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Godt heim- skulesamarbeid	Samarbeid med elevråd	8/år	8	8
	Samarbeidsmøte med Foreldreråd	2/år	2	1
	Samarbeidsmøte med Skulemiljøutval	3/år	2	2
	Samarbeidsmøter med Samarbeidsutval	3/år	2	2
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,3	-0,2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagleg resultat	Nasjonale prøver i lesing og rekning 5. steg	2,0/2,0	2,0/1,9	1,2/ 1,4
	Nasjonale prøver i lesing og rekning 8. steg	3,1/3,1	3,0/3,0	
Klasseleiing	Elevar blir aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	85,0 %	75,6 %	82,6%
	Elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	85,0 %	68,0 %	84%
Skulemiljø	Elevar trivst svært godt eller godt	100 %	97,2 %	100%
	Elevar blir aldri eller sjeldan mobba (siste mnd)	100 %	74,4 %	100%
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	67 %	
	Medarbeidartilfredsheit	5	4,8	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	7/10	12/14
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	4,7	
	Sjukefråvær	5 %	9,1 %	7,5%

NETTO RESULTAT



SJUKEFRÅVÆR



Hasund skule



LEIAR: BJØRN DAHL

Eininga og tenestene

Hasund skule er ein av fem grunnskular i Ulstein kommune. Skulen ligg i Hasund krins. Skulen har 190 elevar på årsstega 1.-7. klasse. Desse er inneverande skuleår organisert i åtte klassar. Alle klassane har eit elevtal inneverande år opp mot delingsgrensa på 28. Skulen

tilbyr også SFO med 51 barn. Skulen har 16 lærarar, fordelt på ulike stillingsstorleik, i tillegg kjem rektor og undervisningsinspektør. I skule og SFO er det tilsett åtte assistentar + ein lærling. Skulen har sekretærfunksjon i 45% stilling,

og gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med Opplæringslova for elevar i alderen 6 – 12 år.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ **Elevvurdering/vurdering for læring**
Skulen har laga gode rutinar og system både samla for heile skulen og for dialogen med heim og elev. Skulen satsar på at systematikken med elevvurdering skal forbetre læringsmiljøet for kvar enkelt elev. Elevane skal få vite kvar dei står og kva dei må jobbe med framover (framovermelding) for å bli betre. Over tid vil dette føre til ei god fagleg utvikling for den einskilde eleven. Skulen tek i bruk dataverktøyet Vokal for å hjelpe til med systematikken i kartlegging og vurderingsarbeidet
- ▶ **Klasseleiing** har vore eit satsingsområde i fleire år. Dette har vore jobba med både med skulering av lærarane og praktisk utføring og bevisstgjerings på eigen skule. Med dei store klassane skulen har, er det heilt naudsynt med god klasseleiing. Dette går både på utvikling av gode relasjonar mellom lærar og elev, men også praktisering og utvikling av gode rutinar for å få ro og gode arbeidstilhøve for elevane
- ▶ **Positivt skulemiljø.** Skulen har i sitt daglege virke stort fokus på elevmiljøet. Skulen har eigen plan for positivt skulemiljø. Det vert arbeidd målmedvite for å forebygge og forbetre elevmiljøet. Kvar veke skal alle klassar ha miljøarbeid på timeplanen minst ein time pr. veke. I tillegg vert elevane trena i konfliktløysing og sosial kompetanse. Skulen har gode resultat på elevundersøkinga med omsyn til mobbing og trivsel

RAMMEVILKÅR

Skulen har gode romtilhøve. Største utfordringa her er mangelen på grupperom fordi vi har fått fleire elevar med særskilte behov som treng slike rom. Rammetimetalet vi har til å drive skulen, er stramme. Dette saman med store klasser fører nok til ei stor belastning på personalet over tid. Det er krevjande å få til god tilpassa undervisning. Uteområdet med leikeapparat er nedslite og vi har starta ei planlegging av ei fornying i samarbeid med UEKF og FAU.


Hasund skule har ein erfaren lærarstab, som utfører ein samvitsfull og god jobb. Dette viser igjen på dei faglege resultat t.d i nasjonale prøver. Personalet har arbeidd mykje dei siste åra med å få til gode vurderingssystem for elevane. Systema har vore utprøvde dette skuleåret. Vi har også teke i bruk nokre digitale kartleggingsverktøy. Desse gir oss eit godt bilete over utviklinga til den einskilde elev. Dei er gode reiskap i samarbeidet mellom heim og skule. Både elevundersøkinga (6. og 7. kl) og intern trivselsgransking med sosiogram, viser at god trivsel, godt vennskap og lite mobbing. Skulen har satsa målmedvite på å utvikle eit trygt og godt skulemiljø. Dette må vi seie har gitt resultat.

AKTIVITET 2013

Vi har gjennom målmedvite arbeid, relativt god kontroll på budsjett og forbruk. Samla sett i året gjekk om lag i balanse (+0,2). Vi må likevel peike på at budsjettet sine forbrukspostar er for knappe, slik at ein ikkje får ta den fortløpande fornying på læremiddel og inventar som er naudsynt. M.a er det knapt med datamaskiner, med 28 maskiner på 190 elevar. Det som er svært gledeleg, er at sjukefråveret har blitt nær halvert frå 2012 til 2013. Nedgangen ser ut til å fortsette også i det nye året.

Leiinga har gjennomført medarbeidersamtale med alle tilsette. Lærarkollegiet har evaluert hausthalvåret på ein del av utviklingsmåla og drøfta justeringar på nokre område.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL HASUND SKULE

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Godt heim- skulesamarbeid	Samarbeid med elevråd	10/år	10	10
	Klasseforeldremøter	2/år	2	2
	Utviklingsamtale/kontaktmøte	2/år	2	2
	Samarbeidsmøte med Skulemiljøutval	2/år	2	2
	Samarbeidsmøter med Samarbeidsutval	4/år	3	3
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	1,0	0,2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagleg resultat	Nasjonale prøver i lesing og rekning 5. steg	2,0/2,0	2,0/1,9	2,2/2,0
	Nasjonale prøver i lesing og rekning 8. steg	3,1/3,1	3,1/3,1	3,3/3,3
Klasseleiing	Elevar blir aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	85,0 %	75,0 %	80,0 %
	Elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	85,0 %	63,0 %	86,0 %
Skulemiljø	Elevar trivst svært godt eller godt	100 %	100 %	100 %
	Elevar blir aldri eller sjeldan mobba	100 %	78,0 %	91,0 %
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	58 %	-
	Medarbeidartilfredsheit	4,6	4,4	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	14/14	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5,2	5,1	
	Sjukefråvær	5 %	11,1%	7,3 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Ulstein skule



LEIAR: BERIT BRUNVOLD

Eininga og tenestene

Ulstein skule er skulen for krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skuleåret 2013-2014 har skulen 108 elevar og 19 tilsette samla ved skulen og SFO. 12 av desse er undervisningspersonell. Administrasjon er på 100 %, samt at 10% SFO-leiar er

fordelt på rektor og inspektør. Vi har ein assistentressurs på omlag 230 % i skule og 190% i SFO.

Vår teneste skal gi eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling for den enkelte

elev og skal samtidig sikre eleven ein skulekvardag som fremmer helse og trivsel. Vi ynskjer at alle elevane våre skal ha ein meningsfull kvardag - uansett føresetnader.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Fokus på positivt skule- og klassemiljø gjennom førebyggjande arbeid. Omorganisering på inspeksjon for å hindre mobbing – aktiv bruk av rutine for mobbing, kap 9a i opplæringslova
- ▶ Pedagogisk utviklingsarbeid for å oppretthalde og betre resultat i lesing og rekning. Fokus på klasseleiing og ta i bruk rettleia lesing og stasjonsundervisning som verktøy
- ▶ Vurdering for læring. Oppretthalde vårt gode arbeid innan for vurderingspraksis. Fokus på undervgsvurdering praktisert i klasserommet og ikkje berre på elevsamtalar og konferansetimar

Positivt skule- og klassemiljø:

Omorganiseringa av inspeksjon i friminutta og fokus på rutine for mobbing syner betre resultat i 2013 enn i 2012. Vi har gjennom dette sikra at elevar med særskilte behov kjem i færre konflikttar. Vi har i tillegg engasjert elevrådet til å vere trivselsleiarar i nokre friminutt, dette kan vere med på at trivselen er blitt betre.


Pedagogisk utviklingsarbeid:

Vidareutdanning ved Høgskulen i Volda av to lærarar innan klasseleiing og deling av erfaringar er gjennomført. Fortsette fokuset på klasseleiing. Nasjonale prøver syner at vi ligg noko bak i høve mål for rekning, så matematikk blir sett opp som satsingsområde for 2014. Tatt i bruk rettleia lesing og stasjonsundervisning på 1.-3. trinn. Resultat av dette vil ta noko meir tid. Det er utarbeida ein felles vurderingspraksis i heile kommunen.

AKTIVITET 2013

Stabil elevmasse og personale gjennom 2013. Vi har hatt hovudfokus på positivt skule- og klassemiljø, gjennom godt samarbeid med heim og rådsorgan. FAU, elevråd og SU/SMU er godt etablert og fått større medveknad på skulemiljøet. 98,4 % av elevane trivast svært godt på skulen. Skulen har hatt fleire prosjekt gåande med rettleia lesing, stasjonsundervisning og ikkje minst med samarbeidsprosjektet «Dei utfordrande barna» med PPT i spissen. Økonomisk resultat er på 0,1 mill. Sjukefråveret på 4,91 %, derav korttid på 1,34%.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL ULSTEIN SKULE

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Godt heim- skulesamarbeid	Samarbeid med elevråd	10/år	8	10
	Samarbeidsmøte med Foreldreråd	4/år	2	4
	Samarbeidsmøte med Skulemiljøutval	4/år	2	4
	Samarbeidsmøter med Samarbeidsutval	4/år	2	4
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-0,3	0,1
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagleg resultat	Nasjonale prøver i lesing og rekning 5. steg	2,0/2,0	2,0/1,9	2,0/1,9
	Nasjonale prøver i lesing og rekning 8. steg	3,1/3,1	3,0/3,0	
Klasseleiing	Elevar blir aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	85,0 %	75,6 %	86,0 %
	Elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	85,0 %	68,0 %	83,4 %
Skulemiljø	Elevar trivst svært godt eller godt	100 %	97,2 %	98,4 %
	Elevar blir aldri eller sjeldan mobba	100 %	74,4 %	93,4 %
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	43 %	
	Medarbeidartilfredsheit	5,3	4,9	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	100 %	100 %
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	6	5,2	
	Sjukefråvær	4,0 %	4,20 %	4,91 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Ulsteinvik barneskule



LEIAR: VEGARD SÆTER GURSKVIK

Eininga og tenestene

Ulsteinvik barneskule er skule for sentrumskrinsen Ulsteinvik og ligg sentralt plassert ved Skulevegen, midt i Ulsteinvik sentrum. Dette skuleåret har skulen om lag 450 elevar i alderen 6-12 år og har 69 tilsette. Skulen har rektor, to

undervisningsinspektørar, SFO-leiar og kontoransvarleg. Skulen har 20 klasser med fleire parallelar på alle årsstega. I tillegg har skulen ei klasse med Særskild norskopplæring (SNO) for elevar med asyl, flyktning eller arbeidsinnvandrings-

bakgrunn. Skulen har eige heilårsoppe SFO-tilbod med om lag 120 påmelde barn. I SFO-tilbodet gir ein også gratis lekschjelp til elevane i 1.-4. klasse. Det er skuleåret 2013-2014 17 tilsette assistentar ved skulen fordelt på om lag 13 årsverk i skule og SFO.


TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Faglege resultat. Ulsteinvik barneskule ønskjer å oppnå gode resultat ved å gje elevane framovermeldingar i fag, sosial kompetanse og i orden og åtferd. Skulen har utarbeidd nye rutinar knytt til vurderingsarbeidet som stettar krava som lovverket stiller til oss og som gjev elevane mulegheit til å vere aktive deltakarar i vurderinga av sitt læringsarbeid. Hausten 2013 tek vi i bruk VOKAL for å styrke resultatfokuset vårt ytterlegare. Målet er auka læringsutbytte for elevane. Dette vert målt mellom anna på nasjonale kartleggingsprøver, halvårsprøver i matematikk, systematisk oppfølging av lesefart samt på nasjonale prøver i 5. og 8. klasse
- ▶ Klasseleiing. God relasjonell klasseleiing sikrar elevane eit godt og trygt skulemiljø. Skulen har, og vil framleis arbeide hardt for at lærarane får auka kompetanse på dette feltet og at elevane opplever dei vaksne på skulen som gode støttespelarar i sitt læringsarbeid
- ▶ Positivt skulemiljø. Skulen har utarbeidd plan for positivt skulemiljø. Planen inneheld mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skulemiljø. Planen inneheld også ein handlingsplan mot mobbing

AKTIVITET 2013

Skulen har hatt høgt aktivitetsnivå også i 2013. Rundt 450 elevar har hatt sitt opplæringstilbod knytt til Ulsteinvik barneskule. Det har vore 21 klasser dette året, 20 ordinære pluss ei klasse for Særskild norskopplæring. SFO har hatt rundt 110 barn i heil eller halv plass. Talet på tilsette har vore relativt stabilt med eit samla årsverk på 56,7. Skulen har hatt fleire prosjekt gåande med Miljøveka og ikkje minst Bok og litteraturveke som høgdepunkt. Skulen har hatt knapt med plass for både elevar og tilsette og har brukt tre klasserom i brakkebygget for å avhjelpe plassmangelen. Økonomisk resultat er på 0,6 mill. Sjukefråveret enda på 7 %.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL ULSTEINVIK BARNESKULE

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Godt heim- skulesamarbeid	Samarbeidsmøter SU	4	3	4
	Samarbeidsmøter SMU	4	3	4
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0	0,6
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagleg resultat	Nasjonale prøver i lesing og rekning 5. steg	2,0/2,0	1,9/1,8	1,9/2,0
	Nasjonale prøver i lesing og rekning 8. steg	3,1/3,1	2,9/3,0	-
Klasseleiing	Elevar blir aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	85,0 %	85,5 %	94,1 %
	Elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	85,0 %	81,9 %	94,7 %
Skulemiljø	Elevar trivst svært godt eller godt	100 %	92,1 %	96,6 %
	Elevar blir aldri eller sjeldan mobba	100 %	92,2 %	93,9%
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøkinga: (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	64 %	-
	Medarbeidartilfredsheit	4,5	4,5	-
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	37/47	100%
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,6	4,6	-
	Sjukefråvær	5 %	7,90 %	7,1%

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Ulstein ungdomsskule



LEIAR: JOSTEIN VARTDAL

Eininga og tenestene

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik. Skulen har i dag 378 elevar i alderen 13-16 år fordelt på fem klasser på kvart av dei tre tinna. Vi har særskild norskopplæring for asyl, flyktning og

elevar med arbeidsinnvandringsbakgrunn. Vi organiserer med ei gruppe for dei som er heilt nybyrjarar, i tillegg har vis styrka norskopplæring organisert trinnvis. UUS har rektor, to inspektørar,

rådgjevar, sosiallærer i 21,5 %, kontorfullmektig i 80 % og bibliotekar i 50 %. Skulen har 43 lærarar og 4 fagarbeidarar. Elevane får leksehjelp fire dagar i veka.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL


- ▶ Positivt skulemiljø. Skulen har utarbeidd plan for positivt skulemiljø. Planen inneheld mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skulemiljø. Arbeidet med MOT er med å betre skulemiljøet
- ▶ Klasseleiing. God relasjonell klasseleiing sikrar elevane eit godt og trygt skulemiljø. Skulen har, og vil framleis arbeide hardt for at lærarane får auka kompetanse på dette feltet og at elevane opplever dei vaksne på skulen som gode støttespelarar i sitt læringsarbeid
- ▶ Faglege resultat. Ulstein ungdomsskule ønskjer å oppnå gode resultat ved å gje elevane framovermeldingar i fag, sosial kompetanse og i orden og åtferd. Målet er auka læringsutbytte for elevane. Dette vert målt mellom anna med halvårsprøver i matematikk, engelsk og norsk

Vi trur at dette vil føre til auka læringsstrykk, og auka læringsutbytte. Vi har hatt god kontroll på økonomien.

AKTIVITET 2013

Skulen har hatt høgt aktivitetsnivå også i 2013. Rundt 370 elevar har hatt sitt opplæringstilbod knytt til Ulstein ungdomsskule. Det har vore 15 klasser dette året, største antal klasser nokon gong ved UUS. Vi har no innført valfag for 8. og 9. trinn. Skulen har hatt fleire prosjekt gåande med m.a. leseveke og MOT. Skulen har hatt knapt med plass for både elevar og tilsette og har brukt grupperom for avhjelp plass til klasser, lærarane har måtte ta i bruk møterom til arbeidsplass (vi har berre 30 kontor til lærarar). Økonomisk resultat er på 0,6 mill. Sjukefråveret enda på 8,2 %. Å få dette ned har høg prioritet.

TILSETTE OG ÅRSVERK




Skulen sitt arbeid med områda har gjeve resultat. Trivslen til elevane er høg. Grunnskulepoenga vart dessverre litt lavt dette året. Dei nasjonale prøvene viser ei betring for 8. trinn medan 9. trinn har ein nedgang. Innføring av VOKAL som styrings- og dialogreiskap har gitt nye mulegheiter.




RESULTATMÅL ULSTEIN UNGDOMSSKULE

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Godt heim- skulesamarbeid	Samarbeid med FAU	4/år	1	1
	Samarbeidsmøte med Skulemiljøutval	1/år	0	0
	Samarbeidsmøter med Samarbeidsutval	1/år	0	0
Godt samarbeid med lokale bedrifter	Grundercamp med MAFOSS	1/år		0
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,2	0,6
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Fagleg resultat	Nasjonale prøver i lesing og rekning 8. steg	3,1/3,1	3,0/3,0	3,1/3,2
	Nasjonale prøver i lesing og rekning 9. steg	3,5/3,4	3,5/3,8	3,2/3,3
	Grunnskulepoeng	40,3	40,2	38,0
Klasseleiing	Elevar blir aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene	98,0 %	95,0 %	75,97%
	Elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd.	85,0 %	81,1 %	59,79%
Skulemiljø	Elevar trivst svært godt eller godt	100 %	89 %	90,4 %
	Elevar blir aldri eller sjeldan mobba	100 %	96,2 %	95,54%
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	72 %	-
	Medarbeidartilfredsheit	5	4,8	-
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	31/34	Nei
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	5	-
	Sjukefråvær	5 %	3,9 %	8,2 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT





LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Eininga og tenestene

PPT for Ulstein og Hareid er lokalisert på Blåhuset i Ulsteinvik, som er vertskommune. PP-tenesta har samarbeid med 14 barnehagar og 12 skular. Ulstein vidaregåande skule kjøper teneste (50 % stilling) hjå PPT. PPT skal samarbeide med barn, elevar, foreldre, barnehagar, skular, opplæringsbedrifter og andre kommunale hjelpetenester for å sikre at barn, ungdom og vaksne får eit heilhetlig opplæringstilbod. For at PPT skal gjere ei best muleg utredning og vurdering av barnet, ungdommen

og dei vaksne sine behov, er vi avhengig av nært samarbeid med den det gjeld, føresette og ulike samarbeidspartar i kommunane.

PPT kan gi råd og rettleiing til foreldre, barnehagar og skular om kva som kan være nyttige tiltak etter opplæringslova. PPT kan hjelpe skular og barnehagar med kompetanseheving og organisasjonsutvikling på systemnivå for å legge opplæringa betre til rette for alle barn/elevar, vi kan tilby kurs/systemarbeid/

organisasjonsutvikling og gi råd og rettleiing i høve til t.d samspelsvanskar, proaktiv og reaktiv aggressivitet, angst og skulevegning, klasseleiing/leiing og åtferd, Asperger syndrom, matematikk, lese- og skrivevanskar, ADHD, reaktiv tilknytningsforstyrning, Karlstadmodellen, Tourette syndrom, Nonverbale lærevanskar m.m. PPT er kommunen sin sakkyndige instans og kan gi råd og rettleiing om at det vert iverksett eit tiltak som vert kalla spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp.


TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ PPT har som mål å få til gode interne og eksterne rutinar/samarbeid/samordning av teneste rundt brukarar, dette krev god samhandlingskompetanse mellom dei ulike samarbeidspartane i dei to kommunane. Dette er viktig for å gi gode teneste og effektivisere tenestetilbodet, slik at ein ikkje gjer unødig dobbeltarbeid
- ▶ PPT vil mellom anna kome tidlegare inn på systemnivå, vere tettare på skule og barnehage for å forebygge at utfordringar utviklar seg. Få til dialog og gode rutinar rundt tilvising og ei felles forståing av kva som er god tilpassa ordinær opplæring og kva som er god spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp. PPT arbeidar for å dreie fokus meir over på systemnivå/organisasjonsutvikling/kompetanseheving. Ein ynskjer at alle organisasjonar skal tenke meir i tråd med «universell utforming», der ei har fokus på kva organisasjonen/systemet kan gjere for å ivareta alle brukarar sine behov, i staden for å fokusere på diagnosar, feil, manglar og vanskar med individet som årsaksforklaring på manglande tilpassing og tilrettelegging
- ▶ PPT skal være ei fagleg kompetent teneste, auke kompetansen på ulike fagområder, samt auke kompetansen på å arbeide med endringsarbeid/kompetanseheving og organisasjonsutvikling


AKTIVITET 2013

PPT har hatt kraftig auke på individtilvisingar frå 294 saker i 2008 til 512 saker 2013. PPT har no teke tak i dette og arbeidar for å dreie fokus over på system/organisasjonsutvikling og kompetanseheving. I 2013 har PPT hatt ein høg prosent i høve sjukefråvær langtid på 7,23%, dette kan vi forklare med at når ein liten organisasjon har t.d ein eller to tilsett ute i sjukmelding så gir det stort utslag på statistikken over det totale sjukefråværet.


TILSETTE OG ÅRSVERK



SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT





RESULTATMÅL PP-TENESTA

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Redusere ventelistene	Talet på brukarar som står på venteliste	15	50	25
	Klientsaker	480	524	512
	Systemsaker	30	8	9
	Ventetid	1/2md	5/6md	5/6md
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	-0,3	0,2	0,3
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Tidlegare innsats, tett på, førbygge	Meir fast samarbeidstid med skule	3t/v		3t/v
Kompetanseheving i skule/ bhg	Fast samarbeid med barnehage	5d/år		2d
	Betre rutinar vaksenopplæring:	2d		4t
	Samarbeidsmøter med barnevern og helsestasjon	1t/mnd		1t/mnd
	Tverrfaglege møter i barnehage/ skule	2t/mnd		2t/mnd
	Rettleiing til føresette i barnehage med samspelsutfordringar/utfordrande åtferd	4t/v		4/tv
Kompetanseheving/ org.utv	Prosjekt i skule og barnehage, handtering og førebygge utfordrande åtferd	14d/år		8d/år
	Utvikle kartleggingskompetanse i barnehagen	4d		2d
	Utvikle kompetanse på matematikkvanskar og framandspråk	12d		
	Utvikle kompetanse innanfor angst og skulevegving	10d		12d
	Testsertifisering	14d/år		14d/år
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	80 %	100%
	Medarbeidartilfredsheit	5,0	4,8	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	6/8	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5,0	4,9	
	Sjukefråvær	5 %	5,1 %	8,3 %
Organisasjonsutvikling	Prosjektarbeid i team	2t/v	0t/v	2t/v

Ulstein kompetansesenter



Foto: Per Eide

LEIAR: BJØRNAR URKE

Eininga og tenestene

Ulstein Kompetansesenter (UKS) er organisert som ein skule, med rektor som einingsleiar. Skulen har desse tenestene:

- ▶ Norsk med samfunnsfag for innvandrarak
- ▶ Spesialpedagogiske hjelpetiltak førskule
- ▶ Grunnskule og spesialundervisning for vaksne
- ▶ Kommunal logopedteneste
- ▶ Snoezelen sansesenter

Pr. 01.10.2013 hadde UKS ca. 280 elevar/brukarak. Samla elevtal gjennom skuleåret er høgare. Flyktingtenesta i Ulstein har tilhald i same lokala som UKS. Dette ser vi på

som ein fordel, på grunn av det tette samarbeidet mellom norskopplæring og introduksjonsprogram for flyktingar. I 2013 starta vi også samarbeid i form av eit eksternt finansiert (IMDI) prosjekt med mål om større arbeidsdeltaking for flyktingar.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Dersom det er elevgrunnlag vil ordinær grunnskule for vaksne fortsatt vere lagt til Hareid Ressurssenter. UKS har forberedande grunnskulefag i samband med norskopplæringa, og ser også på om nokon av våre elevar skal til Vidaregåande Innføringsklasse. Det kan likevel vere aktuelt at UKS kan opprette grunnskuleklasse, gjerne i same samarbeidsforum, med betalingslevar frå dei andre kommunane, frå 2016
- ▶ Skuleutvikling. Fortsette prosjekta: Arbeidsretta norsk i samarbeid med flyktingtenesta. Tettare band mellom norskopplæringa og flyktingtenesta/programrettleiarane, for å sikre høgare kvalitet i introduksjonsprogrammet. Gjennomføre samarbeidsprosjektet med NAV og flyktingtenesta, «Frå flykting til arbeidstakar». Prosjektet Høg Standard i spesialpedagogikk for vaksne. Bidra og delta i utvikling og styring av fylkesnettverket i vaksenopplæring
- ▶ Auka sal av tenester. Arbeide for å auka sal av norskkurs til næringslivet/arbeidsinnvandrarak
- ▶ Omorganisere administrasjon, og leiing i høve reduksjon av inspektørstilling og desentralisering av førskuleteamet

UKS har stabilt personale, og kan profitere på å kunne behalde og utvikle kompetanse. Det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet er godt, med høg medarbeidertilfredsheit og stoltheit over eigen arbeidsplass. Det har vore jobba med det fysiske arbeidsmiljøet, med tilrettelegging av arbeidsstasjonane og utskifting av arbeidsstolar. Sal av tenester auka i høve til Snoezelen. Auke i sal av norskkurs må det arbeidast med meir langsiktig. Det har vore arbeid systematisk gjennom året med kompetanseutvikling, internt og eksternt, og aktivt deltaking i fylkesnettverk og regionale nettverk. Det er gjennomført medarbeidersamtaler med alle medarbeidarane.

Økonomisk er UKS delvis avhengig av statleg overføringar og sal av tenester. I 2013 var det, som dei siste tre åra eit overskot i høve til budsjett, 5% Sjukefråveret er stabilt på ca. 4,3%

AKTIVITET 2013

I norsk og samfunnsfag for innvandrarak var det i 2013 fokus på den komande gjennomføringa av lokale digitale prøver, kompetanseheving og klargjering av utstyr. I løpet av året vart det og oppretta eit fastare og meir formelt samarbeid mellom norskavdelinga og resten av introduksjonsprogrammet.

Det faglege fylkesnettverket i spesialpedagogiske hjelpetiltak i førskulealder hadde to samlingar i 2013. Eit for Sunnmøre arrangert på UKS, og eit for heile fylket i Geiranger. Det faglege fylkesnettverket i grunnskule for vaksne har hatt ei fylkessamling i Geiranger, og har oppretta samarbeid gjennom bruk av Fronter.


Dei interne skuleutviklingsprosjekta har fortsett i 2013. Grunnskuleprosjektet «Høg Standard» har hatt fokus på vurdering/vurdering for læring.




RESULTATMÅL ULSTEIN KOMPETANSESENTER

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Samhandling	Etablere skulemiljøutval/elevmedverknad	2014		
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,4	0,5
	Auke sal i tenester, norskkurs til næringslivet			auke eit kurs
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
	Grunnskule for vaksne			
	Gjennomføre digitale prøver med 80% bestått	2014		
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	72 %	
	Medarbeidartilfredsheit	5	4,6	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	14/21	100
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	5	
	Sjukefråvær	5 %	4,30 %	4,32


SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



TILSETTE OG ÅRSVERK



Sundgotmarka barnehage



LEIAR: NORA WINGSTERNES

Eininga og tenestene

Sundgotmarka barnehage ligg på Sundgot. Barnehageåret 2013-2014 har barnehagen 95 barn og 34 tilsette samla på alle tre husa (Sundgotmarka, Varleite og Hasundgot klubbhus). Etter jul vil barnetalet stige med om lag fire

barn. Barnehagen har 11 ped.leiarar, dei øvrige er assistentar og fagarbeidarar. To er lærlingar. I administrasjonen er det styrar i 100 % og styrarassistent i 60 % stilling.

Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Leiling i grupper. Barnehagen har jobba med dette på ped.leiar nivå dei to siste åra. Barnehagen har store grupper, og mange barn som treng særskilt tilrettelegging
- ▶ Prosjekt saman med PPT. Barnehagen skal vere med på eit prosjekt PPT har starta opp hausten 2013, som går på systemforbetring for dei utfordrande barna
- ▶ Likestilling og mangfald. Vi er med i kommunen sitt prosjekt saman med helsestasjonen. Vi skal jobbe med å få likestilte tenester i barnehagen basert på kjønn og/eller nasjonalitet

På ped. leiar-møter har det vore jobba med kva som er god organisering, og korleis tydeleg leiling av avdelingane skal vere. Det er utarbeidd årshjul for pedagogiske aktivitetar og arbeidsplanar for bruk av ubunden tid. Alle har hatt utviklingssamtalar med fokus på mestring og utvikling. På ei av avdelingane har vi og nytta video som metode for å bevisstgjere personalet på korleis ein jobbar med å få til eit godt læringsmiljø.

Prosjektet likestilling og mangfald vert ikkje vidareført i 2014 grunna manglande statlege midlar. Men vi fekk gjort fleire av dei tiltaka vi hadde bestemt oss for å gjere i 2013. Mellom anna tema på forledremøte, kartlegging av frammmøte

på foreldremøte -og foreldresamtalar, innkjøp av likestillingskoffert, bruk av dialogkort, kartlegging av materiale og bevisstgjering av personalet gjennom praksisfortellingar m.m

AKTIVITET 2013


Åtte nye barn fekk tilbod om plass heilt på tampen av året.

Sjukefråværet har vore høgt heile 2013, og det er no sett i gang tiltak i samarbeid med Arbeidslivssenteret. Det er særleg langtidssjukefråværet som dreg tala opp. Ventetid til operasjonar og opptrening etter operasjonar samt kronisk sjukdom utgjer ein stor del av desse tala.

Talet på tilsette har auka i 2013 som følge av større barnegrupper og ny avdeling i Varleite. Barnehagen fekk sett opp brakker som vart teke i bruk barnehageåret 2013-14. Desse er i hovudsak nytta som kontorarbeidsplassar for pedagogisk personale samt kontor for styrar. I tillegg er personalrom flytta over i brakkene for å frigjere areal til auka barnegrupper.

Barnehagen har vore praksisbarnehage for Høgskulen i Volda, Hærøy vidaregåande skule samt hatt to personar på språkpraksis frå NAV.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL SUNDGOTMARKA BARNEHAGE

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Godt heim-barnehagesamarbeid	Foreldremøter	2/år	2	1
	Møter med foreldreutvalet	2/år	2	2
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-0,1	0,2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøking	Brukarundersøking:			1
Leing i grupper	Foreldresamtalar	2/år	2	2
	Evaluering på nær- og ansvarsgrupper (enkeltbarn)	2/år	2	2
Likestilte tenester	Tema likestilling på personalmøter	4/år	4	3
	Tema likestilling på foreldremøter	2/år	2	1
	Tema på styrarsamling med private barnehagar	4/år	4	0
	Søknadsskjema på fleire språk	2014		2014
	Informasjonsbrosjyrar på fleire språk	2014		2014
Førebygging	Prosjekt med PPT, handtering og førebygge utfordrande arbeid	8d/2014		1
Arbeidsmiljø	Eigneareal til møte og kontorformål	2014		2013
	Kvalitetssatsing på barnehageområdet: utviklingsarbeid på planleggingsdagar og styrarsamling	5/år	5	1 felles kursdag, jamnleg styrarsamling
	Nærværarbeid ifh til sjukefråvær på ped.leiar møter	11/år	11	7
	Få til rammer for ped.leiar møter i arbeidstida	11/år	11	9
Leikeareal	Ombygging av Hil klubbhus til bhg formål	2014		2014
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	55 %	
	Medarbeidartilfredsheit	5,0	4,6	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	16/18	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5,0	4,9	
	Sjukefråvær	5 %	8,4 %	14,9 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Kulturskulen



LEIAR: ASTRID DAGESTAD

Eininga og tenestene

Ulstein kulturskule ligg i levekårs huset på Reiten. Vi har sær s tenelege lokale til verksemda. UK har om lag 470 elevar inneverande skuleår. Vi underviser i

fire kunststartar, musikk, dans, drama og forming. UK sel dirigentteneste til Ulstein mannskor, Hasund og Dimnøy ungdomskorps, Haddal musikkorps og

Ulsteinvik skulekorps. Vi har nyss starta med musikkundervisning i Almejordet barnehage og har starta med grupper i babysong.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Kulturskuletilbod til alle som ønskjer det
- ▶ Tettare samarbeid og støtte til skulekorpsa i kommunen
- ▶ Oppstart av undervisning i matkultur. (kulturskolerådet sitt opplegg, kalla Kul-mat)

Kulturskulen har auka gruppeundervisninga for å gje tilbod til fleire, men er langt frå målet om kulturskuletilbod til alle som ønskjer det. Vi har framleis lange ventelister.

Kulturskulen har delvis oppnådd målet om tettare samarbeid med skulekorpsa ved å kalle inn til planleggingsmøte to gonger i løpet av skuleåret. Dette i første omgang for samkjøring ved aspirant/elevopptak.

Oppstart av nytt fag, matkultur, er førebels sett til hausten 2015.


AKTIVITET 2013

Kulturskulen har hatt eit sær aktivt år med mange spennande prosjekt. Vi har hatt våre vanlege huskonsertar på dansesalen kvar månad. Temakonsert på våren med temaet «Frå barokk til romantikk.» «Lyden av Ulstein,» ein workshop for kulturskuleelevane med utgangspunkt i lyden frå dei maritime verksemdene i kommunen. Dette vart framført på Sjøborg. Stor ballettframvisning på Sjøborg med omlag 160 ballettelevar frå vår skule. Vi hadde også opningskonserten på «Smak av Ulstein.»

Hausten starta vi med ergonomikurs for dei tilsette. Vi har delteke på eldrefestar og liknande arrangement. Adventskonsert i kyrkja før jul med eit variert program og med utstilling frå kreativ verkstad. Dramaframvisning «Juleforviklingar» i Reitensalen.

Hausten 13 starta vi med tilbod om babysong og med musikkundervisning i Almejordet barnehage.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL KULTURSKULEN

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
	Konsertar dansesalen	8/år	6	8
	Konsert Reitensalen	4/år	3	5
	Konsert under andre kulturarrangement	2/år	2	3
	Elev/ lærarmedverknad på andre arrangement	6/år	5	8
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,1	0,3
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Kulturskuletilbod til alle	Talet på elevar på venteliste	0	116	136
Skulekorpsa	Auke i timar til aspirantopplæring (slagverkundervisning)	8t/v	0	0
Nye tilbod	Kul-mat (undervisning i tradisjonsmat)	2015	->	->
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	58 %	-
	Medarbeidartilfredsheit	4,6	4,4	-
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	14/14	14/14
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5,2	5,1	-
	Sjukefråvær	5 %	11,10 %	2,09%

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Flyktning og innvandrar



LEIAR: LEIF RINGSTAD

Eininga og tenestene

Flyktningkontoret er lokalisert ved Ulstein Kompetansesenter. Det har vist seg å være svært tenleg å vere samlokalisert med norskundervisninga, då dette gir Flyktningtenesta ei nærleik til flyktningane på dagtid og samarbeid med lærarane i samband med Introduksjonsprogrammet. Flyktningtenesta og norskavdelinga har saman fått prosjektmidlar frå IMDI for å sjå på auka fokus på arbeidsretting av norskundervisninga

Tilsette ved eininga er:

- ▶ Flyktningkonsulent 100 %
- ▶ Programrådgjevar/Miljøterapeut 100 %
- ▶ Programrådgjevar 60 %
- ▶ Miljøterapeut 70 %
- ▶ Helsesøster 40 %

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Arbeide aktivt kring busetting/integrering, og ha som mål å knyte alle flyktningar til ein eller fleire fritids-/kulturaktivitetar innan seks månader etter busetting
- ▶ Få 70 % av alle flyktningar ut i jobb eller utdanning etter fullført Introduksjonsprogram
- ▶ Heve kompetansenivået for Flyktningarbeidet i Ulstein kommune i alle etatar

I 2013 har 12 personar slutta på introduksjonsprogrammet, av desse har 8 gått over i jobb/utdanning, 2 har gått over i ulike Nav tiltak, dei to siste er ikkje i jobb eller utdanning grunna helseplager. I 2013 hadde vi mål om å få til leksehjelp til alle som hadde behov for det. Det er lagt opp til at to frivillige skal hjelpe flyktningane med leksene ein dag i veka. Dette kan vere pensjonistar eller andre med engasjement. Grunna utskifting av personale vart ikkje leksehjelp oppstarta i 2013, men frå januar 2014 er tiltaket i gong. Vi har innført ei deling i undervisninga med skuleretta og arbeidsretta tilnærming. Vi trur med dette at det skal bli lettare for deltakarane å


nå sine mål om enten skule eller vidare utdanning. Vi har ikkje nådd målet med å ha denne delinga heile året grunna utvikling av lærarferiar, men vi jobbar mot å få ein kontinuitet i undervisningsopplegget som varer heile året. I 2013 hadde vi meir fokus på integrering, der målet var å tilby alle nybusette flyktningar å få starte på ein fritidsaktivitet. Vi håper å nå målet om at alle får tilbod om deltaking i ulike aktivitetar i 2014.

AKTIVITET 2013

I 2013 starta vi eit prosjekt i samarbeid med norskavdelinga på Kompetansesenteret, dette vart delfinansiert av IMDI. Målet er auka fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet og dermed få fleire flyktningar ut i arbeid.

I 2013 busette kommunen flyktningar frå Sudan, Eritrea, Syria, Kongo og Etiopia. Ulstein kommune er med i satsinga «God og effektiv busetting av flyktningar» som vert arrangert av Husbanken. Vi er i målgruppa for deira satsing for å bidra til ei god og effektiv busetting av flyktningar.

TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL FLYKTNING

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Busetting	Talet på flyktningar pr år	20	21	21
	Talet på familiesameinte	6	2	5
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,9	0,6
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Kompetanseheving	Kunnskapsutveksling mellom etatane	2/år	0	1
	Kurs departementet	1/ år	0	1
Arbeidsretting	Oppfølging språkpraksis/arbeidspraksis	4/år	4	4
	Undervisning i arbeidslivskunnskap	45/v/år	45	45
	Praktisk norskopplæring	45/v/år	38	38
	Yrkesretta norsk for deltakarar med mål om å kome i arbeid	45/v/år	38	38
Skuleretning	Undervisning i grunnskulefag	45/v/år	38	38
	Leksehjelp	45/v/år	0	0
Undervisning	Nivådelte norskundervisning med individuell tilpassing	45/v/år	38	38
Integrering	Alle flyktningar skal få delta i ein eller fleire fritidsakt.innan 6 mnd. etter busetting	100 %	75 %	80 %
	Deltakarar over i jobb/skule etter endt Introduksjonsprogram	70%	30 %	70 %
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Avdelinga er for lita til eige resultat, sjå felles under oppvekst.			

NETTO RESULTAT



Ulstein bibliotek



LEIAR: ANN-MARI HARKJERR

Eininga og tenestene

Ulstein bibliotek prøver å drive etter Biblioteklova: «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annan kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved

å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet.»

Biblioteket har tre tilsette, derav leiar i 100% stilling og to medarbeidarar i 50%

stilling kvar. Begge medarbeidarane er i tillegg tilsett ved skulebiblioteka i sentrum, og derfor er ressursen deira låst i forhold til fleksibel bruk i biblioteket.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Satsingsområder: Biblioteket skal vere ein arena med aktivitet.
Klassebesøk
Barnehagebesøk
Besøk av asylsøklarar og innvandrargrupper (vaksenopplæringa)
Eventyrstunder
Formidlingsaktivitet som til dømes forfattarbesøk, bokprat, spelkveldar for ungdom
- ▶ Digital utvikling. Vi ser fram til å kunne ta i bruk og låne ut e-bøker. Biblioteket må også vere aktive på den nye heimesida (felles portal for dei fleste folkebibliotek i Møre og Romsdal frå nov.13), vere aktive i sosiale mediar som Facebook o.a.
- ▶ Positivt arbeidsmiljø. Vi vil arbeide for å få så lite sjukefråvær som muleg ved å ha eit ope og positivt miljø. Tilsette må få ei fagleg utvikling og delta på kurs og konferansar i bibliotekfaglege arenaer. All aktivitet, også digital, krev tid til planlegging og utføring

Den nye biblioteksjefen tok til i stillinga 1.oktober og planarbeidet vart fullført etter det, derfor har vi ikkje fått oppnådd utviklingsmål i 2013. Men vi har arbeidd med å planlegge 2014, informere om framtidige aktivitetar, og inngå samarbeid med skule og andre

partar. For å nå ut til flest muleg om kva aktivitetar vi vil satse på og vise at biblioteket finst, ynskjer vi eit nært samarbeid og god mediadekning i lokalavisa og har so langt fått det.

Biblioteket fekk ny heimeside på seinhausten og vi har arbeidd mykje for å få til eit godt produkt her. Denne sida skal vere aktiv og vi formidlar og presenterer biblioteket gjennom den heile tida. Vi er også aktive på Facebook for å nå flest muleg om kva som skjer på biblioteket. IT-utstyr: For å få til aktivitet må vi ha oppgraderte PCar, utstyr til framvising og trådløst nettverk. Skal vi verte eit moderne bibliotek der ting skjer, er oppgraderinga naudsynt. Med trong økonomi, vert dette den store utfordringa for 2014.


AKTIVITET 2013

Ulstein bibliotek hadde eit utlån på 30 054 bøker og andre media i 2013. Vi hadde eit besøk på 15 750 personar. Biblioteket arrangerte lesekonkurransen Boksommer der omlag 42 barn deltok. Boksommer vart avslutta med fest på biblioteket der den nye biblioteksjefen underheldt og premiar vart utdelt. Klassebesøk frå barneskule og ungdomskule og besøk av barnehagar, har det vore fleire av gjennom heile året også utanom opningstid. Fleire litteraturgrupper har biblioteket som møtestad.

Biblioteket har arbeidd med ny heimeside under Møre og Romsdal sin felles nettportal <http://mrbiblioteket.no/ulstein>

For å nå ut til flest muleg om kva aktivitetar vi vil satse på og vise at biblioteket finst, ynskjer vi eit nært samarbeid og god mediadekning i lokalavisa og har so langt fått det.

TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL ULSTEIN BIBLIOTEK

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
God informasjon	Vikebladet	8	4	8
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0	-0,1
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Auka aktivitet	Talet på besøkande	20 000	15 700	15 750
	Talet på utlån	35 000	30 898	30 054
	Talet på klassebesøk	25		14
	Talet på barnehagebesøk	30		15
	Besøk av innvandrargrupper	15		8
Teknologi	Nyheiter på heimesidene	52	12	25
	Nytt digitalt utstyr	2014		
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Avdelinga er for lita til eige resultat, sjå felles under oppvekst.			

NETTO RESULTAT





LEIAR: KRISTINE BRUNGOT

Eininga og tenestene

Sjøborg kino er ein del av Sjøborg kulturhus. Kinoen har ein sal, med 119 sitjeplassar. Kinosjef i halv stilling har ansvaret for den daglege drifta av

kinoen, her under økonomi- og personalsvar for kino og kiosk, marknadsføring, profilering og programmering av film.

Kinoen har framsyningar 5-7 dagar pr. veke, eit årleg besøk på 27 000-30 000, 600-700 framsyningar pr. år, eit gjennomsnittleg besøkstal pr. framsyning på 40-45 og 80-100 filmtitlar pr. år.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Sjøborg kino skal vere eit kulturtilbod for alle, med eit godt og variert filmtilbod for alle aldersgrupper, med hovudvekt på barn og ungdom
- ▶ Sjøborg kino skal vere ein moderne kino, med kvalitet i alle ledd, som gir publikum ei god kinooppleving «frå A til Å»
- ▶ Sjøborg kino skal ha gode besøkstal, både årleg og pr. framsyning

Dei 10 mest besøkte filmene på Sjøborg i 2013 fordeler seg likt mellom barne-/familiefilm og typiske ungdomsfilm. Dette er filmar vi gir stor plass i kino-programmet. Vi hadde t.d. 37 framsyningar av Solan og Luvig: Jul i Flåklypa, som vart den største kinosuksessen på Sjøborg hittil med 3 249 besøkande. Barne- og ungdomsfilm vert prioritert i helgane, også med visningar laurdag ettermiddag og av og til også ungdomsfilm laurdagskveldane. Søndagar er den viktigaste kinodagen, der vi gjerne viser heile 4 titlar utover ettermiddag/kveld. I 2013 har vi hatt fleire skulevisningar, noko som viser at skulane er interessert i skulekino. I tillegg er dette også positivt i høve å auke interessa for film og kino blant barn og ungdom. Skulekino vil verte ytterlegare satsa på framover.

Den Store Kinodagen første helga i november er også viktig, og i 2013 hadde vi det beste besøket denne dagen nokon gong. Gratis frukost og ansiktsmaling av barna m.m. gjorde dagen til ein festdag for små og store. Vi har også eit vakse publikum, som vi ønskjer å nå gjennom å vise både typiske publikumsfilmar og smalare filmar for denne målgruppa. Her har vi eit potensiale, og vi ønskjer å knytte til oss filmgrupper for å utnytte dette betre. Senior kino/dagkino i samarbeid med Den kulturelle kultursekken er eit tiltak vi har satsa på, med suksess. Marknadsføring av filmar og kinoprogram er viktig for å trekke publikum til kinoen. Vi nyttar fleire kanalar: annonsering i lokaltidning, filmomtalar i avisa, heimesida og facebook, samt filmweb. Det er lett for publikum å halde seg oppdatert (og bli «påminna» på) kinoprogrammet og dette er ein viktig suksessfaktor.

Saman med Fantastiske Osberget gjennomførte vi hausten 2013 ei spørjeundersøking blant publikum, m.a. for å kartlegge korleis kinopublikum opplever kinoen når det gjeld m.a. filmprogram, billett kjøp og puntlegheit på ein skala frå 1-6. Heile 80-90 % svarte at dei var svært nøgde (6) eller nokså nøgde (5) med program, punktlegheit og billett kjøp. Det var også verdt å merke seg at nettsida www.sjoberg.no (heile 89 %) og avisannonser var dei viktigaste infor-

masjonskanalane for publikum i høve kinoprogrammet, noko som viser rett satsing her. Vi ønska også tilbakemeldingar på kva som kan gjerast betre, her kom det nokre tips som vi vil ta med oss vidare, t.d. koppehaldarar på stolene og oftare filmframsyningar på laurdag ettermiddag/kveld.

Gode besøkstal både årleg og pr. framsyning er mål som vert jobba med kontinuerleg, - her er nettopp fokus på den gode kinoopplevinga frå A til Å avgjerande, inkludert booking/valg av film, programmering og god marknadsføring. Samstundes er filmtilgangen uansett viktigast, og nokre år har fleire publikumsfilmar enn andre. Kinoåret 2013 såg lenge ut til å bli eit relativt dårleg år publikumsmessig, men «Jul i Flåklypa» gjorde at dei fleste kinoane ved årsslutt kunne seie seg nøgde med besøket. For Sjøborg kino sin del enda vi på om lag same nivå som 2012, som var det beste kinoåret sidan opninga i 2007. Dette er vi godt fornøgde med.

AKTIVITET 2013

673 forestillingar
28 986 besøkande
2 349 160 kr i omsetning


Gjennomsnittleg besøk er 43 pr. framsyning




RESULTATMÅL SJØBORG KINO

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
God marknadsføring/ godt omdøme	Filmomtale Vikebladet	1-2/md	0,5/md	0.5-1/md
	Oppdateringar Facebook	Min 1/v	1-3 /v	1-5/v
	Oppdatering heimesidene til Sjøborg	Min 1/v	1/v	1/v
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,3	-0,2
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Kvalitet	Nytt moderne lydanlegg (Dolby Atmos)	2014		
Kulturtilbod til alle	Tal på smalare (kvalitet) filmar	10-15 pr/år	10	6-7
	Tal på seniorfilm	6 pr år	2	2
	Skulekino - leggje til rette/gi tilbod	2-4 pr/år	3	4
	Samarbeid/møte med «filmgruppe»/lag/org	2 pr. år		-
Attraktivitet	Besøktal årleg	Min. 27.000	28 984	28 986
	Besøktal pr. framføring	Min. 35	45	43
	Framsyningar laurdagskveld	12 pr. år		15
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidar- undersøking (karakter 1-6, 6 best)	Avdelinga er for lita til eige resultat, sjå felles under oppvekst.			

TILSETTE OG ÅRSVERK



NETTO RESULTAT



Teknisk etat



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Etaten og tenestene

Teknisk etat har ansvar for vatn, avløp, veg, hamn og utbygging innanfor desse områda. Etaten står dessutan for byggesakshandsaming, kart- og oppmålingstenester og planlegging. Brann, feietenesta og generell kommunal

beredskap ligg også innanfor etaten sitt ansvarsområde. I tillegg kan nemnast sal av bustad- og industriotmer og forvaltning av Husbankens låne- og tilskotsordningar.

Etaten er organisert i tre avdelingar: plan- og bygningsavdeling, drifts- og anleggsavdeling og brann / feing.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Hovudmål til teknisk etat er å levere tenester av god kvalitet og gje god service til innbyggjarane, næringslivet, overordna mynde og andre kommunale einingar innanfor etaten sitt ansvarsområde. Inkludert i dette er å nytte digitale verkty optimalt
- ▶ Arbeide for auke i busetnad og næringsutvikling gjennom tilrettelegging av areal og utbygging av infrastruktur
- ▶ Ha god beredskap mot uønskte hendingar

Gjennom dagleg arbeid med tenesteproduksjon, prosjekt og forvaltningssoppgåver, har teneste og utviklingsmåla hatt stor fokus og i stor grad vorte oppnådde.

AKTIVITET 2013

Det har i 2013 vore svært stor aktivitet innafor alle fagområda som etaten dekker. Utbygging innanfor vassforsyning, avløp og veg / bustadfelt inkludert tilrettelegging for andre aktørar har knappast vore større nokon gong før.

Prosjekt som kan nemnast utanom VA er:

Ny veg i Holvekerdalen (trinn II), Bustadfeltet Vikemarka (trinn II), utbygging i Saunesmarka, fortau Osnes, Sjøgata (St. vegvesen) og Vikelva (NVE).


Byggesak og kart- og oppmåling har hatt rekordstor saksmengde og aktivitet. Innanfor arealplan har det vore moderat saksmengde. Søknader om startlån og bustadtilskot har auka med langt over 100 % i høve tala for 2012.

Når det gjeld generell kommunal beredskap kan følgjande nemnast:

- ▶ Tilsyn frå fylkesmannan, avdekte fem mindre avvik.
- ▶ Møte med eksterne aktørar (Sivilforsvaret, Sørøyane Røde Kors og HV)
- ▶ Øving i regi av fylkesmannan.

Det vart i 2013 innført elektronisk tingingssystem for «teknisk» informasjon – Infoland.

TILSETTE OG ÅRSVERK







RESULTATMÅL TEKNISK

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Nærings- og bustadareal	Byggeklare tomter i alle krinsar	7/7	7/7	ja
	Ledig areal i Saunesmarka industri- og næringsområde	Ja	Ja	ja
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	1,1	0,6
	Gjennomføring av planlagde tsprosjekt	100 %	75 %	80 %
	Utarbeide rutinar for gjennomføring av investeringsprosjekt	2014		nei
	Fokus på inntektssida	Budsjett		ja
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Byggesak:			
	- Svarprosent	100 %	27 %	-
	- Samla resultat av undersøkinga	5	4,6	-
	Vatn og Avløp:			
	- Svarprosent	100 %	31 %	-
	- Samla resultat av undersøkinga	5	4,7	-
God og profesjonell forvaltning	Score frå byggesak på fagleg kvalitet	5	4,5	-
	Klagesaker, omgjering frå Fylkesmannan (tilråding / vedtak)	0	1 av 8	0
Service	Sakshandsamingsmål:			
	Respektfull handsaming	5,3	5,1	-
Kommunal beredskap / brann	Avvik ved tilsyn	0	0 (br.)	6 (k)
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	72 %	
	Medarbeidartilfredsheit	4,8	4,5	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	3/18	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	4,8	
	Sjukefråvær	2,0 %	2,2 %	2,0 %

SJUKEFRÅVÆR




NETTO RESULTAT




Teknisk etat


DIVERSE GEBYRSATSAR, TEKNISKE TENESTER



NETTO DRIFTSUTGIFTER PR. KM KOMMUNAL VEG/GATE



KOMMUNALE ENERGIKOSTNADAR, PR. INNBYGGJAR





Brann og feiing



BRANNSJEF: ARNE RUNAR VIK

Eininga og tenestene

Brannvesenet omfattar brannberedskap / redning, brannførebygging, feiing og tilsyn i bustadane, sivilforsvar og vern mot akutt forureining. I beredskapen

inngår vaktstyrke med kontinuerleg dreiarande 4-delt vakt á 4 personar, og i tillegg befalsvakt / teknisk vakt, totalt 20 personar.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Beredskapen skal takle utfordringane utifrå dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak.
- ▶ Det førebyggjande arbeidet skal redusere brannrisiko og redusere konsekvensar av brann.
- ▶ Feie- og tilsynstenesta i bustadane skal utførast i tråd med framdriftsplan basert på lov, forskrifter og retningslinjer. Sal av tenester til Herøy skal vidareførast.

Beredskapen har både formelt og uformelt samarbeid med andre brannvesen i regionen, det vert halde relevante øvingar, eksternt opplæring og halde fokus på HMS. Førebyggjande avdeling har utført feiing, tilsyn i bustadane og tilsyn med særskilte brannobjekt.

Dessutan var det gjennomført følgjande tiltak i 2013 i samsvar med årsplanen:

- ▶ Innmelding av farlege stoff til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
- ▶ Fyrverkeri og salutt (sal og bruk)
- ▶ Søknadar om bålrensing og revidert forskrift om brenning
- ▶ Skuleprosjektet (brannvernopplæring for 6. klasser)
- ▶ Øvingar og foredrag eksternt

- ▶ Landsomfattande kampanjar (brannvernveka og aksjon bustadbrann)

Feiing i bustadane vart gjennomført som planlagt, frekvensen på tilsyn auka monaleg i høve 2012, men bør på sikt aukast noko meir for å halde kravet om eitt tilsyn for kvart fjerde år.


AKTIVITET 2013

Det førebyggjande arbeidet inkludert feiing og tilsyn har vorte utført nesten fullt ut i samsvar med årsplan.

Beredskapsavdelinga har hatt i alt 60 utrykkingar som er tilnærma identisk med dei to føregåande åra. Ein person omkom i bustadbrann i februar. Dette er første dødsfallet i bustadbrann i kommunen sidan tidleg på 1900-talet. Øvingane er gjennomført i samsvar med øvingsplanen. Pga. trong økonomisk ramme har det i storparten av året ikkje vore leigt inn vikar for vaktmannskap. Beredskapen har med det vore svekka i periodar.

Det vert elles vist til melding om brannvernet som er handsama i teknisk utval og lagt fram som referatsak til kommunestyret.

TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL BRANN

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Informasjon	Aksjon boligbrann	1/år		ja
	Brannvernveka	1/år		ja
	Skogmark/utmarksbrann	1/år		nei
	Informasjon om branntryggleik ved feiing/tilsyn	625 / år	335	546
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-0,1	-0,1
Auke i rammer	Nivå som sikrar drift av brannvernet innanfor gjeldande lov og forskrift			
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Samarbeid	Årleg samøving med industri	1/år	Ja	Ja
	Ny bistandsavtale med Ørsta og Volda	2014		Nei
	Samarbeidsmøter med kommunane på Søre Sunnmøre, bran- nførebygging	3/år	3	3
	Brannsjefsmøte med brannsjefane på Søre Sunnmøre (starta i 2013)	2/år	-	2
Beredskap	Tal på øvingar fastlagt i øvingsplan, jf. brannordninga	10	10/10	10
Førebygging	Tilsyn med særskilte brannobjekt, § 13-bygg	52	48/52	48/52
Feiing / tilsyn i busta- dane	Feiing i halvparten av objekta (totalt 2.800)	1250	1265	1250
	Tilsyn i 1/4 av objekta	700	335	546
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Medarbeidar- undersøking	Avdelinga er for lita til eige resultat, sjå felles under teknisk			
Opplæring	Gjennomføre forskriftsfastlagt opplæring av alt personell	2015 20/20	11/20	11/20
Utvikling	Tilpasse økonomiske rammer til nivå som sikrar drift i samsvar med lov, forskrifter og brannordning			

NETTO RESULTAT



Anlegg og drift



LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Eininga og tenestene

Under anlegg og drift ligg grøntanlegg og uteseksjonen. Grøntanlegg har ein gartner som tek seg av drift og ved-


likehald av kommunen sine plenar, bedd, parkanlegg, tre m.m. Personellet i uteseksjonen utfører tenester innanfor

vatn, avløp, veg, hamn, grøntanlegg, brannvern og utbyggingsprosjekt, og lønsmidlane vert henta frå desse områda.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Vedlikehalde og utvikle grøntområde i kommunen, særskilt nye anlegg / parkar i Ulsteinvik sentrum.
- ▶ Godt og moderne materiell og utstyr.
- ▶ Utvikle spesialkompetanse ytterlegare for å spisse hovudansvarsområde for medarbeidarar på uteseksjonen.

TILSETTE OG ÅRSVERK



I 2013 er det laga planar for drift av grøntanlegg og prioritet av utbygging-soppgåver innan dette fagområdet.

AKTIVITET 2013

Grunna stor byggeaktivitet i Ulsteinvik sentrum er drift og vedlikehald av grøntanelegg noko nedprioritert i 2013. (må opp att i full aktivitet i 2014/2015). Vi har som for tidlegare år gjort ein jobb for UEKF med vedlikehald av deira grøntanlegg, til avtalt pris. I og med at avdelinga no har underskot bør timepris for sal av tenester justerast opp.


Dei største prosjekta som dei tilsette har arbeidd med i 2013 er vedlikehald veg etter flaumskade (Fjelle), vedlikehald avløpsanlegg i sentrum og etablering av avløpsanlegg for bustadfelt på Dimnøya. I tillegg til dette kjem vanleg vedlikehald på veg, vatn- og avløpsanlegg.




RESULTATMÅL ANLEGG OG DRIFT - GRØNTANLEGG

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Presentere eit ryddig og pent sentrum ved stor folketilstrøyming	Tiltak knytt til store arrangement i Ulsteinvik sentrum	3 pr. år	2	2
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,4	-0,3
	Fokus på rett timar registrert på prosjekt gjennomgang på personalmøte	6/år	4/år	5/år
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Grøntanlegg	Fagansvarleg tilgjengeleg heile sesongen	5/12	-	5/12
	Kontinuitet ferievikarar frå år til år	50 %		50 %
	Behovsstyrt frekvens, plenslått	0,5 -1 pr veke		0,5
Satsingsområde	Satse på oppgradering i sentrum aust / Sjøgata / bussterminal	mai 2014		->
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Medarbeidarundersøking, svarprosent	100 %	67 %	
	Medarbeidartilfredsheit	4,6	4,2	
	Medarbeidarsamtalar gjennomført	100 %	1/8	
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	5	4,7	
	Sjukefråvær	2,0 %	4,2 %	2,6 %

SJUKEFRÅVÆR



NETTO RESULTAT



Plan- og bygningsavdelinga



LEIAR: ANITA SUNDNES

Eininga og tenestene

Avdelinga er ansvarleg for samordning og utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing innanfor lovverket som avdelinga forvaltar. Søknader om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen er løpande oppgåver.

Avdelinga har tilsyn med byggesaker og utfører eventuell juridisk oppfølging i medhald av plan- og bygningslova. Kart- og delingsforretningar, seksjoneringsaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigeomsdata er også eit betydeleg fagfelt. I tillegg

forvaltar avdelinga kommunale låne- og tilskotsordningar (Husbanken), samt sal og tilrettelegging av kommunale bustad- og næringsstomter. Avdelinga førebur saker for avgjerd i teknisk utval, formannskap og kommunestyre.


TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Utarbeide planstrategi og kommunale reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan, overordna styringssignal og politiske vedtak med sikte på god, langsiktig areal-forvaltning.
- ▶ Å oppfylle krava for oversikts- og detaljplanlegging og forvaltning som er nedfelte i plan- og bygningslova på ein god fagleg og ressurseffektiv måte.
- ▶ Å kunne rettleie, gi fagleg gode råd knytt til privat reguleringsarbeid og søknadsprosessar i bygge- og fradelingssaker samt oppmålingstenester. Brukarane skal oppfatte informasjon og sakshandsaming som forutsigbar, korrekt, objektiv og at avdelinga opptrer profesjonelt.

AKTIVITET 2013

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 15 dagar, som er godt innanfor lovpålagde fristar. For nokre få saker (9 %) har det vore problematisk å overhalde tidsfrist. Mesteparten av vegane i kommunen har fått tildelt vegnamn, og det vart tildelt 483 nye vegadresser. Det har vore mykje arbeid knytt til bustadfeltet Vikemarka og Holvekerdalen, både i samband med skjønn som har vore holdt og påfølgjande oppmålingsarbeid. Innanfor plan er det godkjend 9 mindre reguleringsendringar, 4 reguleringsplanar har vore utlagt til offentleg ettersyn, der ein av desse også vart slutthandsama. Det har vore handsama 7 oppstartsaker. Kommunal planstrategi vart lagt ut til offentleg ettersyn. Det er handsama 59 søknadar om startlån, der 43 vart innvilga, og 8 søknadar om bustadtilskot der vart 6 innvilga. Det har vore ein stor auke i høve 2012 (langt over 100%) i talet på søknader på lån/tilskot.

TILSETTE OG ÅRSVERK




Arbeidet med kommunal planstrategi er godt i gang og gjennom fokus på utarbeiding av rutiner og samhandling på avdelinga, har teneste og utviklingsmåla i stor grad vorte oppnådde. Det er lagt ned eit godt stykke arbeid på heimesidene for å lette tilgangen til relevant informasjon for innbyggjarane.



RESULTATMÅL PLAN- OG BYGGNINGSAVDELINGA

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Adressering	Dekning av vegadresser	100 % (2015)	69 %	80 %
Digitalt kartverk	Ajourhald gjennom flykartlegging	Følge geodata- taplan M&R	-	ja
	Ajourald innmåling av nye tiltak	Måle inn alle nye bustadhus	25 %	80 %
Marknadsføre startlånordninga	Avisannonse eller -artikkjel	1 gong pr. år	0	1
	Oppdatere Web-heimeside med artiklar, i tillegg til generell info	2/år	generell	
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,8 mill	0,1 mill
	Følge nøye med inntektsutviklinga gjennom året			
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Sakshandsaming byggesak	Sakshandsamingstid innanfor lovfastlagde fristar	100 %	300 / 347	434/482
Brukarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Informasjon	5	4,3	-
	Respektfull handsaming	5,2	5,1	-
	Snitt totalt i undersøkinga	4,8	4,6	-
Tilsyn byggesak	Nye bueiningar	100 %	95 %	96 %
	Oppfølging av innmelde ulovlege tiltak	Alle	6 / 6	5/5
	Mål i tilsynsstrategi eks. nye bueiningar og ulovlege tiltak	20	29	52
Oppmålingstenesta	Oppmålingsarbeid utført innanfor lovfastlagd frist	100 %	99 / 104	116/122
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøkinga	Resultat av medarbeidarundersøking ligg under teknisk overordna			
Fagleg utvikling	Leggje til rette for god fagleg utvikling blant medarbeidarane gjennom deltaking på lokale, regional og nasjonale seminar og fagsamlingar			
	Byggesaksforum, minimum 1 deltakar pr. samling	100 %	8 / 8	7 / 7
	Kartforum, minimum 1 deltakar pr. samling	100 %	5 / 5	5 / 5
	Planforum - samarbeidsforum søre Sunnmøre, minimum 1 deltakar pr. samling	100 %	4 / 4	4 / 5
	Planforum i regi av M&R fylkeskommune minimum 1 deltakar pr. samling	100 %	2 / 2	1 / 1

NETTO RESULTAT



Vatn og avløp



LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Eininga og tenestene

Vatn og avløp er kommunale basistjenester. Kommunen har 4 vassbehandlingsanlegg, 14 pumpestasjonar for avløp og eit silanlegg for avløp. Kommunen har 2 651 abonnentar på vassforsyning

Kommunen har 2 409 abonnentar tilknytt kommunale avløpsanlegg

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ God, trygg og tilstrekkeleg vassforsyning til alle abonnentane (heile kommunen). Forvalte inntektene på ein optimal måte for abonnentane
- ▶ Utbyggingar i samsvar med hovudplanar for vassforsyning og for avløp.
- ▶ Avløpsanlegg som er utbygde, skal ha god nok kapasitet, fungerer og vert drifta i samsvar med alle relevante krav i forhold til hovudplan, standard og miljø

Målet om nok og godt vatn er nådd. Det er ikkje noko avvik på reinsa vatn. Vi har eit avvik på Dimnøya med omsyn til periodevis dårleg kapasitet. Vi ser alle fram til å lukke dette i 2014. Det vert lagt ned ein stor innsats frå driftsoperatørar i drift og vedlikehald av vassbehandlingsanlegg, avløpsanlegg og leidningsnett. På avløp er det ikkje noko alvorleg avvik. Målet om sikkert avløp for alle som er tilkopla offentleg avløp er nådd.

AKTIVITET 2013


Utbygging vassforsyning

- ▶ Reinsanlegget på Garsholhau- gen (Garnesvatn) gjort ferdig.
- ▶ Det same vart ny leidning til Garnesvatn og sjøledning til Haddal, over Garneset.
- ▶ Det vart lagt ny sjøledning mellom Ulsteinvik og Dimnøya. Denne skal setjast i drift i 2014.
- ▶ I reinsanlegget på Flø er det sett inn nye membranar
- ▶ Vassleidningar i Øvrevegen – Vikemarka 1 og 2 gjort ferdig
- ▶ Stor del av hovudplan vassforsyning er gjort ferdig.

Utbygging avløp

- ▶ Pumpestasjon Eiksund ferdigstilt.
- ▶ Pumpestasjon Sjøgata sett ned (ikkje kopla enda)
- ▶ Sanering Hølsekerdalen i samband med veganlegg.
- ▶ Mindre nyanlegg/sanering i sentrum og på Saunes.

TILSETTE OG ÅRSVERK






RESULTATMÅL VATN OG AVLØP

ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	0,2 mill	0,1
	Sjølfinansierende tenester, økonomisk behov må difor avstemmast med gebyrnivået			
	Moderat gebyrending over tid	+ - 10 %	12/30 %	3/5 %
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøking (karakter 1-6, 6 best)	Resultat for brukaren generelt	5,5	5,1	-
	Tillit, respekt, service	5	4,5	-
	Informasjon	5	4,1	-
Kvalitet	Sikkert vassforsyning / minimale driftsavbrot	0	6	6
	Driftsavbrot pumpestasjonar, dvs. at pumpene står og avløp går i overløp	0	0	2
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøkinga	Resultat av medarbeidarundersøking ligg delvis under teknisk overordna og uteavdelinga			

NETTO RESULTAT



Veg og hamn



LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Eininga og tenestene

Eininga har ansvar for drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet som består av 90 km køyreveg og 12 km gang-/sykkelveg / fortau. I tillegg kjem kommunale parkeringsareal og plassar.

Eininga har også ansvar for kommunal kai og gjestebrygge i Ulsteinvik, og kommunale kaier / bryggjer på Hatløya, Borgarøya og i Eiksund.

TENESTE OG UTVIKLINGSMÅL

- ▶ Drifte vegar, kaier og hamner på ein trygg og tilfredstillande måte. Vegar skal vere opne for allmenn ferdsel heile året. Vegstandard skal vere av ein slik kvalitet et det sikrar trafik-ktryggleiken for alle trafikantar.
- ▶ Bygge ut gang- og sykkelvegar i samsvar med trafikktrygging-splan og kommunedelpplan for veg. Ruste opp kommunekaia i sentrum – større investering
- ▶ Gjere punktutbetringar av veg-nettet med fokus på trafikktrygging, jf. trafikktryggingssplanen.


Målet om tilfredsstillande og open veg heile året er i hovudsak nådd. Med den store aktiviteten er det vanskeleg å planlegge eit systematisk vedlikehald. Vi har allereie eit etterslep på utbetring av fast dekke, og vil dei komande åra måtte prioritere strengt etter behov. Hovudplan for veg bør prioriterast, og det må nok til ei større investering på fast dekke. Dette vil ein få klarlagt i Hovudplan veg.

AKTIVITET 2013

I 2013 opna den nye vegen Halsek-erdalen byggetrinn 2. Denne vegen er mellombels skilta som tilkomstveg for Ulsteinvik medan Saunesvegen er omkøyringsveg som følge av utbygginga av Sjøgata. Det har i løpet av året vore store utfordringar med stenging og omkøyringar i sentrumsområdet. Alt dette skuldast stor byggeaktivitet, og har ikkje noko med vegnettet å gjere. Det er stor anleggtrafikk i kommunen, og belastninga på vegnettet er svært stor, noko som igjen fordrar meir vedlikehald på sikt.

Budsjett og rekneskapstala viser større løyvingar / forbruk enn tidlegare år. M.a. vart det tilført 800.000 kroner frå andre område for å å dekke inn meirforbruk pga. flaumskadar på vegen over Fjelle våren 2013. Pga. minimale brøyte-kostnader på førjulsvinteren gjekk ein likevel i pluss i høve regulert budsjett.

TILSETTE OG ÅRSVERK





RESULTATMÅL VEG OG HAMN

SAMFUNN	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Innbyggjardialog	Digital melding-/tipsteneste gjennom ny web-side	2014	- >	->
Standard	Ha opne kommunale vegar av god standard, med færrest muleg vegstengingar	0	3	7
Kommunal kai	Ivareta kommunekaia i sentrum – midlar til forprosjekt for opprusting må løyvast		-	-
ØKONOMI	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Økonomisk resultat	Avvik mot budsjett	0	-0,8	0,7
Økonomiske rammer	Optimalisere drifta økonomisk, prosjekt overvatn veg, dvs. oppruste / etablere nye stikkrenner	Min. 5 punkt/år	3	8
TENESTE	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Brukarundersøking	Etter gjennomføring, nytte resultat aktivt mtp. forbedringspotensiale, generelt resultat	4,5		-
Frekvens/standard	Ferdig brøytt vegar	kl. 07 på kvardagar		Ja
	Brøytinga skal starte innan	10 cm tørr snø		Ja
Informasjon	God og forståeleg informasjonsservice, oppdatering på heimesidene/avis før vintersesong	1/år	1/år	1/år
	Innlegg på heimesidene til kommunen	1/mnd		2/mnd
ORGANISASJON	INDIKATOR	MÅL	2012	2013
Resultat frå medarbeidarundersøking	Resultat av medarbeidarundersøking ligg under teknisk overordna			
Kompetanse	Halde ajour/auke kompetansen mellom dei tilsette (sertifisering)	100 %	40 %	100 %
Delegering	Leggje dagleg ansvar nærare utøvande tenesteproduksjon	Dagleg		Ja

NETTO RESULTAT






Foto: Per Eide



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik, Norway

Tel.: +47 70 01 75 00

Fax.: +47 70 01 75 11

www.ulstein.kommune.no